

Etnonasjonalisme i forholdet Iran–Aserbajdsjan

Daniel Heradstveit



NUPI-rapport

Utgiver: NUPI
Copyright: © Norsk Utenrikspolitisk Institutt [desember 2007]
ISSN: 82-7002-174-1
ISBN: 978-82-7002-174-1

Alle synspunkter står for forfatternes regning. De må ikke tolkes som uttrykk for oppfatninger som kan tillegges Norsk Utenrikspolitisk Institutt. Artiklene kan ikke reproduseres – helt eller delvis – ved trykking, fotokopiering eller på annen måte uten tillatelse fra forfatterne.

Any views expressed in this publication are those of the author. They should not be interpreted as reflecting the views of the Norwegian Institute of International Affairs. The text may not be printed in part or in full without the permission of the author.

Besøksadresse: C.J. Hambros plass 2d
Adresse: Postboks 8159 Dep.
0033 Oslo
Internett: www.nupi.no
E-post: pub@nupi.no
Fax: [+ 47] 22 36 21 82
Tel: [+ 47] 22 99 40 00

Etnonasjonalisme i forholdet Iran–Aserbajdsjan

Daniel Heradstveit

Forskningsprosjektet har mottatt støtte av Forsvarsdepartementet
og Utanriksdepartementet

Innhald

Kapittel I

Aserbajdsjanarane i eitt rike: Stor-Aserbajdsjan 5

Dei fleste aserbajdsjanarar lever i Iran 5

Sovjetunionens fall katalysator for etnonasjonalismen 7

Titulærbefolkninga dominerer aserbajdsjansk nasjonsbygging 8

Raske endringar kan skje 9

Språket bind dei to gruppene på begge sider av grensa saman 11

Kan vi tale om ein kollektiv identitet på tvers av landegrenser? 12

Iran ottast tyrkisk nasjonalisme 13

Republikken Aserbajdsjan – eit fyrtårn for aserbajdsjansk identitet 13

Historiske bakgrunnstrekk 13

Islamiststyret betre enn sjahens styre? 14

Frykten for det tyrkiske blir tydeleggjort i Irans støtte til det kristne Armenia i konflikten

Nagorno-Karabakh 17

Det spegelvendte fiendebildet 19

Kapittel II

Teorigrunnlaget for studien 22

Etnonasjonalisme som politisk fenomen 22

Om begrepa aserbajdsjanar, azeri, tyrkar og aserbajdsjansk tyrkar 23

Problemstilling 25

Teoriar om etnisitet 26

Grunngjeving av problemstilling 30

Kapittel III

Datagrunnlaget for studien 40

Utvål av intervjuobjekt 41

Intervjumetode 42

Intervjuobjektets anonymitet 44

Kapittel IV

Aserbajdsjanske fiendebilde av Iran 47

Bilde av Irans hensikter 47

Det sekulære Aserbajdsjan og det teokratiske Iran 47

Interessekonfliktar 48

Irans kjernefysiske program som utløysande faktor for ein ny etnonasjonalisme 48

Intervjuspørsmål og svar 49

Stor otte for Iran 53

Bilde av USA 55

Bilde av Iran 55

Eit nyfødt fiendebilde 57

Kapittel V

Undertrykking av aserbajdsjanarane i Iran 61

Intervjuspørsmål og svar 61

Eit nyansert bilde av aserbajdsjanarane i Iran 64

Aserbajdsjanarane er integrerte i den iranske staten 65

Det aserbajdsjanske språket er undertrykt 65

Iran ottast styrken av tyrkiske folkeslag i Sentral-Asia og Kaukasia 65

Ulike oppfatningar om aserbajdsjanarane i Iran 66

Otte for at etniske opprør i Iran kan spreie seg til Aserbajdsjan 67

Kapittel VI

Slekt og vennskapsband på tvers av grensa mellom Aserbajdsjan og Iran 68

Intervjuspørsmål og svar 68

Ei uoverstigeleg kulturkløft mellom aserbajdsjanarane i Aserbajdsjan og aserbajdsjanarane i Iran 72

Banda mellom aserbajdsjanarane i begge land blir stadig styrka 72

Aserbajdsjans offisielle politikk er tufta på ”realpolitikk” 73

Kapittel VII

Militæraksjon mot Iran som utløysande faktor for aktivisering av etnonasjonalistiske verdiar både i Aserbajdsjan og Iran 74

Når utopi kan bli til realpolitikk 74

Intervjuspørsmål og svar	75
Analyse	79
Konsekvensane av eit amerikansk (vestleg) militært åtak på Iran	79
<i>Geopolitiske implikasjonar for Kaukasusområdet</i>	79
<i>Implikasjonar for Aserbajdsjan</i>	79
<i>Scenario 1</i>	81
<i>Scenario 2</i>	82
<i>Scenario 3</i>	82
Vedlegg I Respondentar	84
Litteratur	87

Kapittel I

Aserbajdsjanarane i eitt rike: Stor-Aserbajdsjan

Dei fleste aserbajdsjanarar lever i Iran

Kunnskap om etniske forhold er viktig når det oppstår krisar og konfliktar i multietniske statar som Aserbajdsjan og Iran. I Iran reknar ein med at om lag halve befolkninga hører til etniske minoritetar. I rapporten fokuserer vi på aserbajdsjanarne i Iran og korleis denne etniske minoritetsgruppa påverkar tilhøvet mellom Iran og Aserbajdsjan.

Aserbajdsjanarane i Iran, som vanlegvis blir sett til å vere ein firedel av befolkninga, utgjør den største minoritetsgruppa i landet¹, men anslag varierer frå ein tredel til ein femdel av befolkninga². Det er òg andre minoritetsgrupper i Iran som det er verd å merke seg, dei viktigaste er kurdarane, arabarane og balucharane³.

Primærdata for denne analysen bygger i hovudsak på feltarbeid vi sjølv har utført i området. Vi gjennomførte feltarbeid i Iran i 2000 og 2002, og i Aserbajdsjan i 1999 og 2006. Det bildet som dei aserbajdsjanske respondentane våre teiknar av situasjonen til sine aserbajdsjanske brør i Iran i 2006, vil heilt ut bli presentert i denne rapporten da desse data ikkje tidlegare har vore publisert, dei representerer dessutan ein nyttig innfallsinkel for å

¹ Asia Times Online June 8, 2006

Sjá også: Bradley, John R.: Iran's Ethnic Tinderbox i The Washington Quarterly pp. 181–190 Winter 2006–07

² Tidsskrift: Riaux, Gilles: "La Radicalisation Des Nationalistes Azeris en Iran" i CEMOTI no 37, janvier-juin 2004 p.204

³ Etniske minoritetsgrupper i Iran:

Kurdarar. Religion: I hovudsak sunni-islam. Utgjør ca. 7 % av befolkninga, dvs. ca. 4 millionar. Dei fleste busette i iranske Kurdistan nord-vest i Iran.

Arabarar. Religion: I hovudsak sjia-islam. Den arabiske befolkninga utgjør ca. 3 millionar. Busette langs den iransk-irakske grensa i sør-vest Iran.

Balucharar. Religion: I hovudsak sunni-islam. Balucharane (eit iransk folkeslag) utgjør ca. 2 % av befolkninga, dvs. ca. 1.4 millionar. Busette i Baluchistan sør-aust i Iran.

Både kurdarane og arabarane i Iran ønskjer sjølvstende. Det har komme til væpna konfrontasjonar mellom iranske tryggingsstyrkar og minoritetsgrupper som klagar over at dei ikkje får bruke morsmålet. Vidare er arbeidsløysa stor, eigedom blir konfiskert, og det blir brukta vold og vilkårleg fengsling.

Kjelde: Beehner, Lionel; Iran's Ethnic Groups, Nov 29, 2006, Council of Foreign Relations USA

forstå situasjonen til aserbadsjanarane i Iran. Når det gjeld sekundær litteraturen på feltet, har vi hatt særleg glede av arbeida til Brenda Shaffer ved Harvard University som har intervjuat etniske aserbajdsjanarar frå Iran i diaspora. Våre data som i stor grad stadfestar funna til Brenda Shaffer, utvidar perspektivet på problemet ved å vere av nyare dato og med ein endra politisk situasjon som bakgrunn.

Det er vanskeleg å danne seg eit klart bilde av styrken på den tyrkiske (aserbajdsjanske) identiteten i Iran i dag. Ein hovudgrunn til dette er at diktaturet hindrar ein i å drive felterbeid i dei nordlege provinsane på ein måte som gjør at intervjuobjekta kan snakke fritt. Ein kan ikkje stole på regimet, dei styrande ønskjer å snakke det heile bort og gi inntrykk av at det er eit ikkje-eksisterande problem. Når verda utanfor Iran har godtatt påstanden om at tylkarane er vel integrerte i det iranske samfunnet, heng det saman med at tyrkiske identitetsrørsler i Iran stort sett er av ikkje-voldeleg karakter og derfor lite synlege for utanverda, regimet kan dermed lett hevde at utlendingar misforstår situasjonen. Men så enkelt er det ikkje.

På det tidspunktet – våren 2006 – vi dreiv felterbeid i Aserbajdsjan var eit amerikansk åtak på Iran ei aktuell problemstilling. Blant innbyggjarane i Aserbajdsjan oppstod det dermed ei fornya interesse for pan-aserbajdsjanske idear frå tidlegare tider der kongstanken var å samle alle aserbajdsjanarar i eitt rike. Med tanke på å samle aserbajdsjanarane på begge sider av grensa mellom Iran og Aserbajdsjan, var tidspunktet det rette med omsyn til å kartlegge ideologisk innhald, persepsjonar og holdningar blant innbyggjarane. Oppfatninga var at eit militært åtak på Iran kunne destabilisere landet i den grad at det ville gi undertrykte minoritetar høve til å søke nye alliansar med omkringliggende statar og etniske grupper. Sovjetunionens fall og krigen i Irak er illustrerande døme på den etniske tenkingas ibuande kraft i ei tid der nasjonar går gjennom krisar der vegmerka for nasjonens vidare ferd blir meir uklare.

Utgangspunktet vårt er at den destabiliseringa av Iran som eventuelt vil komme i kjølvatnet av eit vestleg militært åtak på landet, vil kunne bety ein ny sjanse til etnisk sjølvheving ved at sentralmakta i Teheran da vil kunne miste grep i provinsane og dermed òg den kontrollen som i dag blir utøvd mot etniske minoritetar i Iran. La oss likevel presisere at det stikk motsette òg kan skje, krigen vil kunne drive regimet i totalitær retning der kontrollen med etniske minoritetar blir styrka. Men vår utgangshypotese er likevel at militære åtak vil kunne føre til at det sentralistiske iranske styret vil miste kontroll i provinsane og at undertrykte etniske minoritetar gjør opprør og dermed destabiliserer Iran som nasjon.



- | | | |
|--|--|---|
| █ Balucharar | █ Kurdarar | █ Aserbajdsjanarar |
| █ Persarar | █ Arabrar | █ Andre |
| □ Tynt befolka | | |

Sovjetunionens fall katalysator for etnonasjonalismen

Etter Sovjetunionens fall, og med ein gryande etnonasjonalisme, blei det i Aserbajdsjan tatt til orde for å samle alle aserbajdsjanarar i eitt rike. Å føre aserbajdsjanarane i Aserbajdsjan og Iran saman stod sentralt, og skulle denne tanken bli gjennomført, ville det i praksis seie at Aserbajdsjan gjekk frå å vere ein sårbar småstat til å bli ein mellomstor stat i internasjonal samanheng. Småstaden Aserbajdsjan har inga supermakt å støtte seg til når det gjeld presset frå omkringliggende statar. Med ein viss rett kan vi seie at USA i dag speler den rolla, men da berre til ein viss grad fordi USA er vikla inn i konflikten om enklaven Nagorno-Karabakh i Aserbajdsjan. Amerikansk innanrikspolitikk er prega av ein effektiv armensk lobby som engasjerer seg sterkt i stridsspørsmåla om dette området. Faktisk er det slik at sjølv om Armenia i dag blir sett på som okkupant i denne samanhengen, støttar USA det kristne Armenia i konflikten om Nagorno-Karabakh, noe det muslimske Aserbajdsjan opplever som djupt urettferdig. Slik sett kan Nagorno–Karabakh-konflikten bli oppfatta som ein variant av Palestinakonflikten der USA – gjerne mot sin vilje – blir sett på som partisk i konflikten. Nettopp fordi Aserbajdsjan ikkje har den støtta frå Vesten som dei kunne ønske, er dei redde for åtak og innetrenging frå dei omkringliggende statane som til dømes Armenia og Russland som tidvis tar seg til rette i landet. Vidare kjenner Aserbajdsjan uro for at Iran ein dag kan komme til å overta landet. Einaste solide støttespelaren i området er Tyrkia, men i det geopolitiske maktspelen i dette oljerike området, gir ikkje Tyrkia Aserbajdsjan tilstrekkeleg tryggleik. Vi står derfor overfor ein stat som søker meir støtte i Vesten, og som samstundes er på leiting etter andre alternativ enn Vesten som kompensasjon for eigen manglende styrke. Éin veg går via etnonasjonalismen. Det som kan verke som utopi i dag, håper noen kan bli politisk realitet i morgen.

Med optimismen som rådde etter frigjøringa frå Sovjetunionen kom tankane om å samle alle aserbajdsjanarar i eitt rike, ein visjonen som seinare blei parkert på sidelinja som ein unrealistisk draum. Likevel ser vi at ved tilløp til destabilisering av dei geopolitiske forholda i området, blir denne utopien igjen vekt til live. Det er interessant å legge merke til at det er Aserbajdsjan som tydelegast har gitt uttrykk for denne etnonasjonalistiske politikken, landets første president, Abulfaz Elchibey, gjekk ope inn for samanslåing av aserbajdsjanarane i Aserbajdsjan og aserbajdsjanarane i Iran. Ein slik politikk ville føre til at ca. 1/4 av Irans befolkning da ville slutte seg til Aserbajdsjan, noe som ville bety oppløysing av den iranske staten i si nåverande form. Men konsekvensane ville truleg bli langt større ved at òg andre minoritetsgrupper i Iran som kjenner seg undertrykte av den persiske

sentralmakta, da ville nytte høvet til å frigjøre seg frå den iranske staten. Minoritetsgrupper innan Iran utgjør ca. 50 % av den totale befolkninga, dette i kontrast til situasjonen i Aserbajdsjan der titulærbefolkninga dominerer. Slik sett er Aserbajdsjan som nasjon mindre sårbar enn Iran der minoritetsgruppene står i eit motsetningsfylt forhold til persarane og ofte framstår som indre fiendar av staten.

Titulærbefolkninga dominerer aserbajdsjansk nasjonsbygging

Som nemnt over er den aserbajdsjanske nasjonsbygginga prega av at det er ein aserbajdsjansk stat, men fordi Iran i motsetning til Aserbajdsjan er ein mektig regional aktør, er Aserbajdsjan forsiktig med å bere bensin til bålet når det gjeld dei etniske motsetningane som Iran strevar med. Når Aserbajdsjan – som nøye følgjer med den aserbajdsjanske befolkninga i Iran – ikkje grip inn i konfliktar Iran har med den aserbajdsjanske befolkninga i landet, tyder det på ein lite aktivistisk politikk utanom det reint verbale. Noen av dei intervjua seier rett ut at ein ikkje må legge seg opp i problema Iran har med kulturell sjølvheving, landet må sjølv løyse problema. Det blir vist til at det ville bli tatt ille opp i Aserbajdsjan dersom Iran skulle involvere seg i og puste liv i eventuelle problem Aserbajdsjan måtte ha med etniske minoritetsgrupper slik Iran tidlegare gjorde når det gjaldt talysjane i Aserbajdsjan, ei minoritetsgruppe som snakkar ein persisk dialekt og derfor er særleg sårbar for iransk innverknad.

Vestens frykt for at Iran vil skaffe seg kjernevåpen er stor, og Iran ottast av den grunn åtak frå USA, noe vi fekk stadfest gjennom feltarbeidet vårt på Iran i 2002⁴. Aserbajdsjanarar i Iran såg seg om etter fluktvegar, og kva var da meir naturleg enn å søke til sine etniske brør i Aserbajdsjan? Det er krig i to av Irans nabostatar – Irak og Afghanistan – og Pakistan er òg problematisk. For ein flyktning med tyrkisk bakgrunn og som dessutan snakkar azeri, vil Aserbajdsjan peike seg ut som frihamn. Ein søker til dei ein kjenner seg mest på linje med, gjerne der det er etniske relasjonar. I tider med krig og krisar blir denne tendensen forsterka. Under feltarbeidet vårt i Baku i 2006 registrerte vi at aserbajdsjanarar i Iran var i ferd med å kjøpe leilegheiter i byen. Det blei sagt at om lag 10 prosent av alle leilegheitene i Baku nå gjekk til aserbajdsjanarar i Iran som ved auka frykt for krig med USA, truleg ville sikre seg fluktmuligheter. Det var ei vanleg oppfatning at talet på aserbajdsjanske flyktningar frå Iran til Aserbajdsjan kunne komme til å bli høgt.

⁴ Nupi-rapport nr. 277 2003

Raske endringar kan skje

At den aserbajdjanske befolkninga i Iran og Aserbajdsjan som ser etnonasjonalistiske tankar som urealistiske har parkert dei på sidelinja, stemmer ikkje heilt. Det er ingen tvil om at aserbajdsjanarane i Iran ikkje alltid har vore likestilte, og det er særleg kulturelle uttrykk knytt til denne gruppa iranske styresmakter ser på med skepsis. Når så Aserbajdsjan – som i si nasjonsbygging så og seie utelukkande bygde staten på azerisk språk og kultur – var ein realitet, fatta aserbajdsjanarane i Iran som ikkje fullt ut fann seg til rette i Iran, håp om ein allianse med den nye staten i Kaukasia. Aserbajdsjan på si side såg ein allianse eller ei eventuell gjenforening med sine etniske brør i Iran som ein veg ut av si relativt svake stilling som gjenfødt stat i Kaukasia. Men etter at grupper frå Iran vitja Aserbajdsjan og omvendt, vakna talsmenn for etnonasjonalismen opp til ein realitet heilt annleis enn slik den fortona seg på tankestadiet. I direkte møte med aserbajdsjanarar i Iran meinte aserbajdsjanarane i republikken Aserbajdsjan å finne store skilnader mellom iranske aserbajdsjanarar og dei sjølve. Av intervjua våre går det fram at oppfatninga er at ein her står overfor ein heilt annan kultur, og jamvel verre: det er ikkje alle kulturelle trekk ved aserbajdsjanarane i Iran som fell i smak. Konklusjonen var derfor at ”vi er svært ulike, det er ikkje sikkert vi passar saman – i alle høve ikkje i same stat”⁵. Den ideologiske tenkinga fekk eit alvorleg skott for baugen. I ettertid kom ein til at denne ulikskapen eksisterte alt på sjahens tid. Det dei fleste festar seg ved, er holdninga til religionen. Iran er eit djupt religiøst land, sjahens påtvinga sekularisering kom derfor til å bli hans bane. I Aserbajdsjan er situasjonen ein annan, her knyter ein band tilbake til Resulzade som vi kan seie er den aserbajdsjanske Atatürk. Da Sovjetunionen overtok landet, blei religionen forboden, og landet gjekk enda lenger i sekulær retning. Men som feltarbeidet vårt viser, er det nå ein motreaksjon mot denne utviklinga. Eit typisk trekk ved den aserbajdsjanske demokratiske opposisjonen er likevel oppfatninga av det iranske teokratiet som ein styggedom, som noe primitivt som tilhører middelalderen. Vårt inntrykk er at dei går lenger i si fordømming av teokratiet enn kva tilfellet er i vestlege land, medan vestlege land legg vekt på brot på menneskerettar og manglande demokrati, vektlegg aserbajdsjanarane si oppfatning av islamismen som ein primitiv og enkel politisk filosofi. Religionen blir slik sett eit hovudproblem for ideen om ein aserbajdsjansk stat. Den

⁵ Funna våre på dette punkt blir bekrefta av Brenda Shaffer: Shaffer, Brenda: ”The formation of Azerbaijani Collective Identity in Iran” in *Nationalities Papers*, Vol. 28, No. 3, 2000 p 469

demokratiske opposisjonen som sterkest har ivra for ein slik stat, ser kløfta mellom dei to landa i religiøse som bortimot uoverstigeleg. Det er her viktig å legge til at historisk sett har sekulær tenking påverka aserbajdsjanarane i Iran i langt sterkare grad enn kva tilfellet er med persarane i landet.

Frykten for at Iran kan komme til å skaffe Aserbajdsjan alvorlege problem, overskygger nå tanken om nære relasjonar til landet. Det er ikkje ei uvanleg oppfatning i intervjuet våre at Iran, som er omgitt av arabiske sunni-muslimske land, kjänner seg isolert og av den grunn har interesse av å infiltrere Aserbajdsjan og inkorporere landet i sin innflytelsessfære. Denne forståinga av situasjonen i Iran bygger på at Aserbajdsjan på same måte som Iran, er ein sjia-stat slik at grunnlaget for samforståing burde vere det aller beste. I Iran legg ein vekt på det ein trur er felles religiøse band medan ein i Aserbajdsjan legg vekt på etniske band, noe Iran ser som eit direkte trugsmål mot Iran i si nåverande form. Men intervjuobjekta våre uttrykker at skilnaden i kultur er så stor at å slå dei to gruppene saman i ein stat, ville vere ein tragedie. Begge grupper er sjia-muslimar, men har lita religiøs samforståing. Dei seier vidare at Iran for å skaffe seg makt, har bygd fleire tusen moskear i Aserbajdsjan, men at dei i håpet om religiøs samforståing, er blitt djupt skuffa. Iranske misjonærar har blitt møtt med skepsis og mistru og misjonsgjerninga er dempa ned. Vi blir fortalt at iransk misjonsverksemeld er dødfødt medan misjonærar frå Saudi-Arabia blir vel mottatt. Av det vi er inne på over, går det fram at både Aserbajdsjan og Iran i dei første åra etter Sovjetunionens fall da det skjedde ei stokking av korta som gav aktørane i området nye muligheter, delvis har bygd sin politikk på luftslott – i Aserbajdsjan eit etnonasjonalistisk luftslott, i Iran eit islamsk luftslott. I denne samanhengen må vi ikkje glømme at fordi grensa mellom Iran og Aserbajdsjan i Sovjetunionens dagar var hermetisk lukka, var kunnskapen om den andre staten minimal. Med Sovjetunionens fall blei grensa gjenopna, og på mange måtar førte dette til eit kultursjokk som knuste ideologiske utopiar om samarbeid og samforståing.

I Aserbajdsjan rådde illusjonen om at aserbajdsjanarane i Iran levde under eit tyngande åk. Opprettinga av staten Aserbajdsjan ville gi dei håp om å frigjøre seg frå den iranske undertrykkande staten, aserbajdsjanarane i Iran ville derfor ønske å slå seg saman med Aserbajdsjan og danne eit Stor-Aserbajdsjan. I Iran bygde illusjonen på at aserbajdsjanarane etter sovjetisk undertrykking og terror ville vende tilbake til sjia-islam og gjennom religionen komme til å kjenne fellesskap med sjia-befolkninga på den andre sida av grensa. I dag er det vel rett å seie at det på begge sider av grensa rår meir mistru enn kjensle av fellesskap. Dei ideologiske leiarane i begge statane undervurderte den kulturelle kløfta som heilt ulike historiske røynsler skaper, og ikkje minst undervurderte dei kulturens rolle. Faktum er at dei

kulturelle banda mellom russarar og aserbajdsjanarar i republikken Aserbajdsjan i dag generelt sett er langt sterkare enn banda mellom aserbajdsjanske og iranske aserbajdsjanarar. Ei forklaring på dette er at aserbajdsjanarar i Aserbajdsjan snakkar russisk og drar til Russland for å få arbeid, farsi derimot er det få som kan. Den russiske koloniseringa av landet har sett sine djupe spor både kulturelt og politisk. Politiske slagord gir eit misvisande bilde av språksituasjonen i Aserbajdsjan. I avisene er overskriftene gjerne skrivne på tyrkisk med det latinske alfabetet medan resten av teksten er på russisk med det kyrilliske alfabetet. Dette heng saman med at kulturell endring er krevjande, tilvenninga frå kyrillisk til latinsk alfabet skjer ikkje over natta, det vil ta tid. Og etter ei tid med russisk skriftspråk vil det naturleg vere tungt å uttrykke seg skriftleg på tyrkisk jamvel om ein snakkar dette språket til dagleg.

Språket bind dei to gruppene på begge sider av grensa saman

Likevel er det språket som først og fremst bind aserbajdsjanarane i Iran og Aserbajdsjan saman, begge grupper snakkar variantar av tyrkisk. Kopla saman med at det tyrkiske språket i Iran er lite populært og til dels undertrykt, gir forståing for at kulturbewisste aserbajdsjanarar i Iran ser Aserbajdsjan som leiestjerne i den kulturelle utviklinga. Det sprengstoff som ligg i språket, forklarer Irans angstfylte holdning. I vidare forstand signaliserer bruken av språket kva sivilisasjon ein kjem frå – den ottomanske eller den persiske – rivaliseringa mellom Iran og Tyrkia i Kaukasus er bunde tett opp til den historiske rivaliseringa mellom desse to imperia. Medan symbola for Aserbajdsjans nasjonsbygging primært kviler på det tyrkiske, er symbola for Irans nasjonsbygging knytt til det persiske, derfor vil det å flagge ein variant av det tyrkiske språket i Iran, straks vekke mistanke om eller redsel for at lojaliteten ikkje i første rekke er knytt til Iran, men tvert om kan vere knytt til Aserbajdsjan og andre statar i området.

Det aserbajdsjanske samfunnet har endra seg dramatisk etter frigjøringa i 1991. Men sjølv om landet med aserbajdsjanarane i førarsetet etter frigjøringa frå Sovjetunionen har bygd på ein etnonasjonalistisk ideologi, bortforklarer ikkje det at den lange perioden med sovjetisk styre har sett sine spor i tenkemåte og kultur, ikkje minst gjeld dette eliten som i store delar av perioden etter frigjøringa har hatt makta. Geidar Alijev, den andre presidenten i landet som i si tid var medlem av politbyrået i Moskva, var i måten å tenke på tydeleg prega av russisk innverknad. Ikkje minst når det gjeld religion har kommunismens ateisme sett sine spor, til dømes er det kontroversielt å bruke hijab. Men vi registrerer at i dei sju åra sidan vårt førre feltarbeid i landet (1999), har holdninga til forkynning – særleg islamsk forkynning – endra seg dramatisk. Dette heng nok saman med at den aserbajdsjanske eliten i mellomtida er blitt

påverka av vestleg demokratisk tenkemåte der religionsfridom er ein av bærebjelkane. Og vidare har opne grenser mot det islamske Midtausten øvd påverknad. Den demokratiske opposisjonen kjem i ein underleg posisjon når den på den eine sida kritiserer maktapparatet for manglande ytringsfridom, samstundes som den på den andre sida ønskjer å forby religiøs forkynning. Kanskje er det rett å seie at ytringsfridommen er i ferd med å sigre over – ikkje berre overlevert autoritært tankegods frå sovjettida – men òg over autoritært tankegods frå Atatürk og Resulzade. Dei stod begge for det vi i vår moderne tid vil kalle for den ”autoritære sekularismen”. Atatürks sekulære stat var resultatet av ein eliterevolusjon der sekularismen blei påvinga eit religiøst tyrkisk folk. Atatürk henta i første rekke inspirasjon frå Frankrike. I vår tid blir begrepet sekularisme vanlegvis definert utifrå – og dermed inkorporerer det – alle dei rettar vi har i godt fungerande vestlege demokrati.

Det var interessant at fleire intervjuobjekt trekte fram det sivile samfunn som eksempel på at det ville bli vanskeleg å slå seg saman med aserbajdsjanarane i Iran. Det sivile samfunn står langt sterkare i Aserbajdsjan enn i Iran, derfor meinte dei at aserbajdsjanarane i Iran vanskeleg ville kunne godta fridommen som alt nå er aserbajdsjansk praksis. Ei samanlikning av feltarbeida i Iran i 2001 og 2003 med feltarbeidet i Baku i 2006 gav eit heilt anna perspektiv på situasjonen i landet. Intervjuobjekta i Iran hevda at det sivile samfunnet var sterkare i Iran. Det blei vist til debattar om demokrati og demokratiets rolle i Iran, debattar ein manglar i Vesten fordi ein ikkje lenger tar bryet med å diskutere demokratiets rolle. Iranarane heldt fram det høge utdanningsnivået som generelt sett fører til eit velfungerande sivilt samfunn. Rett nok blei det lagt vanskar i vegen for avisar, radio og TV, men kvifor ikkje hefte seg ved alle dei avisene som trass vanskar kjem ut, spurde respondentane våre i Iran.

Kan vi tale om ein kollektiv identitet på tvers av landegrenser?

I analysen over har vi tatt opp i kva grad vi i dag kan tale om ein kollektiv aserbajdsjansk identitet på tvers av nasjonsgrenser. Vi tenker da på aserbajdsjanarane i Aserbajdsjan og aserbajdsjanarane i Iran der det bur om lag tre gonger så mange aserbajdsjanarar som i Aserbajdsjan. Vi er opptatt av om aserbajdsjansk identitet i Iran kan sameinast med lojalitet overfor den iranske staten eller om aserbajdsjanarane her kunne tenke seg å bryte ut og eventuelt slå seg saman med aserbajdsjanarane i Aserbajdsjan.

Teori om etnisitet og tidlegare studiar av Kaukasia og Sentral-Asia har lært oss at etnisk identitet ikkje nødvendigvis er statisk, den er heller flytande. I kva grad den gjør seg gjeldande avheng av kontekstuelle faktorar som til dømes krig og konfliktsituasjonar, og i vår

samanheng: ein militæraksjon mot Iran. Intervjuobjekta heldt fram at da USA ope gjekk ut med at ein militæraksjon mot Iran ikkje var utelukka, kom det i følgje respondentane våre iranske aserbadsjanarar til Baku i hopetal, mange av dei kjøpte leilegheiter, noe dei såg som teikn på at oppkjøparane førebudde fluktruter ut av Iran i tilfelle militære aksjonar mot landet.

Iran ottast tyrkisk nasjonalisme

At identitetskjensla til Aserbajdsjan samstundes blir knytt til tyrkisk nasjonalisme, er ei utvikling Iran ottast. I konflikten Nagorno-Karabakh står Iran på det kristne Armenia si side mot det sjia-muslimske Aserbajdsjan. Ser vi dette i perspektiv av tyrkisk identitet og tyrkisk nasjonalisme, fell denne politikken inn i ein situasjonslogikk der makthavarane i Iran ser det som viktigare å ivareta staten Irans integritet enn å støtte muslimsk fellesskap. Ikkje overraskande reagerer aserbadsjanarane i Iran mot at landet støttar det kristne Armenia, Nagorno-Karabakh-konflikten blir dermed òg eit innanrikspolitisk problem i Iran. Dette viser at iranske aserbadsjanarar knyter sine kjensler og sympati til det tyrkiske.

Republikken Aserbajdsjan – eit fyrtårn for aserbajdsjansk identitet

Vi er òg opptatt av i kva grad aserbajdsjanske etniske kjensler i Iran er vare for utviklinga i Aserbajdsjan. Eit vellykka aserbajdsjansk nasjonsprosjekt vil kunne styrke iranske aserbadsjanarar sine kjensler for ein kollektiv aserbajdsjansk identitet. Da Aserbajdsjan etter samanbrotet i Sovjetunionen blei sjølvstendig republikk, blei aserbajdsjanske identitetskjensler styrka i Iran⁶.

Historiske bakgrunnstrekk

Aserbadsjanarane i Iran som fann sjahens regime undertrykkande, støtta den islamske revolusjonen i 1979. Med Tabriz som sentrum gjorde dei alt i 1977 opprør. Håpet var at revolusjonen ville gjøre slutt på det dei oppfatta som undertrykking av det aserbajdsjanske folket. Med sekulære og demokratiske krefter som spydspiss for ei revolusjonær utvikling, såg dette i første del av revolusjonen i Iran lovande ut. Det blei danna ei overgangsregjering

⁶ Shaffer, Brenda: *Borders and Brethren. Iran and the Challenge of Azerbaijani Identity*, pp 37. The MIT Press
Massachusetts Institute of Technology, Cambridge 2002

der alle fraksjonar av dei som hadde kjempa for revolusjonen, var representerte inkludert arvtakarane etter Mossadeq som stod for demokratiske verdiar. På dette tidspunktet var Ruhollah Khomeini og tilhengarane hans i mindretal. Det som meir enn noe anna kom til å snu utviklinga i Khomeinis favør, var gisselaksjonen i november 1979 mot USAs ambassade i Teheran. Under feltarbeid i Iran i 2001 og 2003 hadde vi respondentar som deltok i gisselaksjonen i 1979. Dei fortalte at dei den gongen trudde at gisseltakinga ville bli kortvarig. Det dei ikkje visste, var at Khomeini her såg sjansen til å monopolisere den venstrepolitiske dagsorden ved å la gisseltakinga trekke ut i tid – heile 444 dagar. Khomeini og tilhengarane hans kom i fleirtal og gjennomførte det religiøse diktaturet som framleis er styreforma i Iran.

Den islamske revolusjonen førte rett nok til ei viss nytenking når det gjaldt etniske minoritetar i Iran, Khomeini sette fram tanken om at deira kultur òg var del av den iranske. Men etter kvart som opprøra i periferien greip om seg, endra dette seg raskt. Kurdarane som var oppsette på å frigjøre seg frå sentralmakta, var dei mest aggressive, noe dei fekk betale dyrt for ved mellom anna blodige massakrar. Det teokratiske diktaturet kom som eit sjokk på dei aserbajdsjanske opprørarane nord i landet som arbeidde for eit demokratisk Iran, i staden for fridom, kulturelle rettar og grad av sjølvstyre for etniske minoritetar, fekk landet eit sentralistisk styre med front mot periferien. Reaksjonen lét ikkje vente på seg, i 1979 leia aserbajdsjanaren ayatollah Kazim Shariatmadari omfattande opprør nord i landet.

Iranske aserbajdsjanarar reagerte særleg på Khomeinis doktrine tufta på *velayat-e faqih* som – slik dei såg det – var gitt ei heller tvilsam religiøs grunngjeving, og som kunne bli forstått i retning av eit sterkt sentralistisk styre som ville ramme lokalt sjølvstyre. Sjølv om aserbajdsjanarane langt på veg delte synspunkt med kurdarane på det filosofiske plan, veik dei tilbake for bruk av vold, mye fordi dei på dette tidspunkt var opne for den respekterte ayatollah Kazim Shariatmadaris tankar om at blodige kampar måtte unngås.

Islamiststyret betre enn sjahens styre?

Trass i det vi har vore inne på ovanfor, fortener det islamistiske styret etter revolusjonen i 1979 ein betre karakter enn sjahens vestlege styre som både var meir voldeleg og undertrykkande overfor minoritetar. Til dømes har det i tida etter 1979 vore publikasjonar på aserbajdsjansk – der *Ulduz*, *Varliq* og *Yol* er dei leiande – som har halde fram at ein fritt må få gi uttrykk for identitet knytt til det aserbajdsjanske, det har å gjøre med kulturelle rettar. Aserbajdsjanarane i det nordlege Iran er imot sentralisering og for lokalt sjølvstyre,

samstundes som deira primære lojalitet er knytt til staten Iran. I kampen for fridom har lausriving frå Iran med tanke på eigen stat og ei eventuell samanslåing med Aserbajdsjan, dukka opp med jamne mellomrom i iransk historie. Tanken om ein eigen aserbajdsjansk stat var nær ved å bli ein realitet i 1945. I ly av det maktvakuum dei allierte skapte i det okkuperte Iran under den andre verdskrigen, kunne det nyleg stifta ”Aserbajdsjans Demokratiske Parti” kalle saman ei grunnlovgivande forsamling og danne ”Aserbajdsjans Nasjonale Regjering”. I tillegg blei Irans hær oppløyst og ein ny paramilitær organisasjon kom som erstatning – på folkemunne kalla Fedayeen. Men alt i desember 1946 sende sentralregjeringa i Iran hæren inn i det iranske Aserbajdsjan og gjorde med tvang slutt på det aserbajdsjanske nasjonsekspertmentet i Iran. Forutan dei alliertes okkupasjon av Iran var Reza Shah Pahlavis abdikasjon i 1941 avgjørande for nasjonsekspertmentet. Reza Shah Pahlavis var sjåvinistisk i si holdning til det persiske. Under hans styre blei andre kulturelle uttrykk undertrykte, regionane i Iran, inkludert den aserbajdsjanske, lei under økonomisk vanstyre. Abdikasjonen i 1941 var innleiinga til ein periode med kulturell oppblomstring, dyrking av etnisk identitet og bevisstgjøring av persisk undertrykking og utnytting av provinsane i landet⁷. Dette historiske eksemplet er ein tydeleg illustrasjon på at iranske aserbajdsjanarars lojalitet overfor den iranske sentralmakta er situasjonsbestemt, vi kan med andre ord ikkje utelukke ny kamp for aserbajdsjansk autonomi og sjølvstende i Iran. Kva grobotn slike sjølvstenderørsler er gitt, heng nøye saman med politikken landets sentralregjering fører.

Eit avgjørande brot med den offisielle iranske linja var Mohammad Khatamis valkamp i 1997 der valkampmateriellet forutan farsi var på både aserbajdsjansk og kurdisk. Dette var sensasjonelt og eit tydeleg signal om at Khatami ville gi større rom for minoritetars kulturelle rettar, strategien til Khatami var å vinne støtte i periferien mot den sentralistiske eliten i Teheran. Vegen til autonomi og kulturell sjølvheving med respekt for eige språk, går via demokratiet, derfor vann Khatamis vektlegging av demokratiske rettar gehør hos aserbajdsjanarane som ser velayat-e faqih som motsats til demokrati. Bruken av eige språk går som ein raud tråd gjennom kampen for etnisk sjølvheving, å hevde at persisk er eit meir kultivert språk slik dei persisktalande ofte gjør, blir av aserbajdsjanarane oppfatta som persisk arroganse og nedvurdering av dei tyrkisktalande. Dei iranske aserbajdsjanarane kjener mobbinga av språket som ei form for kulturell audmyking. For å vise at tyrkisk er like bra som persisk blir det mellom anna peikt på at persisk er blanda opp med tyrkiske ord, truleg

⁷ Atabuki, Touraj: *Azerbaijan. Ethnicity and the Struggle for Power in Iran*, I.B. Tauris Publishers London New York 2000 pp 4–6

utan at dette har gjort særleg inntrykk på dei persisktalande. Arrogansen blant den dominante persisktalande befolkninga i hovudstaden har resultert i at dei tyrkisktalande undertrykker eige språk i det gode selskap og legg vinn på å snakke feilfritt persisk. Under den glatte overflata skjuler det seg likevel sterke anti-persiske kjensler som av og til kjem til overflata. Nettopp den grunnleggande persiske intoleransen gir næring til konflikt og styrker aserbajdsjansk identitet. Der ulike etniske grupper viser gjensidig respekt, kjem det sjeldan til konfliktar. Holdninga persisktalande har overfor annleis talande, blir lett oppfatta som rasisme og er det vel òg, noe ei meiningsmåling frå 1995 viser: den persisktalande befolkninga har rasistiske fordommar overfor det tyrkiske.

Oppfatninga av den nyfødde staten Aserbajdsjan som fyrtårn for tyrkisk identitet saman med det faktum at så godt som alle etter kvart kan skaffe seg fjernsyn som tar inn både Tyrkia og Aserbajdsjan, har verka inn på utviklinga: på det psykologiske plan ved at tyrkisk sivilisasjon rykker stadig nærmare, på språkplanet ved at språket til aserbajdsjanarane i Nord-Iran er knytt til eit verdsspråk og ikkje til ein sosiolekt ei minoritetsgruppe i Iran snakkar. Satellittsendingar frå det sekulære og demokratiske Tyrkia hadde på 1990-talet stor kulturell påverknad i dei aserbajdsjanske provinsane nord i Iran, diktaturstyrte og religiøse iranske og delvis diktaturstyrte aserbajdsjanske TV-program måtte begge gi tapt i kampen om sjåarane til fordel for det frie Tyrkia som for alvor er i ferd med å bli ein del av den moderne vestlege verda. Fjernsynet gir befolkninga innsikt i ei anna verd – eit anna liv som finn gjenklang i eigen identitet og tenkemåte. Den sekulære tankegangen har i motsetning til Irans djupt religiøse tankegang alltid stått sterkt hos tyrkiske folkeslag i Kaukasus og Sentral-Asia – inkludert aserbajdsjanarane i Iran, *islam* er derfor ein sterk identitetsmarkør for persarane, på same måte som *etnisitet* er det for sekulariserte tyrkiske folkeslag. Men vil aserbajdsjanarane i Iran av den grunn bli stadig meir framandgjorde i den iranske staten? Manglande data frå Iran gjør at vi lar det spørsmålet stå ope – om ikkje heilt. Vi meiner å ha data nok til å sette fram ein underbygd hypotese om at kløfta mellom den aserbajdsjanske og den persiske befolkninga i det nordvestlege Iran over tid vil føre til ei styrking av den aserbajdsjanske befolkningas kulturelle band til det tyrkisk. Minoritetsgruppa lever ikkje lenger i ein ghetto, men det er likevel ikkje einstyndande med at dei vil bryte ut av den iranske staten.

Utviklinga vi har skissert over, plagar dei korrupte makthavarane i Iran som gjerne vil feie tyrkisk identitet under teppet. At dette ikkje er så lett viser eit klossete forsøk gjort i 1993. Som motvekt til det pan-tyrkiske evangeliet som Elchibey og andre misjonerte før, bestemte den iranske regjeringa at Aust-Aserbajdsjan i det nordlege Iran – arnestad for aserbajdsjansk nasjonalisme – skulle delast i to og gav den nye fråskilde provinsen namnet Ardabil – eit

ikkje-aserbajdsjansk namn. Reaksjonane frå aserbajdsjanarane i dei nordlege provinsane var spontane og protestane høglydte, men den aserbajdsjanske befolkninga måtte likevel gi seg. Tanken bak var det iranske regimets ønske om å bruke Ardabil som plattform for å nedkjempe ”farlege” pan-aserbajdsjanske (pan-tyrkiske) idear frå den andre sida av grensa. Dette viser korleis dei persisktalande – i hovudsak den styrande eliten – reagerer nærmast angstbitersk på tilløp til aserbajdsjansk (tyrkisk)⁸ nasjonalisme. Var dette berre eit overflatefenomen, ville ikkje reaksjonen ha vore så hard. Eit anna eksempel på kor langt regimet går i å sette grenser mot det tyrkiske, er valet på *Majlis* (nasjonalforsamlinga) i 1996. I valkampen flagga kandidaten Mohammed Chehregani det tyrkiske språket ved å la det vere ein del av valprogrammet. Resultatet var at han måtte trekke seg.

I sentralismens vesen og tenkemåte ligg nitid kontroll av periferien og da gjerne utført av funksjonærar på høgt nivå i Teheran. At dei kjem frå Teheran, liker dei stolte aserbajdsjanarane i provinsane i nordvest lite. Dei opplever kontrollen som ein variant av audmykingspolitikken når det gjeld språket. Dei danske futane var heller ikkje særleg populære i Norge! Det blir stadig referert til at utsendingar frå Teheran ikkje er kompetente til å styre provinsane i nordvest fordi dei manglar forståing for tenke- og veremåten i denne delen av landet, dei burde halde seg der dei kjem frå: Teheran.

Frykten for det tyrkiske blir tydeleggjort i Irans støtte til det kristne Armenia i konflikten Nagorno-Karabakh

Nagorno-Karabakh er ein viktig del av bildet når vi undersøker holdningane det sentralistiske regimet i Iran generelt har til revitalisering av den tyrkiske dimensjonen. Dei styrande ottast ikkje berre kva aserbajdsjanarane innanfor iranske grenser kan finne på, dei er òg på vakt for i kva grad denne befolkninga blir påverka av det tyrkiske utanfor landets grenser, det tyrkiske finst i rikt monn både i Kaukasus og Sentral-Asia. Den mektigaste fienden i denne samanhengen er grenestaten Aserbajdsjan. Dette heng saman med at Aserbajdsjan i 1828 blei delt: Nord-Aserbajdsjan gjekk til Russland medan Sør-Aserbajdsjan kom under iransk

⁸ I Iran er tyrkisk og aserbajdsjansk ofte synonyme begrep. Det er først i den seinare tid med auka aserbajdsjansk bevissthet at tyrkisk har måttå vike plass for aserbajdsjansk. Også når vi taler om den nasjonalistiske bølgja i området er nemninga tyrkisk det mest naturlege fordi aserbajdsjanarane i dag sjølv vil inkludere alle tyrkiske folkeslag. Det gjeld andre tyrkiske folkeslag i sjølve Iran, men òg utanfor Iran. Aserbajdsjansk nasjonalisme blir nok i persisk perspektiv knytt til tyrkiske folkeslag i området generelt og til pan-tyrkiske idear. I dette perspektivet blir da den persiske frykten for aserbajdsjansk nasjonalisme meir forståeleg.

kontroll og ligg i dag innanfor Irans grenser. Majoritetsbefolkninga både i Nord- og Sør-Aserbajdsjan tilhører den same etniske gruppa innan den tyrkiske ”storfamilien”. Dagens Aserbajdsjan er dermed den staten som har flest familiar med slekt i Iran. Bortsett frå å presisere at den iranske delen er Sør-Aserbajdsjan, registrerer vi at i Aserbajdsjan skil ein ikkje mellom republikken Aserbajdsjan og den delen av Aserbajdsjan som ligg innanfor Irans grenser. Oppfatninga er at innbyggjarane i desse to områda har same etniske opphav, dei er aserbajdsjanarar enten dei bur i republikken Aserbajdsjan eller i Nord-Iran. Ved å bruke begrepa Nord- og Sør-Aserbajdsjan som har djupe røter i historia, blir det ein måte å drive propaganda på for at desse to områda hører naturleg saman. Grensene som kolonimakter har trekt opp, har derfor ingen legitimitet. Kolonimaktene trekte grenser så seint som i det 1900-århundre da Russland og Iran kjempa for kontrollen i området. Det var fredsforhandlingar mellom Det russiske imperiet og Persia både i 1813 og 1828: ved fredsavtalane i Gulistan (1813) og Turkmantsjai (1828) avsto Persia dei nordlege, dels autonome khanata, inkludert dagens Aserbajdsjan, til Russland. Ved denne semja blei det tyrkiske folkeslaget som vi kallar aserbajdsjanarar delt i to: nord-aserbajdsjanarane kom under russisk styre medan sør-aserbajdsjanarane kom under Irans kontroll. Grensa mellom dei to delane har heilt fram til i dag vore elva Araks. I Sovjetunionens tid var denne grensa hermetisk lukka, noe som førde til minimal kontakt mellom Sør- og Nord-Aserbajdsjan.

Ved Sovjetunionens fall blei dei geopolitiske konstellasjonane i området dramatisk endra. Under leiing av president Elchibey blei republikken Aserbajdsjan danna på det tidlegare området Nord-Aserbajdsjan. Det tyrkiske folkeslaget som blei kalla aserbajdsjanarar fekk eigen stat, men med den ulempa at dei fleste aserbajdsjanarar levde utanfor republikken – hovudsakleg i det området som tidlegare blei kalla Sør-Aserbajdsjan. Sør-Aserbajdsjan endra ikkje status, dette området er framleis ein viktig del av nasjonalstaten Iran. Trass dette gav nyvunnen fridom og eigen stat grobotn for etnonasjonalistiske draumar om å samle alle aserbajdsjanarar i eitt rike – inkludert dei som nå var borgarar av Iran.

Aserbajdsjan under Elchibey gjekk ope inn for ei samanslåing av aserbajdsjanarane på begge sider av grensa. Av den grunn ser Iran det som viktig at Aserbajdsjan blir verande ein svak småstat. Ein måte å halde staten nede på, er å øydeleggje landets ressursar ved å medverke til å halde liv i blodige konfliktar som konflikten Nagorno-Karabakh. For å kunne påverke utviklinga og utfallet av denne konflikten som er så avgjørande for Aserbajdsjan, støttar presteskapet i Iran – som slik dei sjølve ser det styrer etter Guds vilje – openlyst Armenia, men støyter da på store vanskar: ved å støtte det kristne Armenia sviktar dei samstundes muslimane. Symbolpolitikk kolliderer med realpolitikk, men jamvel i den

ideologiske staten Iran er det realpolitikken som rår i dette så viktige spørsmålet for Iran. Ikkje noe i den islamistiske ideologien skulle tilseie at Iran ville støtte det kristne Armenia. At aserbajdsjanarane i Iran ikkje er redde for å protestere mot denne opportunistiske politikken, og dessutan utnyttar situasjonen til politisk aktivisme som styrker den tyrkiske identitetskjensla innanfor Irans grenser ved å hjelpe aserbajdsjanske flyktningar frå Nagorno-Karabakh og slik sett gjør det til eit innanrikspolitisk spørsmål, gjør situasjonen enda meir problematisk for det iranske regimet.

Vi har til nå lagt vekt på motsetningsforholdet mellom aserbajdsjansk og persisk identitet. Over tid har det utvikla seg to svært ulike kulturar på begge sider av Araks-elva: Nord-Aserbajdsjan er merkt av Russlands og seinare Sovjetunionens tenkemåte og kultur medan Sør-Aserbajdsjan ber preg av det kulturelle stemplet Iran har sett på aserbajdsjanarane innan Irans grenser. Den kulturelle kløfta mellom nord og sør er ei hovudhindring for samling av aserbajdsjanarane i eitt rike. Det same fenomenet finn vi i europeisk historie: samlinga av Aust- og Vest-Tyskland var på ingen måte ein smertefri prosess. Dei to landa som i lang tid var skilde frå kvarandre, hadde utvikla ulike veremåtar som gjorde tilpassinga problematisk. Når kløfta mellom aserbajdsjanarane i det russifiserte Aserbajdsjan og aserbajdsjanarane i det persifiserte Iran er vidare enn den tyske kulturkløfta, heng det saman med at aserbajdsjanarane har vore skilde heilt frå 1828. Elchibey og andre sine euforiske tankar – uttrykt i ideologiske termar – om kva det gode fellesskapet mellom aserbajdsjanarane i dei to landa kunne føre til, blei da også sterkt dempa i møtet med politiske realitetar. Men som feltarbeidet vårt viser lever likevel håpet om samling av aserbajdsjanarane i nord og sør, sjølv om det nok er slik at aserbajdsjanarane på ei og same tid ønskjer og fryktar eit slikt fellesskap. Fleire av intervjuobjekta våre uttrykker skepsis til den djupe religiøsitet som pregar den iranske kulturen og ser denne tankegangen som nærmast middelaldersk og i konflikt med den moderne tid. Dette at aserbajdsjanarane i Iran naturleg nok er påverka av persisk kultur, skaper – slik innbyggjarane i Aserbajdsjan ser det – avstand til det sekulære og kosmopolitiske Aserbajdsjan, eit land meir på linje med moderne vestlege nasjonar. Eitt intervjuobjekt står likevel for ei diametralt motsett oppfatning: Iran er langt meir sofistikert enn Aserbajdsjan, landet har eit høgt utdanningsnivå og den offentlege debatten i det sivile rom er meir avansert.

Det spegelvendte fiendebildet

Feltarbeida våre i Iran og Aserbajdsjan viser at bildet dei to landa har av ”oss” og ”dei andre”, har slåande likhetstrekk berre med motsett forteikn. Dette er eit vanleg fenomen i

internasjonal politikk, slik tilfellet var under den kalde krigen mellom Sovjetunionen og Vesten og i vår tid mellom israelarar og arabarar⁹. Intervjumaterialet vårt frå Baku og Teheran viser eit sterkt fiendebilde av ”dei andre”, noe som forstyrrar evna ein har til å danne seg eit tilnærma objektivt bilde av motparten. Slik situasjonen er i dag, bygger det aserbajdsjanske fiendebildet i stor grad på den islamistiske orienteringa i Iran. Den auka islamiseringa i Aserbajdsjan der jamvel sekulære parti samarbeider med islamistiske, kan komme til å endre noe på dette, men underliggende forvrengde fiendebilde av motparten har gode vekstvilkår. Islamisering og sekularisering er nøkkelbegrep når ein skal forklare den uoverstigelege kløfta mellom dei to landa. Det blir sagt at Iran prøver å islamisere aserbajdsjanarane ved å sende misjonærar til landet og gjennom dei overta kontrollen. I Iran bygger fiendebildet i første rekke på tyrkismen eller tyrkisk nasjonalisme. Frykten for at tyrkisk nasjonalisme skal påverke dei iranske aserbajdsjanarane sin tyrkiske identitet og sjølvstendetrong, er heile tida til stades. I ei slik utvikling vil Aserbajdsjan vere ei viktig brikke, kontroll og det å halde landet nede blir derfor avgjørande, noe politikken Iran fører i konflikten om Nagorno-Karabakh tydeleg viser.

Det er rett at aserbajdsjanarane i Teheran stort sett har funne seg til rette med både ein persisk og tyrkisk identitet, men den primære identiteten som er knytt til Iran og islam, er den som blir eksponert i det offentlege rom. I den private sfære kjem tyrkisk identitet klarare fram. Og det er nettopp dei aserbajdsjanarane som har høge stillingar, som snakkar persisk og som berre privat dyrkar sin tyrkiske identitet dei fleste utlendingar møter, med andre ord: utlendingar møter dei som ikkje ser sin ”doble” identitet som noe problem. I motsetning til i Teheran der aserbajdsjanarane er integrerte i persisk kultur – nærmast assimilerte, er det kulturelle presset frå sentralmakta mindre i provinsane Aust- og Vest-Aserbajdsjan og Ardabil, men det er teikn som tyder på at det koker under overflata, noe sporadiske opprør vitnar om. Ein lar seg inspirere av tyrkisk fjernsyn som nyttar det språket ein sjølv held høgt og stiller spørsmålet om ikkje Tyrkia er eit like avansert land som Iran. Sentralmaktas forsøk på systematisk hjernevasking ved å framstille det persiske som det ypparste, mister ved dette noe av si kraft i den tyrkiske minoritetbefolkinga. Lenger nord ligg Aserbajdsjan som steg for steg – rett nok haltande – går mot fridom og demokrati. Dess nærmare ein kjem Kaspihavet, dess mindre blir presteskapets vaktarrolle, her er det å vere tyrkisk ikkje noe mindreverdig, og ein opplever sentralmaktas samanblanding av det persiske og det islamske

⁹ Sjå bl.a: Heradstveit, Daniel *The Arab-Israeli Conflict. Psychological Obstacles to Peace*. Universitetsforlaget, Oslo, Columbia University Press 2nd edition 1981

som usmakleg. I dette området har større grupper utan tvil tyrkisk som sin primære identitet, identiteten til staten Iran er tidvis vaklande. Dei ser på Iran som ein stat som gjør lite eller ingenting for provinsen, som undertrykker språket og identiteten deira, og som med persisk arroganse ser ned på det tyrkiske. Trass dette har Iran i dag kontroll over befolkninga i området. I krise- og krigssituasjonar har vi sett korleis identitet og etnisk orientering som nærmast ”sovande” ligg avlagra i kulturen, kan bli aktivisert for å markere skiljet mot staten eller folkegruppa ein er imot slik vi tydeleg såg det i Kaukasus og Sentral-Asia etter Sovjetunionens fall. I seinare tid har vi vore vitne til det same i Irak. Følgjande utsegn frå ein borgar i byen Diwaniya, hovudstaden i ein fattig sjia-provins i Irak, illustrerer problemet: ”Diwaniya var i grunnen aldri roleg, aldri heilt fredfull. Under overflata var det alltid bråk, men nå [etter krigen] blir dette synleg.”¹⁰ Dette gjeld ikkje berre innan ein stats grenser, identitetsmarkørar og ideologiske orienteringar følgjer med over grenser slik vi var vitne til da etnonasjonalismen i kjølvatnet av Sovjetunionens fall påverka aserbajdsjanarane i Iran. Det syner seg at aserbajdsjanarar som vanlegvis refererer til seg sjølve som tyrkarar, ved styrka etnisk bevissthet i større grad ser seg sjølve som aserbajdsjanarar.

Det er i større grad blitt legitimt at det internasjonale samfunnet grip inn når nasjonalstaten openbart overkjører etniske grupper, nasjonalstaten er ikkje lenger ukrenkeleg. Alle statane i Kaukasus og Sentral-Asia har etniske problem innan sine nasjonale grenser. Iran har derfor eit legitimt behov for å halde nasjonen samla, fridom for aserbajdsjanarane i landet vil kunna ha ein dominoeffekt på andre minoritetsgrupper og føre til fragmentering og oppløysing av den iranske staten i si nåverande form. Når etniske minoritetar gjør opprør i denne staten, blir det særleg dramatisk fordi om lag halvparten av den iranske befolkninga er samansett av etniske minoritetar. Ei fragmentering i Iran kan dessutan påverke etniske problem i nabostatar som Tyrkia og Aserbajdsjan, noe intervjuobjekta våre er inne på. Dei ottast at ei destabilisering av Iran med opphav i til dømes militære åtak mot landet, òg vil kunne destabilisere Aserbajdsjan. Dei ser ikkje lyst på at eventuelle aserbajdsjanske flyktningar frå Iran skal komme til Aserbajdsjan i hopetal. Aserbajdsjan har òg stridd med dei persisktalande talysjane som er busette på grensa mot Iran og lesgiarane på grensa mot Dagestan, og vidare er tilhøvet mellom iranske kurdarar og iranske aserbajdsjanarar ikkje godt. I Tyrkia er kurdarproblemet særleg tilspissa, og vi har i lang tid vore vitne til kva som skjer med etniske grupper når den ømtolige nasjonalstaten raknar slik som i Irak. I vår globaliserte tid må likevel etnisk baserte statar vike plassen for det fleirkulturelle samfunnet.

¹⁰ New York Times 21.06.07

Kapittel II

Teorigrunnlaget for studien

Behovet for ideologiar er størst når folk og nasjonar gjennomlever dramatiske endringar. Slike situasjonar er ofte prega av stor uvisse, frykt og manglande retning for kollektive nasjonale mål. Enkeltindividet fryktar framtida og dei styrande beveger seg i ukjent terreng. Da oppstår det eit ideologisk vakuum som det er maktpåliggande å fylle.

Etnonasjonalisme som politisk fenomen

I det ideologiske vakuumet som oppstod var det at etnonasjonalismen etter Sovjetunionens fall dukka opp med stor kraft både i Kaukasus og Sentral-Asia. Typisk for etnonasjonalismen er at den opererer med førestillingar om eit tapt ”paradis” som det gjeld å gjenvinne, først da vil det bli slutt på kaoset, frykten og dei uverdige tilstandane som rår i dag, situasjonen vil normalisere seg og ein vil få eit samfunn prega av fred og harmoni. Det jordiske paradiset som den etniske gruppa hadde ein gong tidlegare i historia da gruppa hadde ein sterk posisjon, vil gjenoppstå. Den historiske perioden som er avlagra i det kollektive minnet til den etniske gruppa, er sterkt fordreidd og idyllisert.

Etnonasjonalismen snakkar ikkje om det som er her og nå, for det kan kontrollerast, men om det som var der og da. Styrken ligg i å mobilisere kollektive kjensler som er knytte til fortida, demagogien ligg i å forvrenge det historiske bildet. Men skal ein makte å glorifisere noe, må det setjast opp mot det motsette, eit rigid og unyansert bilde av fienden er derfor ein viktig komponent i etnonasjonalismen.

Den etnonasjonalistiske bølgja etter Sovjetunionens fall fekk store konsekvensar for Aserbajdsjans tilhøve til Armenia, og ikkje minst fekk ideologien konsekvensar for armenarane i Nagorno-Karabakh.

Grunna den pågåande krigen med Armenia og den armenske befolkninga i Nagorno-Karabakh som i tid fall saman med Aserbajdsjans lausriving frå Sovjetunionen, blei dei første åra med nyvunnen ”fridom” særdeles kaotiske. President Mutalibov, som blei vald til president i 1990, opplevde innan kort tid både å bli styrt og gjeninnsett for så endeleg å bli fjerna i mai 1992. Da overtok Abulfaz Elchibey. Han var formann for den azerbajdsjanske Folkefronten – den politiske rørsla som i første rekke hadde bore fram tanken om lausriving

frå Sovjetunionen. 7. juni 1992 blei han med solid fleirtal vald til president. Nå skulle det vise seg å vere eit stort gap mellom hans glitrande talegåver – han mobiliserte folkemassane ved å spele på dei sterke emosjonelle faktorane knytte til frigjøringa slik som etnonasjonalismen – og hans evne til å styre. Han var derfor eit lett bytte for kuppmakarar. Det gjekk mindre enn eit år før general Panah Huseynov gjorde opprør. Det hang nær saman med at Armenia i 1993 gjekk til storoffensiv mot Aserbajdsjan og okkuperte store delar av aserbajdsjansk territorium. Desse områda er framleis okkuperte av Armenia. Armenias store siger førte til indre kaos i Aserbajdsjan og nærmast til borgarkrigsliknande tilstandar. Ein følgje av krigføringa var over ein million internt fordrivne og flyktningar eller ca. 12 % av den aserbajdsjanske befolkninga¹¹. I si naud bad Elchibey om hjelp frå sin politiske rival, Geidar Alijev, som sidan 1990 hadde sin maktbase i Nakhitsjevan, den aserbajdsjanske eksklaven i Armenia på grensa til Iran og Tyrkia. Geidar Alijev hadde større ambisjonar enn det Elchibey rekna med. Alijev var ikkje lenge i Baku før han fjerna dei politiske rivalane sine – både president Elchibey og kuppgeneral Huseynov. Bakgrunnen for at Alijev kom tilbake til Baku var Huseynovs kuppforsøk, men det bør leggast til at Alijev formelt blei vald til president 3. oktober 1993. Elchibeys draum var å samle alle aserbajdsjanarar i éin stat. Hovudtyngda av etniske aserbajdsjanarar budde og bur i Iran med republikken Aserbajdsjan som god nummer to. Ei slik etnisk samling ville kunne endre Aserbajdsjans status som svak småstat sårbar for utpressing av andre statar, til ein stat som ville kunne stå støtt på eigne bein.

Om begrepa aserbajdsjanar, azeri, tyrkar og aserbajdsjansk tyrkar

Før vi går vidare vil vi gjøre greie for kva vi legg i begrepet 'aserbajdsjanar'.

Aserbajdsjanarane hører etnisk til det tyrkiske på begge sider av grensa mellom Aserbajdsjan og Iran. Aserbajdsjan er formelt sett republikk og nasjonalstat, det vil derfor vere naturleg å referere til borgarane som aserbajdsjanarar. Det er likevel slik at ein ofte ved sida av å referere til borgarskapsstatus òg tar med etnisk tilhørighet som ekstra identitetsmerke. Dette kan synast enkelt, men når vi i denne studien fokuserer nettopp på den etniske dimensjonen, blir det heile meir komplisert. Til dømes vil det i mange samanhengar vere kunstig å kalle ein armenar som i dag bur i og er borgar av Aserbajdsjan for aserbajdsjanar, og truleg vil han/ho

¹¹ For ein meir inngående beskrivelse av den aktuelle situasjonen for internt fordrivne og flyktningar i Aserbajdsjan, sjå oversikt frå Internal Displacement Monitoring Centre op.cit.

. www.internal-displacement.org

sjølv reagere på det. Dette gjeld også for andre etniske minoritetsgrupper i landet slik som talysjar og lesgiarar. Men som borgar av republikken Aserbajdsjan, vil ein normalt bli kalla aserbajdsjanar, etnisk tilknyting er her sekundær. Utanfor Aserbajdsjans grenser, kallar vi minoritetane i landet også for aserbajdsjanarar, men i feltarbeidet vårt i Aserbajdsjan erfarte vi at etnisk bakgrunn nærmast er eit konkurrerande identitetsmerke til borgarskapsbegrepet. Tar vi titulærbefolkinga (det folkeslag som republikken er oppretta for og som har gitt den namn), blir problemet ytterlegare komplisert ved at ein borgar av republikken Aserbajdsjan sjølv er i tvil om kva han/ho skal kalle seg. Normalt vil han/ho kalle seg aserbajdsjanar, men det hender han/ho bruker azeri som synonymt med aserbajdsjanar. På spørsmål om kva som er det korrekte, får vi oftest svaret at begge begrepa er korrekte. Når det så gjeld intervjuobjekta våre, nytta dei gjennomgåande begrepet ”azeri” når dei snakka om den aserbajdsjanske befolkninga i Iran. I direkte sitat gjengir vi derfor det begrepet som intervjuobjektet sjølv nytta.

Når termene aserbajdsjanar/azeri er blitt politiserte både i Aserbajdsjan og i Iran, heng det saman med at Aserbajdsjan og aserbajdsjanar er nær knytt til den etnonasjonalismen som er tema for denne forskingsrapporten. Bruker ein aserbajdsjanar, kan det bety at ein er spesielt etnisk bevisst og tilhengar av den rørla som tar til orde for at alle aserbajdsjanarar bør samlast i éin stat. Dette kjem tydeleg til uttrykk i Iran der ein effektivt kommuniserer sin etniske bakgrunn der ein særleg tidlegare kalla seg tyrkar som kontrast til persar. Med etnisk bevisstgjøring i kjølvatnet av danninga av republikken Aserbajdsjan skjedde det ei endring i Iran, dei med sterke band til det tyrkiske kallar seg nå i aukande grad aserbajdsjanarar, ikkje tyrkarar, og sende med det samstundes ut politisk signal med front mot det persiske.

I faglitteraturen er ein komme fram til ulike løysingar på kva begrep ein bør nytte. Innbyggjarane i Aserbajdsjan sjølve er forvirra og vekslar mellom å kalle seg aserbajdsjanar, azeri, tyrkar og aserbajdsjansk tyrkar. Ingen av termene kan seiast å vere ”den rette”. Situasjonen blir ikkje enklare ved at termene blir nytta ideologisk i ein politisk kamp. Vi har komme til at kommunikasjonen med lelsen må vere det avgjørande for val av terminologi i studien. Med norske lestarar i mente er det mest praktisk å velje termen aserbajdsjanar både når vi refererer til titulærbefolkinga – minoritetsgruppene i landet er ikkje inkludert – i republikken Aserbajdsjan og når vi refererer til aserbajdsjanarane (azeriane) i Iran. Vi nytta med andre ord aserbajdsjanar for å signalisere etnisk tilknyting og ikkje statsborgarskap vel vitande om at begrepet utanfor Kaukasus stadig oftare blir oppfatta som borgar av

nasjonalstaten Aserbajdsjan¹². Vi finn støtte for dette i faglitteraturen ved at ein av dei fremste ekspertane på temaet vi tar opp, òg har valt aserbajdsjanar. Når det så gjeld språket aserbajdsjanarane i Iran og Aserbajdsjan snakkar, kallar vi det azeri, eit språk som ligg tett opp til det språket ein snakkar i Tyrkia (Tyrkia-tyrkisk).

Begrepet aserbajdsjanar er ikkje av nyare dato. Særleg Stalin var interessert i å innarbeide begrepet og da i tydinga ”dei som bur i sovjetrepublikken Aserbajdsjan”. Dette var del av Stalins splitt og hersk-strategi – ein strategi han la vekt på i heile Kaukasia og Sentral-Asia. Det var viktig for Stalin at ikkje noe etnisk gruppe skulle bli så mektig at den var ein trussel mot Russlands stilling og maktposisjon innan imperiet. Dei tyrkiske folkesлага representerte i så måte den største trusselen, det gjaldt derfor å luke ut alle pan-tyrkiske idear. For å framheve at innbyggjarane i Aserbajdsjan var ei separat etnisk gruppe, blei dei kalla aserbajdsjanarar, ikkje tyrkarar. I Iran stilte det seg annleis, der la styresmaktene vekt på å viske ut begrepet aserbajdsjanar og nytta begrepet tyrkar, jamvel i dag refererer dei etniske aserbajdsjanarane i Iran oftast til seg sjølve som tyrkarar. Begrepet tyrkar er ein logisk følgje av Irans redsle for den etnonasjonalistiske tanken om å samle alle aserbajdsjanarar i eitt rike, for skulle det skje, ville det vere slutten på Iran som nasjonalstat i den form den har nå. For å styrke sin posisjon sørover var det i politikken Sovjetunionen førte lenge slik at aserbajdsjansk etnonasjonalisme òg omfatta aserbajdsjanarane i Iran, og dette er grunnen til at Nord- og Sør-Aserbajdsjan er begrep med sterke politiske konnotasjonar¹³. Begrepa er bevisst nytta for å styrke tanken om at det nåverande Aserbajdsjan òg bør inkludere aserbajdsjanarane i Iran. Intervjuobjekta våre i Aserbajdsjan bruker så godt som utelukkande Sør-Aserbajdsjan når dei refererer til området der dei iranske aserbajdsjanarane bur. Dette gjør det forståeleg at Iran er imot at azeri blir praktisert i Iran.

Problemstilling

Den etnonasjonalistiske ideologien slik den blei utforma i Aserbajdsjan blei nedfelt i eit politisk program som ikkje berre i frigjøringas dagar stod sterkt, tankane lever vidare også i dag. Men kor sterkt står den aserbajdsjanske etnonasjonalismen i Aserbajdsjan i dag? Og

¹² Sjå t.d. Shaffer, Brenda: *Borders and Brethren. Iran and the Challenge of Azerbaijani Identity*, The MIT Press, Massachusetts Institute of Technology, Cambridge 2002

¹³ ”Nationalism as an Instrument in a Socialist Foreign Policy: The Southern Azerbaijan Problem in Soviet-Iranian Relations in The Review of International Affairs” in Lciner, Sedat and Demirtepe, Turgut, vol 3, No 3, Spring 2004, pp 445)

under kva forhold vil den kunne utvikle seg til ein politisk maktfaktor som eventuelt kan komme til å destabilisere Iran slik Russland hadde i tankane? Dette er hovudspørsmåla vi søker å belyse i denne studien.

Da Alijev overtok makta etter Elchibey, blei ideen om å samle aserbajdsjanarane i ein eigen stat avskriven som utopi. Pragmatikken overtok. Men da vi kom tilbake til Baku våren 2006, merka vi at utviklinga i Iran hadde pusta nytt liv i den aserbajdsjanske etnonasjonalismen. Med fornya styrke var ideen om ein allianse av folkegrupper med same opphav igjen framme, og blikket fall på aserbajdsjanarane i Iran. Av den grunn blei dette fenomenet sett i fokus i feltarbeidet vårt. Etnisitet er det sentrale begrepet i etnonasjonalismen. Vi vil drøfte dette begrepet før vi går vidare i analysen.

Teoriar om etnisitet

Den etnonasjonalistiske ideologien inneheld bilde og begrep frå fortida til den enkelte etniske gruppa som blir bestemmande for tolkingsrammene i nåtida og for ideologibygginga. Det overtydingsystemet som denne ideologien representerer, opnar for forståing i visse retningar, men stenger for andre. Den bygger på ei subjektiv oppfatning om felles bakgrunn og opphav som politiske elitar nører opp under for å nå sine politiske maktambisjonar. Det er ikkje nok å konstatere at oppfatninga er subjektiv. For å få eit meir nyansert bilde av denne 'subjektiviteten' kan sosialantropologisk teori komme oss til nytte.

Ein kan skilje mellom to hovudretninga i sosialantropologisk forsking på etnisitet: Den eine retninga, primordialistane, legg vekt på etnisitet som noe opphavleg; etnisitet har fast innhald over tid. Dei konsentrerer seg om 'gruppeaspektet' ved etnisitet og dei sosiale faktorane som definerer grensene for ei gitt etnisk gruppe, det vil seie kva for prinsipp som ligg til grunn for å inkludere eller ekskludere medlemskap. Dette kallar vi teiknmarkering. Her står blodsband, rase, religion, region, språk og atferd sentralt.

Den andre retninga, instrumentalistane, legg vekt på kontekstuell (eller situasjonsbestemt) utveljing av felles trekk som medlemmer av ei gitt etnisk gruppe viser. Etnisitet blir eit instrument i konkurransen om ressursar, politisk innverknad og så vidare. Dette kallar vi teiknmanipulering. Det er det siste perspektivet som har størst relevans for vår problemstilling fordi aktørane her dreg inn etnisitet som eit middel til å oppnå konkrete politiske mål (instrumentelt). Ideen om etnisitet blir kopla til ein nasjonalisme som tar sikte på å endre status quo i favør av ein nasjonalstat tilhengarane identifiserer seg med. Derfor blir

dei etniske markørane som kan tenkast å ha størst politisk mobiliseringskraft, valde ut og manipulerte med. Dei to perspektiva er likevel komplimentære i studiet av etnisitet.

Etnisitet inkluderer likevel skilnader som kan identifiserast 'objektivt', og som ofte har å gjøre med felles bakgrunn eller opphav. I tillegg til fysiske trekk som hudfarge, hår og høgd, som er genetisk bestemt, kjem trekk som både er fysisk og kulturelt bestemte.

Kroppsholdning, gestikulering, klede, aksent og så vidare er noen av dei mange faktorane som hjelper oss å skilje etniske grupper frå kvarandre. Generelt kan vi seie at di meir fysiologisk betinga merka er, di meir konstante og pålitelege er dei. Ein kan endre namn, lære seg språk, endre klesvanar, men høgd er det vanskeleg å gjøre noe med. Dersom det er mogleg, vil ein i praksis kombinere ein serie etniske markørar for å fastslå opphavet til ei etnisk gruppe.

Etnisitet blir òg fastlagd ved ulike karakteristika avhengig av type interaksjon. To etniske grupper i krig med kvarandre vil nok finne andre etniske markørar enn to etniske grupper som lever saman under fredelege forhold. Det vi ser som etniske markørar, kan derfor forklarast minst like mye ut frå typen samhandling, som utifrå objektive trekk ved opphav og bakgrunn til den etniske gruppa. Studiet av etnisitet viser som sagt at det ikkje er dei såkalla 'objektive' karakteristika som er avgjørande, men det gruppene sjølve vel å legge vekt på for å skilje dei frå kvarandre. Derfor kan vi seie at etnisk medlemskap ikkje er medfødd og uforanderleg, men kan vere flytande, forbigåande og situasjonsbestemt. Det er dette perspektivet på etnisitet som er mest relevant for vår analyse. Ei forklaring på kvifor aserbajdsjanarane kjende seg framandgjorde både i det osmanske riket og i det persiske imperiet og vidare ser på seg sjølve som ei separat etnisk gruppe i Kaukasus, er to sentrale betydningsskiljande markørar: Sjia-muslimske aserbajdsjanarar var på kollisjonskurs med det sunnidominerte osmanske riket, språkleg var dei på kollisjonskurs med det farsi-talande persiske imperiet.

Hudfarge skil seg ut som etnisk markør på grunn av ideen om at dette er ein konstant faktor. Men det viser seg at hudfarge stort sett har størst betydning i miljø med etnisk stratifikasiing. I eit stratifisert eller klassedelt samfunn vil ofte medlemmer av lågare strata prøve å skjule sin identitet for å avansere. Hudfarge kan ein ikkje skifte, men det kan ein derimot når det gjeld religion. Rettnok kan hudfarge endre seg i løpet av generasjonar, men den er likevel relativt permanent. Farge har i tillegg den 'fordelen' at den som etnisk merke er svært synleg, noe ein ikkje kan seie om mange av dei andre merka. Derfor er farge spesielt 'nyttig' dersom ein skal oppretthalde eit hierarkisk system over store territorium. Men jamvel ein etnisk markør som hudfarge er ikkje så statisk som ein skulle tru. Det er eit utal av døme

på at det innan ei etnisk gruppe finst eit spekter av hudfargar. Vi finn dette mellom anna i India, på Sri Lanka og i Malaysia.

I eit komparativt og historisk perspektiv er ikkje hudfarge nødvendigvis viktigare enn andre faktorar i å vere identitetsbestemmande for etniske grupper. I det 17. århundre blei engelskmennene i Nord-Amerika til å begynne med kalla 'kristne' medan afrikanske slavar blei kalla 'heidningar'. Det var med andre ord religion, og ikkje hudfarge, som her var den mest betydningsskiljande faktoren, men med endra kontekstuelle faktorar, blei farge det betydningsskiljande elementet. Begrepet 'heidning' innebar å vere 'ikkje-menneske'. Som integrert del av det amerikanske samfunnet blei afrikanarane ein sosial klasse, som ein kalla 'negrar'.

Når eit konfliktfylt forhold spissar seg til, vil ein gradvis bli meir sofistikert i å identifisere kvarandre utifrå etniske kriterium. Dette hindrar likevel ikkje at ein av og til tar feil. I ein konfliktsituasjon vil medlemmer av gruppene prøve å skjule identiteten sin for dermed å kunne infiltrere og drive spionasje i den andre gruppa. Døme på dette finn vi i dei israelskokkuperte områda. Her kan det vere uråd å skilje fysiske trekk, språk og så vidare til orientalske jødar frå tilsvarende trekk hos palestinarane. Jødane har derfor ikkje problem med å infiltrere fienden. Namn som nøkkel til identitet, er enkelt å endre, men er etnisk identitet knytt til det sosiale liv, er det straks meir komplisert. Språk kan, på same måte som hudfarge, vere totalt villeiande som grunnlag for etnisk identifikasjon.

I Vesten er religion noe individet normalt fritt kan velje, det er eit trusspørsmål, religion er noe ein kan slutte seg til eller forlate. I andre sivilisasjonar er ikkje religion berre eit trusspørsmål, men ein integrert del av identiteten. For noen er religion vove saman med heile deira kjensle av å tilhøre eit folk. Desse gruppene ser det å endre religion som det same som å endre identitet. Hos alawiarane og religiøse grupper i Libanon fell gudsdyrkning, religion og etnisitet saman. På same måte finst det etniske grupper der medlemmene hører til ulike religionar. Av det intervjuobjekta fortel oss, går det tydeleg fram at den autoriserte iranske tolkinga av sjia-islam er så dramatisk ulik slik denne religionen blir praktisert i Aserbajdsjan at det i realiteten er tale om to ulike religionar, to ulike verdener om ein vil, det sekulære Aserbajdsjan versus det prestestyrte Iran. Det er derfor ei analytisk felle å tru at fordi sjia-retninga er den dominante i begge land så dannar det grunnlaget for ein religiøs fellesskap på tvers av grensene mellom dei to landa. Men skulle islamiseringa av Aserbajdsjan gripe om seg, vil dette endre seg radikalt. Fram til nå har språket vore den viktigaste betydningsskiljande markøren mellom dei to sjia-muslimske gruppene, skjer det ei islamisering av Aserbajdsjan, vil religionen kunne bli ein sameinande etnisk markør.

Vi tenker også gjerne at etnisitet er knytt til fødsel og blodsband, men ikkje alltid. Etnisitet bygger på ein myte om felles forfedrar og det inneber trua på at ein har visse felles medfødde trekk. I praksis er det likevel døme på at grupper som er i konflikt med kvarandre, har like medfødde fysiske trekk, men trua på ulikt opphav er likevel sterkt. Forholdet mellom fysiske trekk og etniske grupper blir derfor temmeleg elastisk. Det heilt sentrale i etnisk bevisstgjøring blir derfor ei subjektiv oppfatning om felles bakgrunn uavhengig av om dette er eit objektivt blodsslekskap eller ikkje.

Vi ser på valfridom og det lagnadsbestemte som to gjensidig ekskluderande kategoriar, men slik fungerer det ikkje i praksis for etniske grupper. Adopterte barn blir gjerne aksepterte på linje med eigne barn. På same måte er det i mange samfunn vanleg at ein kan bli medlem av ei slektslinje som ein ikkje er fødd inn i gjennom langvarig opphald hos, eller tilknyting til, denne slektslinja. Men trua på felles bakgrunn er likevel viktig i all etnisitet.

På same måte som individ, kan også grupper endre identitet. Det er forskjell på etniske grupper i kva grad dei aksepterer flytande kriterium for medlemskap. Det varierer også over tid, i enkelte periodar er medlemskap flytande, i andre går ein over til strengare kriterium, som i etniske konfliktar.

Andre legg mindre vekt på identitet, men tilsvarande større vekt på felles normativt atferdsmønster. Etnisitet i dette perspektivet blir definert som grad av konformitet til felles normer i sosial samhandling.

Etnisitet er dynamisk: den er viktig i noen kontekstar, irrelevant og knapt observerbar i andre. Historisk har vi døme på at etnisitet både kan slå over i nasjonalisme som i den tidlegare Sovjetunionen, og i assimilasjon som i USA. Den etniske 'polariseringa' i den tidlegare Sovjetunionen viser korleis etnisitet i auka grad blir knytt til politisk aktivitet, etniske grupper søker tilbake til sine 'etniske' språk og det nye symbolspråket er i stor grad knytt til etnisitet.

I etnonasjonalismen er det eit vilkår at medlemmene av gruppa skal ha *felles forfedrar*, det skal vere blodsfellesskap. Men like viktig er det å ha *felles geografisk opphav* og *den privilegerte posisjonen* gruppa gjør krav på i området. Ideologisk er det nærmast ei moralsk plikt å slå seg ned i fedrane sitt heimland. Og nettopp fordi etnonasjonalismen bygger på felles fedrar og felles jord er *blod og jord* heilt sentrale retoriske begrep i etnonasjonalistisk ideologi. Men det vi opplever når etnisiteten blir 'politisert' for å underbygge ein politisk argumentasjon for ein sjølvstendig stat, er ei ekstrem form for teiknmanipulering. Likevel kan vi nok seie at den aserbajdsjanske etnonasjonalismen har eit godt utgangspunkt knytt til "objektive" fakta ved at dei sentrale kriteria for etnisitet er på plass. Argumentasjonen for

felles jord og felles forfedrar har stort truverde utan noe form for teiknmanipulering. Derimot er det omkringliggende statar som gjør alvorlege forsøk på å frårøve dei felles jord og felles blodsband ved teiknmanipulering. Ved å endre geografiske namn i Iran som har tilknytting til den felles aserbajdsjanske identiteten i landet, prøver Iran å assimilere aserbajdsjanarane inn i persisk teiknmanipulering. Døme på dette er å endre geografiske namn som har språklege røter i azeri til namn med språklege røter i farsi. Aserbajdsjanske iranarar reagerer sterkt på dette, noe som kan oppfattast som indirekte teikn på at det er grobotn for aserbajdsjansk etnonasjonalisme i Iran dersom dei politiske tilhøva ligg til rette for det.

Grunngjeving av problemstilling

Den ideologiske bodskapen i etnonasjonalismen bygger på to hovudprinsipp: Kravet om territorium og retten til å gjenopplive og dyrke eigen etnisitet. Tanken om statsdanning fører automatisk til konflikt med ein eller fleire statar, den innebygde interessekonflikten i etniske krav resulterer oftast i krig. Når det er situasjonen, blir etniske markørar systematisk nytta til å bygge opp eit odiøst bilde av motparten og eit gloriøst bilde av eiga etnisk gruppe. Etnisitet i dette politiske prosjektet blir derfor i aller høgste grad ein 'innbilt' etnisitet.

Overflatisk sett skulle ein tru at islam som held fram verdien av det store muslimske fellesskapet heva over gruppe, klan, stamme og nasjon, skulle stå i sterkt motsetning til etnonasjonalismens 'partikularistiske' ideologi. Men den islamske religiøse 'universalismen' verkar villeiande på observatørar. Islam får eit anna ansikt når dei religiøse kjenslene som er knytte til islam, blir 'transformert' til politisk mobilisering¹⁴.

Det tyrkiske språket i Sentral-Asia og Kaukasia stod som den fremste etniske markøren i den etnonasjonalistiske bølgja etter Sovjetunionens fall. Med unntak av i Tadsjikistan var tyrkisk ved sida av russisk talemålet i alle dei sentralasiatiske republikkane, i aller høgste grad gjaldt dette i Aserbajdsjan. Det igjen å ta i bruk dei tyrkiske språka markerte eit av dei første forsiktige stega mot det som skulle bli eit opprør mot sentralmakta. Dette er òg situasjonen i den aserbajdsjanske nasjonalismen i Iran, men her står azeri i kontrast til farsi, ikkje russisk¹⁵. Forsøk på å hevde azeri blir därleg mottatt av titulærbefolkninga i Iran

¹⁴ Grannes, Alf og Daniel Heradstveit: *Etnisk nasjonalisme. Folkegrupper og konflikter i Kaukasia og Sentral-Asia*, Oslo: TANO 1994, s. 168–172

¹⁵ Gammelpersisk er det eldste språket, farsi (nypersisk) er det offisielle språket i Iran i dag. Aschehoug og Gyldendals leksikon, Kunnskapsforlaget

som foraktar dette språket, dei viser ei holdning prega av arroganse som grensar til rasisme¹⁶. Alternativet til denne nærmast rasistiske holdninga er assimilering, og i det ligg å slette spor knytte til det tyrkiske. Har ein ein dialekt eller aksent som vitnar om aserbajdsjansk bakgrunn, får ein problem med å bli godtatt på linje med privilegerte farsitalande borgarar med aksent frå Teheran, i dagens Iran er derfor integrering ikkje noe alternativ, einaste reelle val er assimilering. Slik Asgharzadeh ser det, er dei fleste høgare stillingar reservert farsitalande med den ”rette” aksent¹⁷. Sett på denne bakgrunn er raseriet mot sentralmakta da den statlege avisa *Iran* i mai 2006 trykte ein karikatur av ein kakerlakk som snakka azeri – i motsetning til dei andre på bildet som snakka farsi – forståeleg. Men årsaka til spenningane ligg nok ikkje utelukkande i klasseperspektivet, det ligg òg politiske motiv bak, å snakke azeri-tyrkisk gir politisk signal om ein politisk dagsorden i opposisjon til sentralmakta i Teheran. Bak sentralmaktas mobbing av azeri-tyrkisk ligg redsla for kva det kan føre til for persarstaten om dei som snakkar azeri-tyrkisk får fritt spelerom. Språket er med andre ord politisert, det signaliserer eit trugsmål mot dagens persiske stat, derfor reagerer sentralmakta med mobbing og forbod, og derfor overreagerer dei styrande på alle tilløp til opprør i dei aserbajdsjanske provinsane i nord. Reaksjonen aserbajdsjanarane hadde på kakerlakkepisoden illustrerer hatet og aggressjonen dei tyrkisktalande kjänner overfor persarane som behandlar dei som annanrangs borgarar, persarane på si side viser sitt sanne ansikt ved å la skadedyr snakke azeri – siviliserte menneske derimot snakkar farsi. Bildet er likevel litt meir nyansert enn det vi har teikna til nå. Islamiststyret har vist større empati for etniske minoritetars behov for kulturell sjølvhevdning enn kva tilfellet var under sjahen. Khomeini godtok såkalla ”autentiske iranske kulturelle ytringar” som språket azeri blei sett på som ein del av. Dette varde likevel berre i fire år, etter det sette Khomeini strenge grenser for bruken av språket som i det store og heile meir er blitt eit ornament over folkelege tradisjonar enn eit bruksspråk jamstelt med farsi.

Iran som går inn for assimilasjon har i tillegg til forsøk på å utslette aserbajdsjanaranes kulturelle arv – i første rekke manifestert ved undertrykking og mobbing av språket azeri – flytta andre etniske grupper mot grensa til Nord-Aserbajdsjan (nå republikken Aserbajdsjan) for å redusere aserbajdsjansk samhandling mellom nord og sør. Eller som òg er blitt gjort: flytta etniske grupper som ikkje har sympati for kvarandre saman, som til dømes

¹⁶ Sjå bl.a.: Asgharzadeh, Alireza: ”Farstoxication: A colorful charming snake”

<http://bakutoday.net/view.php?d=10307>

¹⁷ op.cit.

aserbajdsjanarar og kurdarar, for slik å gi sentralmakta større innverknad som meklar mellom stridande etniske grupper, noe Stalin i stor utstrekning praktiserte i Sovjetunionen.

Aserbajdsjan er eit produkt av kolonimakters tenking og kompromiss der grenser stadig har blitt flytta slik tilfellet er – ikkje berre i resten av Kaukasia – men òg lenger sør som i Persiabukta, ja, i heile det arabiske Midtausten. Det er ikkje den lokale befolkninga som har trekt grensene, mange vil derfor oppfatte dei som kunstige, som noe påtvinga utanfrå som ikkje er liv laga. Men praksis har til nå vist at slike grenser har ein overraskande motstandsstyrke, få av statane kolonimaktene skapte, har brote saman. Irak er såleis eit unntak – men denne utviklinga er ikkje utløyst av lokale krefter, men av ein utanforståande stat: USA. Sett på bakgrunn av den tidlegare koloniseringa i området, er det ikkje meir enn naturleg at USAs krig føyer seg inn i eit mønster dei kjenner frå før: kolonialismen. Ein stadig meir vaklande iraksk stat avdekker markerte koloniale trekk. På same måte som Irak før invasjonen, har òg Iran alvorlege problem med den etniske samansettinga i staten. Iran må leve med ikkje berre aserbajdsjanarar, men òg andre etniske grupper, ein reknar med at om lag halve befolkninga i staten har ikkje-persisk bakgrunn. Men her er det viktig å ha in mente at Iran ikkje er ein nasjonalstat etter europeisk mønster, det vil seie ein stat som i si nasjonsbygging bygger på inkluderande og felles symbol og der borgarskap er avgjørande. Tvert om bygger Iran, på same måte som andre statar i Kaukasia og Persiabukta, på éi privilegert gruppe, den persiske, etniske minoritetsgrupper som ønskjer å hevde sin kultur og eigenart, blir sett på som eit trugsmål mot staten. Minoritetsgruppene blir straffa, ikkje berre kulturelt, men òg ressursmessig. Provinsane der brorparten av minoritetsgruppene lever, får tilført langt mindre økonomiske midlar enn den persisktalande befolkninga. I politikken legg ein vinn på assimilering, integrering i den europeiske tydinga av ordet, er framord, på same måte som fleirkulturell, mangfold og pluralisme er det. Den haltande nasjonsbygginga gjør statane spesielt sårbar for militære åtak utanfrå, ikkje minst fordi staten ikkje kan rekne med lojalitet frå minoritetane som – som diskriminerte og undertrykte – står i opposisjon til staten. Men det finst unntak, minoritetsgrupper kan vise ein overraskande lojalitet mot staten når ”fienden” går til åtak.

Irak er i dag i ferd med å bli fragmentert, og spørsmålet er kva som skjer når ein ”påtvinga nasjonalstat” i eit slikt område rakknar. Vi ser nå konturane av korleis destabiliseringa i Irak skaper indre spenningar i nabostatane, og korleis spenningane som er knytte til etnisitet og religion, blir faretruande, ikkje berre for den staten der krigen går føre seg, men òg for omkringliggende statar. Ein hovudgrunn til dette er at mange minoritetsgrupper ikkje lever innanfor nasjonale grenser, men er ”delt” med nabostatar

slik kurdarane til dømes er det. Oftast er det naturleg å snakke om diskriminerte etniske minoritetar, men i det arabiske Midtausten er det ikkje nødvendigvis majoritetsgruppa som sit ved makta. Irak, Syria, Bahrain – og vi kunne vel legge til Libanon – er døme på statar der minoritetsgrupper ved makta diskriminerer majoritetsgrupper. Styrkeforholdet og den ømtolige balansen mellom ulike etniske grupper blir lett forstyrra av til dømes krig og skaper uvisse i heile området. Dette ser vi dagleg demonstrert i Irak der spesielt grupper som kjende seg undertrykte under Saddam, ser nye sjansar for å endre forholda og frigjøre seg frå upopulære styresett. Tilsvarande utviklingstrekk vil vi kunne sjå i Iran dersom vestlege mottrekk til Irans kjernefysiske program skulle destabilisere sentralstyret i landet. Alt under felterbeidet vårt i Iran i 2002 var det medlemmer av den demokratiske opposisjonen som lét det skine gjennom at eit militært åtak mot landet kunne ha sine positive sider. I følgje intervjuobjekta ville dette kunne gjøre slutt på den fastlåste situasjonen og opne for andre maktkonstellasjoner. Liknande holdningar finn vi nok òg i etniske grupper i Iran som ønskjer å bli kvitt åket frå den iranske sentralmakta, og eit spørsmål kan vere korleis aserbajdsjanarane i nord som er særleg viktige for Irans stabilitet, vil reagere. Eit sentralt spørsmål i denne studien blir derfor om eit militært åtak mot Iran kan opne for destabilisering som gjør at styremaktene mister grep, og at nye grupperingar ser sjansen for å gripe makta og frigjøre seg frå staten. Alternativt kan eit militært åtak utvide maktbasen til autoritære krefter som hentar næring frå eit trugande fiendebilde ein samla må nedkjempe. Til nå har striden om Irans kjernefysiske program tent Mahmoud Ahmadinejad og dei autoritære kreftene i Iran, men ein kvalitativt ny situasjon oppstår den dagen det eventuelt må setjast i verk militæraksjonar mot landet.

Som vi skal sjå, kjem det under felterbeidet i Aserbajdsjan i 2006 fram at den aserbajdsjanske befolkninga i Iran utelukkande på basis av trugsmål om militære åtak mot landet, alt nå reorienterer seg mot Aserbajdsjan. Aserbajdsjan blir sett på som frihamn og mål for fluktruta bort frå Irans prestestyre. Vi har ingen statistikk som viser kor mange dette kan dreie seg om, men det vi veit sikkert, er at det vekte oppsikt i Baku der egedomsprisane gjekk markert opp grunna den auka etterspurnaden etter leilegheiter i byen. Intervjuobjekta våre lét det ikkje vere tvil om at dei såg det som teikn på at blodsbanda som eksisterer mellom aserbajdsjanarane i nord og sør, vil kunne endre det framtidige kartet i området.

Når det gjeld Aserbajdsjan, har det heilt sidan Alijev kom til makta, ikkje på noe tidspunkt blitt tatt til orde for krig for å gjenvinne det etniske samhaldet med aserbajdsjanarane i Iran, det er i dag derfor ikkje snakk om noen alvorleg etnisk konflikt mellom dei to landa. Men som våre data viser, er potensialet for etnisk konflikt heile tida til

stades og kan i dramatiske situasjoner bli aktualisert – til dømes ved ein krig mot Iran. Trass ulike etniske grupper i Aserbajdsjan som lesgiarar og talysjar, kan Aserbajdsjan på mange måtar seiast å vere ein etnonasjonalistisk stat i den forstand at landets nasjonsbygging etter samanbrotet i Sovjetunionen bygde på dei samlande symbola for den desidert største etniske gruppa i landet. Den aserbajdsjanske nasjonsbygginga har sterke innslag av etnonasjonalistisk tenking, i dette perspektivet er det derfor ei haltande nasjonsbygging der etnisitet speler ei hovudrolle og der jamvel klantenkinga står sterkt. Moderne borgarskapstenking slik som i europeiske nasjonalstatar er som vi alt har vore inne på, på begynnarsstadiet. Dette er ein situasjon typisk for dei fleste tidlegare koloniserte statane i vår tid, jamvel det moderniserte Tyrkia har mye å ta igjen før det kan hevde at borgarskap er viktigare enn etnisk og religiøs bakgrunn. Vi tenker ikkje da berre på problemet med kurdarane, men òg på alawiarane. I Tyrkia er det ei vanleg oppfatning at den tyrkiske staten er ”konfiskert” av dei som hører til sunni-islam¹⁸. Vi vil hevde at den aserbajdsjanske staten er konfiskert av etniske aserbajdsjanarar og at vi derfor har hatt tilløp til etniske opprør i landet. Mørkaste kapitlet i denne samanhengen er massakren på armenarar i hamnebyen Sumgait i 1988. Talysjane i sør som snakkar eit iransk språk, har gjort opprør, og den aserbajdsjanske staten fryktar etniske problem med lesgiarane, ei folkegruppe som tilhører sunni-islam, og som lever på begge sider av grensa mellom Dagestan og Aserbajdsjan. Intervjuobjekta våre gir klart uttrykk for at dersom Aserbajdsjan skulle puste liv i den etniske nasjonalismen i Iran, vil dette kunne slå tilbake ved at Iran pustar liv i etnisitsproblem i Aserbajdsjan. Dette kan vere nok ein grunn til at Aserbajdsjan ikkje fører ein offisiell politikk som på noen måte kan bli oppfatta som frieri til etniske minoritetar i Iran som til dømes aserbajdsjanarane. Det går klart fram av intervjudata våre at otten for Iran er stor.

I moderne tenking i ei globalisert verd er føresetnaden for eit vellykka nasjonsprosjekt at borgarskap, ikkje etnisitet, dannar utgangspunkt for dei rettar, privilegium og plikter som borgarane har i staten. Etnonasjonalismen er ikkje like rotfesta blant innbyggjarane i Aserbajdsjan som den er i det jødiske og armenske folket til dømes. Jødane kan stå som det klaraste eksemplet på etnisitet som kriterium for nasjonsbygging, alle symbol kviler på det etniske. Den etniske markøren ligg i religionen. At dette er slik, er forståeleg sett på bakgrunn av det som har skjedd med jødane i Europa, men det gjør likevel at staten Israel har vanskeleg for å bli godtatt. Borgarane i Aserbajdsjan oppfattar seg ikkje som etnonasjonalistar, tvert om

¹⁸ Herasdsteit, Daniel: *Kampen mellom sekularisme og islamisme i Tyrkia. Ei intervjuundersøking*. NUPI Report no. 244. Norsk Utenrikspolitisk Institutt, Oslo 1999 s. 50

vil dei hevde at dei er tolerante overfor andre grupper. Det er ein lang prosess fram til bevisstgjøringa om at minoritetsgrupper som lesgiarar, talysjar og armenarar ikkje nødvendigvis alltid føler at dei har dei same rettane overfor staten som etniske aserbajdsjanarar. I Aserbajdsjan er det på ingen måte uproblematisk med religionsfridom. Landets sterke sekulære tradisjon forklarer langt på veg at makthavarane ser med den største skepsis på all misjonering.

Tanken om ei samanslåing av aserbajdsjanarane i Aserbajdsjan og Iran blir nå sett på som både utopisk og urealistisk. Slik var det ikkje rett etter Sovjetunionens fall, da var det stor uvisse knytt til kva utslag etnonasjonalistiske straumdrag kunne få i området. I Iran var nervøsitetten stor. Men som det går fram av intervjuaterialet vårt, ser Iran framleis med mistru og ein viss frykt på aserbajdsjanske samlingar på tvers av nasjonale grenser. Iran er eit lappeteppe av etniske grupper der ulike kulturar ikkje får utfolde seg i det offentlege rom, styresmaktene er spesielt på vakt når det gjeld språket azeri. Men det som verkar som politisk utopi i dag, kan bli realpolitikk i morgen. Vår utgangshypotese er at eit militært åttak mot Iran lett kan bli ein utlösande faktor for latente etniske verdiar som i dag ikkje i særleg grad kjem til uttrykk i det offentlege rom, men som kan bli synlege nærmast over natta i tilfelle det skjer ei destabilisering av Iran. I eit destabilisert Iran vil samarbeid mellom aserbajdsjanarar på begge sider av grensa, eller jamvel samanslåing av dei to aserbajdsjanske folkegruppene i ein stat, kunne fortone seg som noe meir enn ein politisk utopi. Dei store omveltingane vil da finne stad på iransk side av grensa. Etnisk separatisme har vore eit vedvarande trugsmål mot Iran som stat, det er derfor stor frykt for at vestlege makter vil utnytte spenningane med det for auga å destabilisere landet¹⁹. Rett nok fører islamistane ein meir vennleg politikk overfor etniske minoritetar enn kva tilfellet var under sjahen, det er ei vanleg oppfatning både i og utanfor Iran at etniske minoritetar finn seg vel til rette i landet, men dette er likevel ei sanning med sterke modifikasjonar. Samanlikna med nabostatane er det rett at etniske minoritetar er relativt godt integrerte, dette hindrar likevel ikkje at vi tidvis er vitne til opprør og uro som har rot i etniske forhold.

På same måte som under sjahen, skaper sentrum/periferi konfliktar i moderne tid i Iran. Dei latente spenningane kjem til overflata når periferien kjenner at sentrum mister noe av grepet om makta slik situasjonen var i kjølvatnet av den islamske revolusjonen i 1979. Ulike revolusjonære grupper kjempa ved sjahens fall om makta, det gjaldt særleg grupper

¹⁹ Asia Times Online June 8, 2006

Sjå også: Bradley, John R.: Iran's Ethnic Tinderbox i The Washington Quarterly pp. 181–190 Winter 2006–07

med ei sekulær/demokratisk orientering (arvtakarane etter Muhammad Mossadeq²⁰). Striden gjekk òg på kva ideologi det nye styret skulle bygge på. Khomeini vann, men først etter lang kamp om makta. Det sentrale styret i Iran var under den pågående maktkampen mellom ulike revolusjonære grupper naturleg nok sterkt svekka, og i dette maktvakuumet var det fritt fram for etniske grupperingar. Ikkje overraskande førte det til uro i den arabisk- og sunnidominerte provinsen Khuzistan som med sine store oljereservar er eit nervesenter i den iranske økonomien²¹. Vi minner òg om at problem i Iran med den arabiske minoriteten i Khuzistan (ca. 2 mill. totalt)²² var ein utløysande faktor for Golfkrigen 1980–1988. I det området av Baluchistan som ligg innanfor Irans grenser er sunni baluchiske nomadar årsak til uro. 1. desember 2005 skal baluchar ha gjort forsøk på å myrde president Ahmadinejad²³. Det har òg vore tilløp til uro i nordaust der turkmenarane er busette, og kurdarane (om lag 4.8 mill.)²⁴ er eit vedvarande problem utan at vi her kan komme nærmare inn på det.

Vi har nå kort skissert det etniske lappeteppet som utgjør ca. halvparten av befolkninga i Iran, og der vår utgangshypotese er at desse under visse forhold kan komme til å destabilisere landet. Dette var situasjonen da ulike grupper som gjekk inn for revolusjonen, etter sjahens fall kjempa om makta. Khomeini blei sigerherre, dei demokratiske kreftene kom på sidelinja. I tidsrommet da tautrekkinga om kven som skulle ha makta i den nye republikken gjekk føre seg, var sentralregjeringa i Iran kraftig svekka, og dette førte til etniske opprør i landet. Eit vestleg militært åtok mot iranske kjernefysiske installasjonar og eventuelt mot Pasdaran vil kunne svekke sentralmakta mye, noe som igjen vil kunne føre til etniske opprør i periferien. På same måte som ein i Sovjetunionen i si tid hadde tankar om å gjøre Iran fragmentert ved å vekke antagonistiske minoritetsgrupper i landet, ser vi at liknande tankar nå gjør seg gjeldande i USA²⁵.

²⁰ Statsminister 1951–1953. Ein stor del av iranarane ser på Mossadeq som den fremste fridoms- og demokratiforkjemparen i iransk historie. I 1953 blei han fjerna ved eit kupp der sjahen og CIA spelte hovudrolla.

²¹ Asia Times Online June 8, 2006

Sjå også: Bradley, John R.: Iran's Ethnic Tinderbox i The Washington Quarterly p. 183 Winter 2006–07

²² Asia Times Online June 8, 2006

Sjå også: Bradley, John R.: Iran's Ethnic Tinderbox i The Washington Quarterly p. 183 Winter 2006–07

²³ Asia Times Online June 8, 2006

Sjå også: Bradley, John R.: Iran's Ethnic Tinderbox i The Washington Quarterly p. 187

²⁴ Asia Times Online June 8, 2006

Sjå også: Bradley, John R.: Iran's Ethnic Tinderbox i The Washington Quarterly p. 187 Winter 2006–07

²⁵ Sjå mellom anna Luttwak, Edward i Wall Street Journal 27. februar 2007

Med unntak av kurdarane fekk uroa med opphav i etniske grupper ein brå slutt da Khomeini med sitt autoritære og sentraliserte styre overtok. Det som hende den gongen, er likevel eit signal om kva som kan skje med Iran dersom sentralregjeringa mister grepet. Eit militært åtak for å stoppe Irans kjernefysiske program kan tenkast å skape ein slik situasjon. Etniske opprør i periferien kan gå parallelt med, og trekke saman med, demokratikrefstene i metropolen som heilt sidan Mossadeqs dagar har vore undertrykte, men som likevel har vakse i styrke og demokratisk innsikt. Forsmaken på dette har alt manifestert seg gjennom valet av Mohammad Khatami som president (1997–2005) og den ideologiske nyorienteringa som han stod for gjennom forsøk på å svekke hovuddoktrinen for diktaturet, *velayat-e faqih*. At vi i tida med Ahmadinejad har opplevd ei form for populistisk nykonservativisme, tyder ikkje at demokratikrefstene i landet har gitt opp, tvert om kan det tenkast at dei kjem enda sterkare tilbake som ein motreaksjon på Ahmadinejads ekstremisme. Tanken om demokrati og fridom har spreidd seg i Iran. Det nåverande vanstyret vil kunne føre til at reformrørsla blir sett på med blidare auge, og dermed igjen blir eit reelt alternativ.

At iranske aserbajdsjanarar heldt ein relativt låg profil i det maktvakuum som oppstod etter revolusjonen i 1979, vitnar om ei etnisk gruppe knytt til iransk nasjonsbygging. Nettopp denne oppfatninga var det som førde til at den aserbajdsjanske presidentens draum om å samle alle aserbajdsjanarar i eitt rike, blei avskriven som utopi. Men signala er tvitydige. Karikaturteikninga i avisa *Iran* der aserbajdsjanarane blir framstilte som kakerlakkar, var alt som skulle til for å skape alvorleg etnisk uro i dei to provinsane nord i landet, Aust- og Vest-Aserbajdsjan. Skulle aserbajdsjanarane alliere seg med dei andre etniske minoritetane i landet og gjøre opprør, er det opna for fragmentering av den iranske staten. Trass i episodiske opprør er likevel aserbajdsjanarane i dag solid integrert i maktapparatet. Den ”åndelege” leiaren i Iran, ayatollah Ali Khamenei, er aserbajdsjanar, det same er sjefen for den mektige revolusjonsgarden, Rahim Safavi og tidlegare statsminister Mir Hossein Maousavi. Dette er ikkje enkeltståande tilfelle, aserbajdsjanarar i posisjonar innanfor det sentrale maktapparatet er ikkje uvanleg i dagens Iran, eller sagt på ein annan måte: Aserbajdsjanarane er ikkje ein minoritet i staten, dei *er* – saman med persarane – staten. Når vi så i tillegg veit at majoriteten av aserbajdsjanarar bur i hovudstaden og ikkje i det som historisk blir rekna for det geografiske sentrum for aserbajdsjanarane i landet, nemleg provinsane Aust- og Vest-Aserbajdsjan med Tabriz som hovudstad, kan det verke absurd å snakke om grunnlag for etnisk opprør. I Belgia – eit land som har vore nær oppløysing på grunn av det hatske forholdet mellom fransk- og flamsktalande – er det ei generell oppfatning at sidan begge desse to gruppene er sterkt representerte i hovudstaden, er det limet som har halde den

belgiske nasjonen saman. Ingen av gruppene har lyst til å flytte ut av hovudstaden. Det same gjeld for Teheran, aserbajdsjanarane som bur der nå, har ikkje lyst å flytte ut av hovudstaden. Men når det gjeld dei aserbajdsjanske provinsane i nord, er det likevel ein viktig skilnad mellom Bruxelles og Teheran i måten å reagere på. I Bruxelles har vegen ut av uføret vore å jamstelle dei to språkgruppene, i Teheran derimot er aserbajdsjanarane så avgjort underordna persarane, der er det ikkje på noen måte rom for språket azeri. For ein aserbajdsjanar i Teheran går vegen til karriere via assimilasjon.

Og for å halde oss til Belgia: på grunn av striden mellom flamsk- og fransktalande har landet vakla som nasjonsprosjekt. Dei kraftige reaksjonane på dei tidlegare omtalte karikaturteikningane er eit urovekkande signal om at alvorlege konfrontasjonar kan komme til å oppstå mellom den iranske azeritalande befolkninga og den persisktalande. Den kulturelle undertrykkinga av språket azeri og i tillegg nabostaten Aserbajdsjans opne flörting med tanke på nærmare samarbeid med sine aserbajdsjanske brør i Iran, tilseier at spenninga under overflata blir halden i live. Aserbajdsjanarane snakkar ein variant av tyrkisk som ligg nær opp til talemålet både i Aserbajdsjan og Tyrkia, vi kan derfor ikkje sjå bort frå at ein annan nabostat, Tyrkia, heller ikkje er framand for å utnytte den kulturelle kapital som ligg i dette til å utvide sin innverknad. Eit indirekte teikn på dei store spenningane i periferien er den nervøsitet sentralmakta i Iran viser ved det minste tilløp til opprør. I Teheran fryktar sentralmakta demonstrerande studentar som tradisjonelt har spelt ei viktig rolle i iransk politikk, i periferien fryktar dei den aukande etniske bevisstheten.

Balkan og Irak er døme på korleis etniske spenningar på kort tid kan føre til fragmentering av tidlegare nasjonalstatar, men som vi har vore inne på tidlegare, opplever få statar med etnisk uro ei slik utvikling. Men skulle aserbajdsjanarane i nord som følgje av eit militært åtok mot Iran sjå sitt snitt til å gjøre opprør – noe intervjudata våre viser ikkje er usannsynleg – kan overtydde sekularistar og moderate islamistar i Iran som går inn for demokrati, samstundes komme til å ta opp kampen mot sentralmakta. Eit slikt opprør vil dei etniske minoritetane i periferien etter alt å dømme slutte seg til, kurdarane og aserbajdsjanarane vil vere tunga på vektskåla. Utanlandske makter vil i denne samanhengen og truleg ”hjelpe til” med å støtte kampen mot ”pretestyret”. At ei statleg persisk avis slik vi alt har nemnt, i mai 2006 gjorde narr av azeri, viser at Iran har eit problem. Iran tåler lite uro i sine aserbajdsjanske provinsar i nord, uro her kan lett spreie seg til resten av minoritetane i landet.

Studien vår avgrensar seg til azseri-nasjonalismen, vi går derfor ikkje inn på andre etniske grupper, men berre nemner at andre minoritetsgrupper generelt har gått lengre i å

gjøre opprør mot staten Iran enn det aserbajdsjanarane har gjort. Inspirert av det som skjer i Irak, har dei iranske kurdarane til dømes tent som spydspiss mot den iranske sentralmakta. Iran jaktar på iranske kurdarar som oppheld seg i Iran, men som nyttar Irak som fristad. Baluchistan er eit landskap som ligg på begge sider av grensa mellom Iran og Pakistan, baluchar er eit iransk folkeslag, og baluchi språket på begge sider av grensa. Det at sunni-islam har vind i segla i denne etniske minoriteten, gjør at den framstår som eit trugsmål for prestestyret i Teheran. Eit anna problem er den arabisk busette provinsen Khuzistan, det blir sagt at både britisk og amerikansk etterretning nører opp under uroa her.

Utan å trekke parallellell for langt nemner vi at sjia- og sunni-muslimar i Irak i lange tider levde relativt fredeleg saman, vidare rapporterte observatørar om sjia-muslimar som hadde høge stillingar i Saddam Husseins regime, den utbreidde oppfatninga om at dei var diskriminerte, måtte ein ta med ei klype salt²⁶. Tilsvarande har vi fått høre at serbarane i Algerie òg er godt integrerte i den algeriske staten, noe det høge talet på serbarar med stillingar i det algeriske maktapparatet, er bevis på²⁷. Når så intervjuobjekta våre held fram at aserbajdsjanarane i Iran er godt integrerte, nemner mange av dei som bevis på dette at den øvste leiaren i den iranske staten, Khamenei, er aserbajdsjanar. Det er likevel slik at når konfliktar toppar seg, kan religiøse og etniske skilnader som er avlagra i kulturen, og som i rolege tider er neddempa, vere avgjørande. Dersom det blir sett i verk militære aksjonar mot Iran med etterfølgjande straumar av aserbajdsjanske flyktingar til Aserbajdsjan, kan latente etniske spenningar komme i eit nytt lys. Flyktingar i Aserbajdsjan vil kunne øve press ved å komme med krav om omlegging av det iranske regimets politikk, og med ei negativ utvikling kan det føre til oppløysing av den iranske staten. Flyktingstraumar frå Iran vil òg kunne destabilisere Aserbajdsjan slik intervjuobjekta våre understrekar. I ein destabiliseringspolitikk som medfører nedbryting av eksisterande nasjonalstatar i området, blir det slik sett ingen vinnarar.

²⁶ Sagt blant anna av Irakeksperten Tim Niblock i ei forelesing på NUPI i 1988.

²⁷ Heradstveit, Daniel: *Political Islam in Algeria*, The Norwegian Institute of International Affairs Oslo 1997

Kapittel III

Datagrunnlaget for studien

Originaldata frå feltarbeidet i Aserbajdsjan våren 2006 vil utgjøre datagrunnlaget i denne rapporten. Medan vi i tidlegare analysar har trekt på ein omfattande sekundær litteratur på Iran og Aserbajdsjan²⁸, vil vi i denne rapporten avgrense oss til eigne innsamla data frå feltarbeidet våren 2006. Ved å bygge på originaldata håper vi å kunne nyansere og utfylle litteraturen som alt er publisert på dei tema vi tar opp.

Det er viktig at leseren får med seg at framstillingsforma i denne forskingsrapporten avvik frå det tradisjonelle ved at originaldata – utsegnene til intervjuobjekta – er tatt med i teksten. Grunnen til dette er at når data blir presentert i tabellar vil leseren kunne gå glipp av viktig informasjon ved at meiningsinnhald nødvendigvis går tapt, og vidare at leseren ikkje vil kunne kontrollere representativiteten av eksempel forskaren sjølv har valt ut. Når vi i teksten tar med heile universet av svar i tillegg til tabelloppsett over fordeling av svar, har vi òg hatt i tankane at det fremjar kumulativ forsking på Aserbajdsjan ved at det gjør det lettare for framtidige forskrarar å inkludere og bygge vidare på dei data vi har samla. Ei ulempe med denne presentasjonsforma er at rapporten blir mindre lesarvennleg, det blir meir krevjande for leseren enn kva tilfellet er med summarisk tabelloversikter der stor tekstmengde kan bli summert opp på ei halv side.

Datagrunnlaget for arbeidet vårt er dybdeintervju med 21 medlemmer av den aserbajdsjanske politiske eliten. La oss først presisere at det ikkje er eit utval i statistisk forstand som ligg til grunn for denne undersøkinga. Vi har gjort eit skjønnsmessig utval av politiske elitar som representerer den politiske opposisjonen i Aserbajdsjan. I det skjønnsmessige utvalet av respondentar introduserer vi eit dynamisk perspektiv ved at vi

²⁸ Sjå mellom anna: 2004: Oil in the Gulf. Obstacles to Democracy and Development, co-editor Helge Hveem, Ashgate, Oxford. 2004: "The Psychology of Corruption in Azerbaijan and Iran". Co-author: G. Matthew Bonham in Daniel Heradstveit and Helge Hveem (eds.) Oil in the Gulf. Obstacles to Democracy and Development, Ashgate Oxford. 2001: Democracy and Oil: The Case of Azerbaijan, Reichert Verlag, Wiesbaden. 2001: "Local Elites Meet Foreign Corporations. The examples of Iran and Azerbaijan". Cahiers d'études sur la Méditerranée orientale et le monde turco-iranien, No 32. 2001: "Democratic development in Azerbaijan and the role of the Western oil industry". Central Asian Survey, Vol. 20 no. 3. 2000: "Tautrekkinga mellom diktatur og demokrati i Aserbajdsjan", Internasjonal Politikk, no. 2.

prøver å fange opp tendensar som i dag er marginale, men som kan bli retningsgivande for den politiske utviklinga ein gong i framtida, det er med andre ord ikkje utelukkande snakk om ”augneblinksfotografi” av politiske holdningar slik som i valmålingar

Utval av intervjuobjekt

Utvalet vårt er avgrensa til den opposisjonen i Aserbajdsjan som offentleg kjempar for demokrati, menneskerettar og rettsstat, og som dermed naturleg nok er relativt vestleg og sekulært orientert. Dei intervjuer er vidare personar som tydeleg har markert seg i det offentlege rom. Det er kjende personar som blir tillagt betydning i Aserbajdsjan, intervjuobjekta hører med andre ord til det vi kallar eliten. Innan samfunnsvitskapen har ein til nå ikkje komme fram til ei tilfredsstillande løysing på korleis ein skal definere universet av elitar, og kan ein ikkje definere universet, er det heller ikkje mogleg å trekke eit tilfeldig utval. Vi kan derfor ikkje påstå at oppfatningane vi har kartlagt, er representative for den politiske eliten det her er tale om. Men fordi vi i utvalet har inkludert eit vidt spektrum av det vi kallar eliteoppfatningar innan den opposisjonelle eliten i Aserbajdsjan, er det grunn til å tru at dei ulike oppfatningane innan eliten i stor grad er representerte i våre data. Derimot vil eit såpass beskjedent utval som vi har (NB ikkje utval i statistisk forstand) ikkje vere eigna til i prosent å vise skilnader i styrkeforholdet mellom ulike oppfatningar. Det er heller ikkje vårt forskingsformål. Vi er snarare meir interesserte i tankestrukturar, generelle orienteringar og samanhengande resonnement enn i ja og nei til det og det partiet. Vi ønskjer å kartlegge dei begrepa opposisjonen knyter til dagens situasjon, og korleis dei ulike begrepa blir kopla. Det er med andre ord dybdeintervju, intervju som går inn i måten politiske spørsmål blir diskuterte og debatterte på, og ikkje berre det, resonnement som kan vere relativt marginale i utvalet vårt kan – når vi legg eit komparativt perspektiv på det – komme til å bli viktige. Vi er derfor like interesserte i denne typen ”ikkje-representative” data. Eksempelvis er politisk islam i liten grad representert ved valurnene, men data våre avdekker at noe er på gang som kan endre det politiske landskapet når det gjeld Aserbajdsjans orientering mot denne retninga innan islam.

Dette at vi ikkje er opptatt av styrkeforholdet mellom grupper eller prediksjon av valutfall, men snarare av elitetenkinga og tankestrukturane som dominerer den politiske scenen til den opposisjonelle eliten, gjør òg at kvantifiserte data blir mindre eigna for våre forskingsformål. Vi er interesserte i å avdekke spekteret av ulike tenkemåtar som har komme fram i intervjuer våre. Tabellar er nyttige når det gjeld å presentere raske oversikter over hovudtendensar i politiske holdningar, derfor presenterer vi òg tabellar der vi meiner dette kan

vere nyttig for lesaren. Men i tillegg kjem kvalitativ presentasjon av data der lesaren kan fange inn rikdommen av oppfatningar som gjør seg gjeldande i intervjeta. Dette inneber at vi i rapporten har gjengitt universet av utsegner, lesaren vil kunne lese dei autentiske utsegna frå intervjeta våre. Ein slik framgangsmåte inneber òg at lesaren kan kontrollere grunndata som vi bygger konklusjonane på.

Intervjumetode

Eit springande punkt i ei intervjuundersøking av denne typen er om intervjuobjekta ope og utan sideordna omsyn fortel forskaren sine oppfatningar. I eliteundersøking er det dessutan viktig å stimulere intervjuobjektet slik at det yter sitt beste, og at vi – dersom vi lykkast – maktar å trenge djupare inn i intervjuobjektet sin måte å tenke på. Intervjuobjektet må føle at det er stimulerande å snakke med oss. Både det å snakke ope og fritt og det å bli stimulert under intervjuingen er sentralt og viktig for eit vellykka intervju²⁹. I det følgjande vil vi drøfte problem knytte til metodeproblema ein slik framgangsmåte reiser og korleis dei best kan løysast.

I metodelitteraturen opererer ein med instrumentelle versus persepsjonsreflekterande svar. I daglegtalen tyder eit instrumentelt svar at intervjuobjektet ikkje fortel det det eigentleg meiner, men held tilbake eigne oppfatningar i den hensikt å påverke intervjuaren i ei viss retning, eller intervjuobjektet vil kunne gi uttrykk for oppfatningar som det eigentleg ikkje trur på sjølv. Den intervjeta fortel oss da ikkje det som er hans/hennar ærlege oppfatning (persepsjonsreflekterande svar) og dette resulterer i validitetstap for intervjuaren. Døme på dette er at intervjuobjektet prøver å få intervjuaren til å tru at intervjuobjektets ideologi og tenkemåte står sterkare i Aserbajdsjan enn det intervjuobjektet eigentleg trur. Siktemålet er at intervjuaren i neste omgang vil kunne overdrive styrken av intervjuobjektets eigen politiske posisjon i det politiske landskapet med den propagandageinst dette måtte innebere. Dette er eit instrumentelt svar, og vi seier da gjerne at denne typen data er ”fiendtlege” til det som er formålet med intervjetet, eller sagt på ein annan måte: svara får låg validitet. Ein annan variant av dette fenomenet er når intervjuobjekta rett og slett ikkje vågar å fortelje det dei eigentleg meiner av frykt for eksempelvis negative reaksjonar frå styresmaktene i landet. Til dømes vil vi få data med låg validitet i dei tilfelle der intervjuobjekta – fordi vi er utlendingar – pakkar svara på spørsmål om eksempelvis presidenten i landet inn i eufemismer, pyntar på svara.

²⁹ Desse to motivasjonsfaktorane blir i faglitteraturen kalla ”extrinsic (ytre) stimuli og ”intrinsic” (indre) stimuli.

Gjennom lang erfaring med intervjuing i Aserbajdsjan har vi lært at dette ikkje er noe problem. Opposisjonen er ikkje redd for å henge bjølla på katten. Som illustrerande døme på at presidenten ikkje blir tatt på med silkehanskar, tar vi under med to utsegner frå intervjuet våre i 2006:

Eg arbeidde saman med Geidar Alijev i 6 månader og hadde ein høg posisjon, eg var det vi kunne kalle visepresident. Ilham er ikkje ein gong ein sval skygge av faren, derfor er han totalt mislykka. Han har inga ansvarskjensle.

Ilham var fødd inn i ein familie der han ikkje trøng gjøre noe som helst. Han vokste opp totalt verna innanfor gettoen til KGB. Han fekk ingen idé om korleis vanlege folk levde. Han trøng aldri slåst for noe som helst. Han trøng ikkje tenke på levebrød. Så han er på same nivå som sjeikane i Saudi-Arabia. Han lever i rikdom. Før gjekk han på spelekasino, nå speler han roulette med Aserbajdsjan.

Når ein i vestlege demokrati stiller spørsmål om kva parti folk stemmer på ved eit kommande val, er det viktig at intervjuaren framstår som nøytral og ikkje på noen måte påverkar intervjuobjektet. Er det derimot tale om dybdeintervju av elitar slik som i dette tilfellet, er det eit forskingsmål av ein annan karakter. Det er ikkje tale om å svare på ja/nei-spørsmål som blir fylte ut i prekoda kategoriar, men snarare å fange opp intervjuobjektets resonnement og tenkemåte. I slike intervjuundersøkingar stiller metodeproblema seg annleis. I metodelitteraturen om valmålingar blir intervjuarens nøytralitet eit nøkkelpunkt. I eliteintervjuing av den typen det her er tale om, er forskarens ”truverdighet” eit langt viktigare begrep enn nøytralitet. Elitepersonar gir mest og er mest etterrettelege når dei veit at dei står overfor ein forskar som har stor grad av truverdighet og som har kjende publikasjonar på feltet han intervjuar om, dette i motsetning til dei tilfelle der ein ”nøytral” student intervjuar for ei masteroppgåve. Etter alt å dømme vil ikkje studenten få avtalar med særleg mange av dei intervjuobjekta han/ho helst vil intervju, og sjansen er stor for at intervjuobjektet kjem med lite utfyllande svar. Viktigare enn nøytralitet er stimulans i intervjustituasjonen. Personar med høg utdanning og dessutan sterkt offentleg posisjon vil gi dei beste data dersom dei kjenner at det å snakke med intervjuaren representerer ei ”belønning” ved eksempelvis å få sine synspunkt utfordra gjennom hypotetiske spørsmål. I begrepet ”forskarens truverdighet” ligg òg at intervjuobjektet etter måten kjenner seg trygg på at det som det uttrykker i intervjustituasjonen, blir oppfatta riktig og at data blir behandla på ein etisk høgverdig måte.

Å stille eksempelvis hypotetiske spørsmål er ein teknikk som fører til at intervjuobjekta gir meir av seg sjølv. Denne framgangsmåten appellerer spesielt til elitepersonar. Hypotetiske spørsmål får adrenalinet opp, det ”varmar opp” hjernen og verkar klart stimulerande. Vi trur dette var ein hovudgrunn til at intervjuobjekta i ettertid ofte uttrykte spontan glede over intervjeta våre. Ikkje sjeldan blei vi fortalt at intervjet var lærerikt for dei òg. Når det er tale om elitepersonar slik tilfellet er i dette prosjektet, får vi betre data ved å utfordre intervjuobjekta til å tenke nytt i staden for å repetere konvensjonelle og etablerte oppfatningar. Hypotetiske spørsmål er samstundes ein framifrå måte å kartlegge intervjuobjektets holdningar på. I staden for å spørje ut om eit ømtolig policy-tema tar vi utgangspunkt i det hypotetiske. Men det å snakke om hypotetiske situasjonar er samstundes ein projeksjon av intervjuobjektets alt etablerte holdningar eller fordommar om ein vil. Ved å gå inn i ein analyse av hypotetiske situasjonar avslører intervjuobjektet – utan nødvendigvis sjølv å vere klar over det – likevel sine generelle holdningar til spørsmåla vi er opptatt av.

Skal dybdeintervju av den typen det her er tale om bli vellykka, står både intervjuarens kompetanse på det feltet han/ho intervjuar om og evna til å stimulere intervjuobjektet sentralt. Elitepersonar vil – sjølv i ulike intervjustituasjonar – normalt vere konsistente og stabile i måten å uttrykke seg på uavhengig av hans/hennar inntrykk av intervjuarens personlege holdningar. Det er likevel viktig for intervjuobjektet at det får høve til å nyansere synspunkta sine, noe lukka svarkategoriar ikkje gir intervjuobjekta høve til. Lukka svarkategoriar endar ofte opp med ein serie ja/nei-spørsmål som politiske elitar oppfattar som pliktløp og av lita interesse. I slike situasjonar er intervjuobjekta passive, korte og uninteresserte.

Forsking viser at elitepersonar mislikar lukka svarkategoriar fordi dei kjenner at denne typen kategoriar ikkje på ein tilfredsstillande måte reflekterer det dei eigentleg meiner. Døme på dette kan vere spørsmål som ”Er du for, mot eller nøytral vis-à-vis presidenten i landet?”. Slike spørsmål kan jamvel irritere elitepersonen fordi han/ho kjenner at svaret ikkje uttrykker det han/ho meiner, at meiningsinnhaldet i utsegna hans/hennar kjem fram på ein lite presis måte i ein tabell.

Intervjuobjektets anonymitet

Intervjuerfaring har vidare lært oss at intervjuobjekta generelt ikkje liker å bli siterte direkte i ein intervjurapport, dei nærer ein viss frykt for å få namnet sitt direkte knytt til utsegna i intervjet. Av den grunn vil intervjuobjekta legge band på seg, og faren for forsiktige og instrumentelle svar aukar. Men sjølv om intervjuobjekta ikkje liker tanken på å bli direkte

sitert, har dei ikkje noe imot saman med andre namn å bli ført opp i lista over intervjuer personar bak i forskingsrapporten. Når sitata ikkje kan førast direkte tilbake til person, risikerer ikkje den intervjuen i same grad sanksjonar frå styresmaktene for dei svara han/ho har gitt forskaren. Å bli ført opp i ei liste med andre kjende og framst  ande personar oppfattar intervjuobjektet som bel  nning og det motiverer for    bli med p   intervjuet. Dette blir intervjuobjektet gjort merksam p   alt ved f  rste kontakt med oss der vi gj  r greie for form  let med forskingsarbeidet. Dette gjeld for land som Aserbajdsjan – i mindre grad for land som Iran og Syria – der vi ogs   har gjennomf  rt eliteintervju. I desse to autorit  re landa n  rer mange frykt for i det heile    stille opp til intervju, langt mindre f   namnet inn i ein forskingsrapport av vestleg merke.

I ei unders  king som den over, vil eit anna hovudsp  rsm  l vere om forskaren b  r ta notater under intervjuet eller spele det inn p   ein bandopptakar. V  r r  ynsle er at forskarsamfunnet vil hevde at bandopptakaren p   ein autentisk m  te formidlar kommunikasjonen mellom intervjuar og intervjuobjekt medan notater f  rer til tap av reabilitet. V  r r  ynsle er at dette er ”ei sanning” med sterke modifikasjoner. Bandopptakaren registrerer ikkje kroppsspr  k og mimikk som semiotikken l  rer oss er ein viktig del av kommunikasjonsprosessen. Ein f  r ikkje n  dvendigvis den rette forst  inga av det intervjuobjektet seier n  r det verbale blir skilt fr   kroppsspr  ket. Desse to uttrykksformene – den verbale og kroppsspr  ket – heng n  ye saman, dei utfyller kvarandre, g  r ein glipp av det eine, g  r meining tapt. Bandopptakaren gir h  g reabilitet av det reint verbale, men registrerer ikkje kroppsspr  ket. N  r det derimot gjeld tolking av innhaldet av det som blir sagt, kan den gi l  g validitet.

I tillegg kjem at bruker ein bandopptakar, g  r det gjerne relativt lang tid mellom opptak og utskrift av intervjuet. Her oppst  r eit nytt problem ved at meining alltid er knytt til kontekst. Bakgrunnskonteksten for intervjuet er viktig for forst  inga av kommunikasjonen i intervjuet. Tida mellom opptaket og avskrifta av opptaket aukar sjanske for feiltolking og misforst  ing av det som blir sagt. Konklusjonen ut fr   v  r r  ynsle med feltarbeid i til saman 11 land, er at handskrivne notater som straks etter blir skrivne ut med bakgrunnskontekst og kroppsspr  k friskt i minne, gir dei beste data.

Eit viktig moment – om ikkje avgj  rande – er at det er langt meir ressurskrevjande    ta utskrift fr   eit bandopptak der irrelevante ytringar og data er blanda saman. Det seier seg sj  lv at i dybdeintervju av denne typen som i snitt varer om lag ein time, vil det mellom utsegner med substans tidvis komme utanomsnakk eller digresjonar om ein vil. Det som blir sagt i begynninga av m  tet, er knytt til det vi i semiotikken kollar for den ”fatiske” kanal. N  r vi

møter ein kjenning på gata til dømes, begynner samtalen gjerne med kommentarar om vêret, ikkje fordi temaet er interessant, men fordi det er lett og uforpliktande å snakke om. Denne oppvarminga før den ”eigentlege” samtalen begynner, kallar ein i semiotikken for å opprette kommunikasjonskanal, det er noe som skjer før den meir substansorienterte samtalen tar til. I vår måte å intervjuet på, er det å opprette den fatiske kanal uhyre viktig for slik å skape ei optimal ramme rundt intervjuet, men det som blir sagt i fasen den fatiske kanal, har ingen relevans til dei data vi er ute etter. Formålet med det vi like gjerne kunne kalle for ”opningsfrasene” til intervjuet, er å skape den rette stemninga og atmosfæren for det påfølgjande intervjuet.

Eit anna problem vi har registrert dei gongene vi har brukt bandopptakar, er at bandopptakaren får intervjuobjekta til å moderere seg. Dei intervjuet har ein tendens til å bli forsiktige, dei legg meir vekt på formulering enn på det som interesserer oss: innhaldet. Situasjonen fører dermed til validitetstap. Vi har derfor komme fram til at det å ta notater ikkje berre skaper den situasjonen som mest effektivt gir oss dei data vi er ute etter, men òg er den situasjonen som gir intervjuobjekta den største belønninga. Intervjuobjekta kjenner seg friare og vi optimaliserer sjansen for å få utfyllande bilde av intervjuobjektets oppfatningar.

Anonymitet blir ofte framstilt for unyansert: anten er ein anonym eller så er ein det ikkje. Dette er for enkelt, for som denne drøftinga viser, er nyanske mange. I vår framgangsmåte er intervjuobjekta delvis anonymiserte og risikerer dermed ikkje å bli arresterte på direkte utsegner. All røysle med autoritære statar av den typen det her er tale om, er at direkte sitat oftast dannar grunnlag for styresmaktenes trakassering og fengsling. Det er særleg i dei tilfella der intervjuaren er utanlandsk at styresmaktene i autoritære statar er på vakt. Med tanke på vårt forskingsformål meiner vi å ha komme fram til den arbeidsmåten som fungerer best sjølv om det å ta notater òg har sine svake sider ved at meiningsinnhald kan gåapt (tap av reabilitet). Intervjuobjektet bør få belønning for å stille opp til intervju. Belønninga ligg i at intervjuobjektet blir lova at namnet hans/hennar – saman med namna på dei andre som er intervjuet – vil bli ført opp bak i publikasjonen frå feltarbeidet. Inntrykket vi har, er at dei aller fleste set pris på dette.

Kapittel IV

Aserbajdsjanske fiendebilde av Iran

I målinga av ein potensiell styrke av etnonasjonalisme er bildet ein har danna seg av motparten – i dette tilfellet Iran – ein av dei variable som fortel noe om grunnlaget for etnonasjonalisme i området. Har Aserbajdsjan sterkt negative fiendebilde av Iran, vil det gjøre det lettare å få gjennomslag for ideen om at det er nødvendig å samle aserbajdsjanarane i ein stat, om ikkje anna så for å frigjøre brørne på andre sida av grensa. Og omvendt, har ein i Aserbajdsjan eit positivt bilde av Iran, vil agitasjonen om samanslåing ha langt mindre slagkraft.

Bilde av Irans hensikter

Mange i Aserbajdsjan vil nøle med å kalle Iran fiende dersom det i dette ligg at landet står i eit krigerisk forhold til denne staten. Slik situasjonen er i dag, er dette langt frå tilfelle. Data frå feltarbeidet vårt viser likevel at det rår stor aserbajdsjansk mistillit overfor nabostaten, det kan derfor rettferdiggjørast å snakke om aserbajdsjanske fiendebilde av Iran.

Det sekulære Aserbajdsjan og det teokratiske Iran

Fiendebilda av Iran hentar i første rekke ideologisk næring frå ein djup skepsis til det teokratiske styret i landet. Med tanke på dei sterke sekulære tradisjonane Aserbajdsjan har historisk, burde ikkje dette overraske observatørar. Sekularismen har rot i den antiklerikale og antireligiøse franske revolusjonen som Atatürk og andre formidla til den muslimske verda, i Aserbajdsjan stod Resulzade³⁰ som fremste talsmann for sekularisme og demokrati.

³⁰ Resulzade er ein av dei historiske heltane i aserbajdsjansk nasjonsbygging. Ideologane Resulzade, som grunnla den aserbajdsjanske republikken (1918–21), og Atatürk, Tyrkiyas første president etter at landet i 1923 blei sjølvstendig republikk, var begge vestorienterte og tok sikte på å bygge opp eit vestleg demokrati. Deira ideologiske orientering er nærmast anti-tesen til islamismen i Iran som, uttrykt i ideologiske termar, ser demokrati som "importert tankegods framfor islam".

Interessekonfliktar

I tillegg kjem ein serie andre faktorar som er med på å forsterke det negative fiendebildet som til dømes motstridande interesser med Iran i Kaspihavet, noe som har gitt Aserbajdsjan smertelege erfaringar, og også ført til iranske militære aksjonar. Den etnonasjonalistiske bølgja som under Abulfaz Elchibeys styre slo inn over Kaukasia og Sentral-Asia, var òg med på å skape eit negativt bilde av Iran. Mellom anna blei Iran oppfatta som eit land som undertrykte aserbajdsjanarane. Under Elchibeys presidentperiode (1992–1993) var det offisiell politikk å frigjøre dei aserbajdsjanske brørne i Iran for dermed å kunne skape eit Stor-Aserbajdsjan med aserbajdsjanarar frå begge land. Trass pågåande og dramatiske konfliktar i Kaukasia og Sentral-Asia har situasjonen i området til ein viss grad stabilisert seg, behovet for ideologibygging – slik den gjekk føre seg i kjølvatnet av Sovjetunionens fall – er dermed ikkje i den grad til stades lenger.

Irans kjernefysiske program som utløysande faktor for ein ny etnonasjonalisme

Irans kjernefysiske program aukar sjansane for eit vestleg militært åtak på Iran, noe som òg i verste fall kan føre til destabilisering av landet og få store konsekvensar for blant anna Aserbajdsjan slik denne studien vil vise. Ei slik utvikling vil truleg styrke banda mellom aserbajdsjanarane i Iran og Aserbajdsjan på same måte som banda mellom irakske og iranske sjia-muslimar i det destabiliserte Irak er blitt styrka. Etter samanbrotet i Sovjetunionen hadde Aserbajdsjan som del av sitt program å slå seg saman med aserbajdsjanarane i Iran, dei stod med andre ord som pådrivarar for etnonasjonalismen. Kan det tenkast at det i eit destabilisert Iran vil komme ei ny bølgje av etnonasjonalisme med utgangspunkt i aserbajdsjanarane i Iran? Etter Sovjetunionens fall og den destabiliseringa dette medførte både i Sentral-Asia og Kaukasia, kom det ei etnonasjonalistisk bølgje med utgangspunkt i aserbajdsjanarane nord for elva Araks. Med eit alt fragmentert Irak og med eit vestleg militært åtak mot Iran som ytterlegare vil kunne destabilisere Persiabukta, er det godt tenkeleg at aserbajdsjansk etnonasjonalisme får vind i segla, men denne gongen sør for Araks-elva, med andre ord i Iran. Denne studien tar sikte på å kaste lys over nettopp dette. Vi kjem vi til å drøfte i kva grad eit eventuelt militært åtak mot Iran vil påverke aserbajdsjansk etnonasjonalisme både i Iran og Aserbajdsjan. Vi tar sikte på å danne oss eit bilde av forholdet mellom Iran og Aserbajdsjan og i den samanhengen fokusere på sider ved forholdet som til nå har vore lite framme.

I tråd med den alt skisserte intervjuemetoden opnar vi med å stille spørsmål om eit aktuelt tema som intervjuobjekta er særleg opptatt av: Irans kjernefysiske program. Svara på

spørsmålet gir oss ikkje berre data om holdninga deira til utviklinga av iranske kjernevåpen, intervjuobjekta avdekkar samstundes meir generelle holdningar til Iran som seier noe om kva fiendebilde dei har av landet. I tillegg kjem at aserbajdsjanarane er den folkegruppa utanfor Iran som best kjenner holdningane og levekåra for aserbajdsjanarane i Iran, så av den grunn vil det intervjuobjekta uttaler, vere ein relativt god peikepinn på situasjonen for den aserbajdsjanske minoritetsgruppa i Iran. Vi understrekar relativt fordi all røynsle tilseier at feilpersepjonar og direkte urette fakta òg kjem fram i slike intervjustituasjonar. Like fullt gir desse data oss eit grunnlag for å trekke tentative konklusjonar om aserbajdsjanarars situasjon i den iranske staten.

Intervjuspørsmål og svar

Kva er di oppfatning av Irans kjernefysiske program?

Som dei einaste hevdar medium og kjelder i Vesten at Iran vil utvikle kjernefysiske våpen. Dei vil ikkje klare det – i alle høve ikkje før om 20 år. Det iranske atomprogrammet møter motstand over alt. India og Pakistan klarte det, men det var under den kalde krigen. Nå er toget gått.

Programmet er rein forsking.

Det er særleg USA som vil ha oss til å tru at Iran er i ferd med å utvikle kjernefysiske våpen.

Eg er imot Irans kjernefysiske program. Det er eit framhald av det som skjedde i Nord-Korea der Russland stod bak. Russland står bak Iran òg.

Iran er likevel langt alvorlegare enn Nord-Korea fordi landet har ambisjonar om å bli ein leiande nasjon, iranarane ønskjer hegemoni. Det eg mislikjer sterkt i denne samanhengen, er at Aserbajdsjan grensar til Iran, utviklinga er derfor urovekkande. Iran tar sikte på kjernefysiske våpen.

Eg har to ulike oppfatningar. Iran har ikkje demokrati, derfor er eg uroleg for ei iransk atombombe. Landet har val, men dei er ikkje demokratiske, og bortsett frå det, er det autoritært. Skulle leiarane få atombombe, er det ikkje noe sivilt samfunn som kan kontrollere bruken. Leiarane vil sikkert kunne bruke atombomba utan at folkeopinionen kan hindre det.

På den andre sida, som sjølvstendig land har Iran rett til å utvikle kjernefysisk teknologi, til energi for eksempel. Iranarane har rett til å forsvere seg, men likevel er eg imot at dei får

kjernefysiske våpen. Vil leiarane angripe, er det ingen mekanisme som kan hindre bruken av atombomber.

På den eine sida har Iran som suveren stat rett til å forsvere seg, det inkluderer også retten til kjernefysiske våpen. På den andre sida er ikkje Iran eit stabilt og demokratisk land. Får landet atomvåpen, kan det føre til store skadar for heile regionen, derfor er eg imot det.

Eg hadde aldri hørt om Irans atompolitikk før USA starta kampanjen mot landet.

Iran kan ikkje produsere noen atombombe i dag. Kampanjen mot framstilling av iranske atomvåpen er identisk med kampanjen USA førte mot Irak.

Iran har eit teokratisk og aggressivt regime, så av den grunn vil iranske atomvåpen vere ein tragedie for Aserbajdsjan. Etter at vi fekk fridommen har Iran stadig truga med konvensjonelle våpen. Iran har aldri godtatt vårt sjølvstende.

For noen år sidan var det strid om eit oljefelt i Kaspihavet. Iran hevda da at feltet hørte til Iran jamvel om det under Sovjetunionen hørte til Aserbajdsjan. Iran sende krigsskip til området og Aserbajdsjan måtte stoppe boringa etter olje. BP måtte også trekke seg ut.

Den israelske ambassaden i Aserbajdsjan irriterer Iran som sjølv ikkje har noen israelsk ambassade. Iran hevdar at Israel ikkje skal ha ambassade her heller.

For noen veker sidan var den azeriske verdkongressen i Baku. Ein iransk representant på kongressen sa at azeribefolkinga ikkje hørte til Iran. Det førte til at den iranske ambassadøren her laga bråk, og Iran sende ein ”note” til Aserbajdsjan.

Vi er nabo med Iran og har ei rekke uløyste spørsmål, derfor er vi svært nervøse og absolutt imot.

Kjernevåpen

For å demonstrere styrke gjekk iranske skip i 2001 til åtak på eit oljefelt i Kaspihavet samstundes som iranske fly flaug over Aserbajdsjan. Da dette skjedde, fekk vi støtte frå USA og Tyrkia. Vi måtte stoppe oljeutvinninga på feltet som er det nest største etter Chirac-feltet.

Dei 30 mill. azeriane i Iran representerer eit problem. Dei ønskjer autonomi og fridom, men desse krava endar alltid opp med blodbad. Problemene er like alvorleg i dag.

Det bur 7–10 mill. azeriar frå Iran i diaspora, over heile verda. Diasporaen vil ha autonomi i Iran, og dette blir dermed eit problem mellom Aserbajdsjan og Iran. For ein månad sidan var det

azerisk verdkongress i Baku. Delegatar uttrykte at dei ønskete autonomi for azeriar i Iran. Dette førte til diplomatisk skandale og problem med Iran.

Eit anna problem er at Iran prøver å eksportere den iranske revolusjonen til Aserbajdsjan. Vi er sjia og nabo så dermed trur dei at vi vil gå over til dei. Rettssaker i Baku har avslørt at hemmelege iranske agentar i landet driv politisk verksemd.

Iran ottast sambandet vi har til NATO, mislikar vestlege oljeselskap og er sjalu på BTC-leidningen til Ceyhan.

Problema eg har vore inne på, og det at Iran er anti-demokratisk og har teokrati, gjør at vi er svært nervøse når det gjeld tilhøvet til Iran.

I Baku er vi imot militær aksjon fordi Iran på grunn av avstanden ikkje kan slå til mot USA. Derimot kan dei angripe oss som dei ser som ein alliert av USA. Med omsyn til konvensjonelt styrkeforhold er Iran ti gonger sterkare enn oss.

Mye tyder på at Iran er i ferd med å utvikle ideologi (argument) for å annektere Aserbajdsjan. Tidlegare var Aserbajdsjan ein del av Iran, deretter var vi under sovjetisk okkupasjon, nå har vi rett til å få Aserbajdsjan tilbake. Dette er argumentasjonen. Det dei ikkje seier er at vi i middelalderen blei okkuperte av Iran og deretter okkupert av Sovjetunionen.

Sjølv om vi ikkje er del av ein anti-iransk allianse, vil Iran gå til åtak fordi vi har band til Vesten. Går USA til aksjon, har Iran planar om å slå til mot oljefelta våre i Kaspihavet.

Fordi vi står nært religiøst og språkleg, vil millionar av azeriar strøyme til Aserbajdsjan. Azeriar frå Iran kjøper alt leilegheiter her for å ha dei i reserve i tilfelle krig. Med 1 mill. flyktningar frå før kan du tenke deg kva for ein humanitær katastrofe det vil bli. Eit estimat går ut på at i tilfelle krig, vil 2 mill. flyktningar komme frå Iran til Aserbajdsjan. Iran har 30 mill. azeriar, det vil seie at 50 % av soldatane er våre brør. Tabriz er stort sett azerisk.

Eg er absolutt imot Irans atompolitikk.

Eg er absolutt imot alle kjernefysiske program – spesielt etter Tsjernobyl.

Vi har ikkje nok informasjon. Vi er imot kjernefysiske våpen.

Til nå har propagandakrigen mot WMD (weapons of mass destruction – masseøydeleggelsesvåpen) vore meir øydeleggande enn det desse våpna i seg sjølv har vore. Vi såg kor sterkt misbrukt dette var i propagandakrigen mot.

Skilnaden mellom den reelle trusselen og persepsjonen av den iranske atomtrusselen er vanskeleg å få noe klart bilde av.

Folk i Aserbajdsjan støtta Irak-krigen, men etterpå klandrar dei same folka i Aserbajdsjan USA.

Eg studerte i Iran frå 1993 til 1996. Situasjonen i landet er ikkje på langt nær slik den blir framstilt. Ved universitetet var det større fridom enn i Aserbajdsjan og kvaliteten på undervisninga langt betre. Iranske kvinner deltar meir i det offentlege liv enn kva tilfelle er i Aserbajdsjan. Vi treng ei riktigare og meir realistisk vurdering av kva som skjer i dette landet.

Hovudproblemet for Iran er arven frå sjahen.

Vi må forstå at det går langt betre dersom dei ordnar opp sjølve. Aserbajdsjan bør ikkje legge seg opp i det som skjer der. Berre eit døme: I sørlege Aserbajdsjan har vi talysjane som er persiske og som har stor autonomi, dei har eigne skolar og så vidare. Innblanding frå utlandet vil gjøre oss mistenksame, noe som kan føre til innstramming for talysjane. Slik er det òg i Iran. At vi i dag har Ahmadinejad og ikkje Khatami som leiar i Iran, skuldast utanlandsk innblanding. Når Khatamis reformprogram ikkje ført fram, skuldast det Vesten. Khatami måtte kjempe både mot Vesten og dei konservative. Når Hamas vann valet i Palestina, skuldast det Vesten. Den einaste farbare vegen er å styrke det sivile samfunn.

Det Khomeini sa må setjast inn i ein samanheng, det var mynta på å mobilisere folk for revolusjonen. Den pragmatiske tenkinga har for ein stor del overtatt i Iran. I dag kunne Khamenei og Rafsanjani nedkjempe Ahmadinejad på heilt legale måtar, men Vestens politikk hjelper slike som Ahmadinejad. Grunna USAs politikk, er det einaste som står i hovudet på folk, krig, og det tener ingen andre enn Ahmadinejad. Studerer vi Khamenei, går det tydeleg fram at han ikkje vil brenne alle bruer til Vesten.

Eg er absolutt imot Irans kjernefysiske program. Det er eit nederlag for arbeidet med ikkje-spreiing av atomvåpen. I tillegg kjem at det iranske regimet spring ut av eit samfunn som ikkje er særleg sofistikert, eit samfunn ute av stand til å utøve ansvarleg kontroll over atomvåpen.

Iran har ikkje til hensikt å lage atombombe, landet har ingen fiende å bruke den mot. USA brukte atombomber mot Japan, India mot Pakistan, Israel mot arabarane. Iran har ikkje fiendar av den typen. USA er for langt borte, og Iran kan ikkje bombe Israel fordi befolkninga i dette landet er blanda, den er samansett av både palestinrarar og jødar. Iran kan ikkje forsvere at dei drep palestinrarar. Mange muslimske liv ville gå tapt i eit iransk kjernefysisk åtak mot Israel.

Vi må prøve å forstå Iran, landet har heile verda imot seg. I følgje internasjonal lov har Iran rett til å gjennomføre sitt kjernefysiske program. Landet har undertekna ikkje-spreiingsavtalen – noe

Israel ikkje har gjort – og har dessutan signert tilleggsprotokollar. På grunn av Vesten blei siste protokollen lagt på is.

USA er i ferd med å gjøre det same mot Iran som mot Irak. USA kritiserte Blix og drog til Irak og drap hundretusenar. I følgje rapportar frå Iran har dei ikkje kjernefysiske våpen, likevel insisterte USA på fleire inspeksjonar.

Kjernefysiske våpen er ikkje grunnen til at USA handlar slik det gjør, grunnen er olje og at Iran er uavhengig. Forutan Iran er berre Nord-Korea, Cuba, Venezuela og Kina uavhengige av USA i dag.

Tabell 1 Aserbajdsjanske bilde av iranske hensikter

(N er talet på fråsegrer*)

Kjernevåpen

Iran har ikkje til hensikt å utvikle kjernevåpen	10
Iran har til hensikt å utvikle kjernevåpen	9
Det er ikkje mogleg å vite om Iran har til hensikt å utvikle kjernevåpen	3

Fiendebilde av Iran

Iran har aggressive hensikter overfor Aserbajdsjan	8
Iran mislikar vår vestlege orientering	3
Iran irriterer seg over vår holdning til den aserbajdsjanske etnonasjonalismen	4

N=37

*Fordi vi ikkje har eit representativt utval og ein relativt låg N, er statistiske testar og prosentuering av tala i tabellen utelate.

Stor otte for Iran

Den store grad av uvisse som rår når intervjuobjekta skal ta standpunkt til Irans hensikter med kjerneprogrammet, set psykologiske mekanismar i gang som gjør at personar med eit sterkt negativt fiendebilde av Iran, raskt vil konkludere med at Iran tar sikte på å produsere kjernevåpen, og nettopp dette får oss til å tru at eit haukete elitepanel eintydig vil konkludere med at Iran har som mål å framstille slike våpen. Med eit mindre kjenslelada fiendebilde derimot, vil ein vurdere ”fiendens” hensikter meir nyansert. Vårt panel av elitar i Baku gjør nettopp det.

Respondentane er usikre i spørsmålet om iranske kjernevåpen, noe som tyder på at oppfatningane i det aserbjadjsjanske samfunnet om kva Iran eigentleg tar sikte på, er delte (sjå tabell 1). I utvalet vårt er det dei som ikkje er i tvil om at det Iran arbeider mot, nettopp er å utvikle kjernevåpen, andre tar det motsette standpunkt fordi dei ikkje finn noen logisk forklaring på kva nytte Iran vil ha av desse våpna. Resultata underbygger funn vi har på andre spørsmål i intervjuopplegget (sjå tabell 2 og 3), nemleg at det i aserbjadjsjanske elitar finst svært ulike og konkurrerande bilde av Iran. Det at meiningsane ein gjør seg opp om ein nabostat er så divergerande, er i seg sjølv interessant og illustrerer dei psykologiske mekanismane som trer i kraft på aserbjadjsjansk side når det gjeld nabostaten. Dette har truleg rot i tidlegare historiske forhold og i dagens situasjon for den aserbjadjsjanske minoriteten i Iran, det siste er særleg smertefullt, og som vi har sett, rår det her stor usemje. Vi er òg av den oppfatning at den aukande islamiseringa som nå skjer i det tradisjonelle sekulære Aserbjadjsjan, er med på å aksentuere konfliktlinjene til Iran. Mange ser islamiseringa som ei utvikling der Aserbjadjsjan nærmar seg Iran, bort frå den vestlege orienteringa som nå er rådande og som mange har store forventningar til. Stiller vi spørsmål om andre statar som til dømes USA, Russland og Tyrkia, er resultatet eit anna, her er det så godt som konsensus. Dei konkurrerande oppfatningane av Iran som svingar frå det svært negative til det svært positive, viser kor komplekst og vanskeleg forholdet mellom dei to landa er. Under feltarbeida våre i Iran i 2000 og 2002 teikna dei intervjua eit relativt negativt bilde prega av arroganse, innstillinga var at å samanlikne Aserbjadjsjan og Iran var absurd. Inntrykket vi sat igjen med, var at Aserbjadjsjan blei sett på som ein uviktig og nærmast tilbakeståande stat samanlikna med Iran. Vi fann ikkje konkurrerande oppfatningar av Aserbjadjsjan i Iran. Dette står i sterk kontrast til funna våre i Aserbjadjsjan, aserbjadjsjanarane er svært interesserte i Iran og fryktar til dels nabostaten, men dei fleste er usikre og kan derfor ikkje gi noe svar, noe som oppsummeringa nedanfor av svara på spørsmålet om det iranske kjernefysiske programmet, vitnar om.

Dei respondentane som meinte at Iran er i ferd med å utvikle kjernevåpen, uttrykte frykt for ambisjonane landet måtte ha og kom i denne samanhengen inn på at dette er særleg urovekkande med tanke på Aserbjadjsjans grense til Iran. Fleire heldt fram Nord-Korea som bevis på at desse statane meiner alvor med sine kjernefysiske program. Det som skjer i Nord-Korea, kan like gjerne skje i Iran, og da med hjelp frå Russland som dei meinte hadde støtta kjernefysiske program både i Nord-Korea og Iran. Alliansen Iran–Russland blir sett på som særleg skremmande.

Bilde av USA

Når det gjaldt i kva grad USA kunne påverke Irans kjernevåpenprogram, viste dei intervjuia til at USA før med løgn i tilfellet Irak. Mange trudde på løgna, så slik sett var den vellykka, men USA kan ikkje enda ein gong nytte denne strategien og vente å bli trudd. Takka vere USAs løgner og problema landet har på den irakske slagmarka, har Irans strategi når det gjeld å utvikle kjernevåpen til nå vore vellykka. Irak har ført til at USA blir sett på som krigshissar og som eit land som verken er redeleg eller truverdig. Det som skjer i Irak er dramatisk og har å gjøre med nettopp dei problema ein strevar med i denne delen av den muslimske verda. Av den grunn påverkar det som skjedde før og etter invasjonen konklusjonane ein kjem fram til: Krigen mot Irak har øydelagt supermakta truverde, i spørsmålet om iranske kjernevåpen utgjør derfor eit svekka USA ikkje noe trugsmål mot Iran.

Respondentane peikte òg på at grunna USAs feilgrep i Irak, er supermakta meir til skade enn til gagn for vestlege interesser i området. USA har gitt drahjelp til ekstremistar som Mahmoud Ahmadinejad, har gitt han handlingsrom til å oppføre seg på ein meir aggressiv måte enn tilfellet var før Irak, og har lagt grobotn for ein ekstrem anti-vestleg retorikk som legitimerer Ahmadinejads anti-vestlege politikk. Ikkje berre i Iran, men òg andre stader i området har USAs politikk styrkt ekstreme krefter. Dei intervjuia meinte at USA på mange måtar de facto er handlingslamma i spørsmålet om iranske kjernevåpen.

Kritikken den aserbajdsjanske eliten kjem med mot USAs politikk i området, er eit ekko av den vestlege. At supermakta i den grad mister tillit, får konsekvensar for USAs evne til å halde på innverknaden landet har i Aserbajdsjan. Den demokratiske opposisjonen som er sterkt knytt til vestlege verdiar, vil nok framleis vende blikket mot Vesten, men da særleg mot Europa. Samanliknar vi vårt første feltarbeid i 1999 med feltarbeidet i 2006, er kontrasten i svara blant aserbajdsjanske elitar når det gjeld USA, slåande. I 1999 gav dei eit langt meir positivt bilde av USA, nå er kritikken som ei gjentaking av dei negative karakteristikkane av USA vi til dømes møter i det arabiske Midtausten.

Noen av dei intervjuia meinte at Iran ikkje vil kunne utvikle kjernevåpen fordi det nå generelt sett er så sterk motstand mot slike program. Det blei peikt på at når India og Pakistan hadde klart det, hadde det samanheng med den kalde krigen, men at toget nå er gått. Respondantar som hevda at dei ikkje visste, viste til at vi framleis ikkje har nok informasjon.

Bilde av Iran

Utvælt vårt har delt seg så å seie på midten i mange spørsmål (sjå Tabell 1, 2 og 3) men det var ein overraskande konsensus om at iranske kjernevåpen ville vere katastrofalt, ikkje minst

fordi Aserbajdsjan er nabostat til landet og slik sett har meir å frykte enn folk i Vesten. Grunnlaget for frykten skuldast til ein viss grad sjølve regimet i Iran som dei såg som teokratisk og aggressivt. Mangelen på demokrati, hevda fleire av dei, gjør iranske kjernevåpen spesielt farlege fordi enkeltpersonar i slike land kan finne på å bruke våpna utan at opinionen eller det sivile samfunn kan hindre det. I motsetning til i Vesten er det ingen stengsel mot uansvarleg bruk av slike våpen. Og om det ikkje blei sagt direkte, låg det under at vegen frå iranske kjernevåpen til kjernevåpen i hendene på terroristar, kunne vere kort.

Respondentane uttrykte reell frykt for at eit Iran med kjernevåpen vil kunne komme til å annektere Aserbajdsjan, at landet ein gong i framtida vil måtte rette seg etter ordre frå Teheran. I alt eksisterande interessekonfliktar mellom dei to landa, blei det sagt, vil Iran kunne opptre langt meir aggressivt enn kva tilfellet er i dag. Og det er ikkje berre i interessespørsmål – slik som grensespørsmåla i Kaspihavet med dei implikasjonar det har for tilgangen til oljessonssursar – at Iran irriterer seg over Aserbajdsjan, landet ergrar seg òg over Aserbajdsjans vestvendte politiske orientering, bygginga av røyrleidningen frå Aserbajdsjan til Ceyhan er det som til nå har verka mest provoserande. Iran ser heller ikkje med blide auge på den relativt tolerante holdninga Aserbajdsjan har overfor Israel, som til dømes den israelske ambassaden i Baku, hevda respondentane.

Irans interesse for Aserbajdsjan meinte noen av dei intervjua kunne forklara historisk, mellom anna bygger Aserbajdsjan i ei vidare mening på det tyrkiske og støttar seg til Tyrkia. Iran fryktar Aserbajdsjansk tilknytting ikkje berre til Tyrkia, men til tyrkisk kultur og tyrkiske folkeslag i området – særleg i Kaukasus og Sentral-Asia. Noen gjekk jamvel så langt som til å hevde at Iran er i ferd med å utvikle ein ideologi som banar veg for ei rettferdiggjøring av ein iransk annekasjon av Aserbajdsjan.

Som det går fram av data våre, teiknar respondentane eit bilde av Iran der dei ser på landet som ein fiendtleg stat som kan tenkast å skape vanskar for Aserbajdsjan, dei nærer derfor redsle for staten og ottast konsekvensane av alvorlege konfliktar. Det faktum at Aserbajdsjan knyter band til Vesten og det vestlege fellesskapet, med andre ord fører ein heilt annan utanrikspolitikk enn det Iran med sin teokratiske ideologi gjør, og vidare har ei heilt anna holdning til Israel enn Iran som i sin politikk legg særleg vekt på israelspørsmålet, gjør at Iran oppfattar Aserbajdsjan som alliert med fienden. At Iran på si side har alliert seg med armenarane i konflikten om Nagorno-Karabakh, understrekar den aserbajdsjanske oppfatninga av Iran som fiendestat.

Eit nyfødt fiendebilde

Irans siktemål blir diskutert, ein diskusjon også USA blir del av. At det er USA som i første rekke ber bod om Irans fiendtlege hensikter med kjerneprogrammet, svekker bodskapen da tilliten til dette landets dømmekraft er sterkt svekka etter Irak. I lys av aserbajdsjanske elitars ”nyfødde” negative bilde av USA på bakgrunn av krigen i Irak, oppstår det hos noen ein kognitiv dissonans som blir løyst ved å diskreditere USA. USA er den store syndebukken som gjør vondt verre for dei som bur i området. Intervjuobjekta meiner å sjå igjen mønsteret frå propagandakrigen mot Irak der landet urettvist blei skulda for å ha masseøydeleggingsvåpen. Manglande tillit til bodberaren gjør at dei intervjuata som normalt ville ha godtatt bodskapen, nå avviser den. Av den grunn er det først og fremst i spørsmålet om kjernevåpen at panelet deler seg. Bildet dei elles teiknar av Iran, er på ingen måte nyansert, med eitt unntak: Ein person med sterke band til Iran meiner at aserbajdsjanske elitars oppfatning av Iran er vrangførestillingar. Slik *han* ser det, undervurderer aserbajdsjanarane både demokratiutviklinga og utdanningsnivået i landet. Men bortsett frå dette er bildet intervjuobjekta har av Iran, ekstremt negativt. Bildet er prega av sterke emosjonelle komponentar, det kjem til hatske utfall mot Iran som stat der persarane blir sett på som den styrande klassen. For å skape eit fiendebilde av ”oss og dei” blir det tyrkiske sett opp som kontrastmarkør mot den styrande klassen. Skiljet mellom persar og tyrkar blir verktøyet i tileigninga av fiendebilde, og som ei forlenging av denne kontrastmarkøren går det språklege skiljet mellom farsi og azeri.

Majoriteten i begge land vedkjenner seg sjia-islam, men denne retninga innan islam er klart meir dominant i Iran enn i Aserbajdsjan. Aserbajdsjan blir oftast framstilt som ein sjia-stat. Det er på mange måtar unyansert, mellom anna er talet på sunni-muslimar oppgitt til å vere ca 40 %. Det å ta utgangspunkt i sjia som religion for å understreke fellesskap mellom aserbajdsjanarane i nord og sør, er her sterkt misvisande. Fordi begrepets uttrykksside (lydbilde, skriftbilde) er identisk i nord og sør, er det lett å gå i den analytiske fella det er å hevde at det er eit religiøst fellesskap mellom aserbajdsjanarane i nord og sør. Ein ser da bort frå at det i Iran og Aserbajdsjan er dramatisk ulike konnotasjonar knytte til begrepets innhaldsside. Både i teori og praksis er sjia-religionen i Aserbajdsjan noe heilt anna enn i Iran. Det som bind aserbajdsjanarane i nord og sør saman, er blodsband og dei kulturelle banda som i første rekke ligg avlagra i språket. I motsetning til Iran har Aserbajdsjan rotfesta sekulære tradisjonar som ikkje berre skriv seg frå tida under Sovjetunionen, den sekulære tenkinga kom via Europa og Atatürk og manifesterte seg ved den aserbajdsjanske republikken frå 1918 til 1921. Som bevis på at Iran går sine eigne vegar på tvers av andre statar, refererer

intervjuobjekta stadig til det iranske prestestyret. Prestestyret blir kopla saman med middelaldermørke, styret står for ei tenking fjernt frå det moderne. Middelaldertenkinga blir sett opp mot Aserbajdsjans sekulære tankegang som inneber det moderne, det avanserte, det rasjonelle. I dette perspektivet blir Aserbajdsjan ein stat på parti med framtida, på veg mot demokratiet, medan Iran er blitt hengande igjen i tradisjonalismens irrasjonalitet. Av den grunn blir kjernevåpen slik intervjuobjekta våre ser det, spesielt farleg i hendene på ein slik stat.

Feltarbeidet vårt avslører eit djupfølt hat i den opposisjonelle eliten mot dei styrande i Aserbajdsjan. Inntrykket vi sit igjen med, er at dei på toppen ignorerer demokratiske kjørereglar, konfiskerer oljerikdommen og undertrykker eige folk på linje med dei verste diktatur. Når så den same eliten snakkar om Iran, framhevar dei ulikskapane mellom dei to landa og gir inntrykk av Aserbajdsjan som eit land langt føre Iran i demokratisk utvikling på god veg mot det moderne. Intervjua avdekkar ein todelt politisk diskurs: éin diskurs når dei snakkar om ”fienden” innan eigne grenser, det vil seie dei som sit med makta i Baku, ein annan når intervjuobjekta uttaler seg om Iran som intervjuobjekta har eit spent forhold til. Dei to diskursane er inkonsistente, i det første tilfellet blir Aserbajdsjan omtalt i negative ordelag for så i neste å bli framstilt som ein stat på parti med det moderne, på veg mot demokrati og eit velfungerande sivilt samfunn. Når den aserbajdsjanske eliten konstruerer fiendebilde av Iran, aksentuerer den skilnader og leitar fram kontrastmarkørar som set Aserbajdsjan i eit positivt lys medan Iran ligg i mørke. Faktum er at begge land er i ei gråsone mellom diktatur og demokrati, kva land som kjem best ut, kjem an på kva ein legg vekt på. Under feltarbeidet vårt i Iran i 2001 og 2003³¹ kom det fram oppfatningar av Aserbajdsjan som nærmast var eit spegelbilde av oppfatningane den aserbajdsjanske eliten har av Iran. Når dei aserbajdsjanske intervjuobjekta skal understreke kor ille Iran er, nemner dei oftast dei iranske misjonærane som straks etter Sovjetunionens fall blei sende til landet, religion og politisk ideologi blir i dette tilfellet sett på som to sider av same sak. Den konspirative tenkemåten viser seg: Iran prøver å infiltrere Aserbajdsjan gjennom ein omfattande agentverksemd som ideologisk skal rettferdigjøre anneksjon av landet. I botnen av denne konspirative tenkemåten ligg det også interessekonfliktar til grunn, i vårt tilfelle i første rekke utkrystallisert ved grensedraginga i det oljerike Kaspihavet. Dei intervjua kjem stadig inn på Iran som ein brutal fiende som ikkje vil nøle med å bruke militære middel for å tiltvinge seg det dei ser som aserbajdsjanske oljerettar. Men det er også andre sider ved geopolitikken i området som viser

³¹ NUPI-rapport 258 april 2001 og NUPI-rapport 277 september 2003

interessekonflikten om olja i Kaspihavet, slik som til dømes når det gjeld traseane for oljeleidningar. Rørleidningen frå Kaspihavet via Tblisi i Georgia til Ceyhan i Tyrkia er eit illustrerande eksempel på at kommersielle omsyn er blitt sett til side til fordel for geopolitiske. Legg vi økonomiske interesser til grunn, ville aldri denne rørleidningen blitt bygd, da ville den gått gjennom Iran som klart var det kortaste og billigaste alternativet, men med Aserbajdsjans kompliserte politiske forhold til dette landet og USAs holdning til Iran, ville den politiske gevinsten ved ein røyrleidning lett kunne bli negativ for Aserbajdsjan. Dette viser korleis lokalt konfliktstoff blir vikla inn i det globale, og korleis dette kan forsterke alt eksisterande lokale interessekonfliktar. Småstatars tryggingsbehov tvingar dei til å velje side i den globale maktkampen om olje og oljetransport. Intervjuobjekta våre gir klart uttrykk for at dei var redde Irans reaksjonar på bygginga av røyrleidningen. Småstatens frykt for hemn frå rivaliserande nabostat forsterkar intervjuobjektas bilde av ein ekspansjonistisk nabostat. Vårt inntrykk frå feltarbeid i Iran er at denne staten – sjølv om den som alle andre statar søker innverknad i nabostatar – ikkje har til hensikt å overta Aserbajdsjan slik intervjuobjekta i Aserbajdsjan gir inntrykk av. Fiendebildet er eit konstruert bilde, det uttrykker ei fordreiing av røyndommen. Feildømming gjør seg òg gjeldande, fiendens siktemål kan bli tolka for positivt, men vanlegvis skjer det motsette: ein dømmer for negativt. I utgangspunktet er det grunn til å tru at det meir positive bildet som noen i utvalet vårt – vi vil kalle dei pragmatikarane – teiknar av Iran, er meir nøkternt og balansert enn den svartmalinga av Iran som andre – vi vil kalle dei ideologane – står for. Ideologane har framleis håp om å samle aserbajdsjanarane i Iran og Aserbajdsjan i eitt rike. Dette kan berre skje gjennom konflikt, og dersom det å danne ein ny nasjonalstat er målet, berre gjennom krig. Eit svartmalt fiendebilde av nabostaten Iran er ei nødvendig krykke for å dyrke ideen om å samle alle aserbajdsjanarar i eitt rike.

Fakta som ideologane vel ut om Iran, er selektive, derfor vil det bli eit fordreia bilde av Iran. På same måte som ideologane, er pragmatikarane òg selektive: dei vel ut fakta som styrker deira politikk. Av intervjuvara ser vi at pragmatikarane i særleg grad rettar blikket mot tilhøva for aserbajdsjanarane i hovudstaden der aserbajdsjanarane er assimilerte og har høge stillingar i den persisk styrde staten, medan ideologane konsentrerer seg om aserbajdsjanarane i periferien, det vil seie Aust- og Vest-Aserbajdsjan og Ardabil som framleis kjempar for sitt tyrkiske språk og kultur og ønskjer større grad av sjølvstyre. Når det gjeld interessekonfliktar, er framstillinga over eit normalt mønster i internasjonale konfliktar som kan føre til relativt fastlåste fiendebilde. Når det gjeld etnonasjonalistane, ser dei det som viktig å vise at fienden gjør urett, og helst at den utfører massakrar mot den etniske gruppa dei tilhører. Slik sett var aserbajdsjanske massakrar av armenarar i Sumgait i 1988 ein sterk

impuls for dei armenske etnonasjonalistane som var pådrivarar i kampen for å få aserbajdsjanarane ut av Nagorno-Karabakh. Aserbajdsjan har ikkje liknande hendingar å vise til når det gjeld å forme eit negativt fiendebilde av Iran, men har elles nok å ta av når det gjeld å spele på etnonasjonalistiske straumdrag. Til dømes gir intervjuobjekta våre uttrykk for både diskriminering og trakassering når dei snakkar om den behandlinga deira etniske brør blir utsette for av det persiske Iran. Det blir lagt særleg vekt på det dei ser som den persiske undertrykkinga og latterleggjøringa av språket azeri, så dermed er nok eit element på plass i mobiliseringa for ein etnonasjonalistisk ideologi. ”Våre” er offer i fiendens hender og slike uverdige tilstandar må vi ikkje finne oss i. Vi må stå saman mot denne fienden. I Aserbajdsjan som har som offisiell politikk fredelege relasjonar mellom dei to statane, er ikkje utviklinga kommen så langt ennå, men vi analyserer her konfliktstoffet generert av forholdet mellom aserbajdsjansk og persisk kultur som ulmar under overflata, og som når forholda ligg til rette for det, kan blusse opp og ende i full krig mellom dei to statane. Dei som tar utgangspunkt i den offisielle politikken mellom dei to statane, vil ikkje komme fram til dei same konklusjonane som oss, og vil fort kunne hevde at vi overdriv når det gjeld begge nasjonars offisielle politikk. Men slik vi ser det, kan den offisielle politikken i framtida lett endre seg i konfliktorientert retning grunna den fiendskapen og mistraua som rår mellom den persiske og den tyrkiske (aserbajdsjanske) kulturen, og som manifesterer seg under overflata av den offisielle politikken.

Kapittel V

Undertrykking av aserbajdsjanarane i Iran

Det gir god grobotn for etnonasjonalismen som ideologi dersom ein kan vise til at eiga etnisk gruppe er blitt utsett for massakrar gjennom historia, argumentet om at den etniske gruppa berre kan kjenne seg trygg i eigen stat, får da lettare gjennomslagskraft. Men ideen om samling i eigen stat får òg næring dersom ein kan vise til at etniske brør blir trakasserte og undertrykte i ”fiendeland”. Vår utgangshypotese er derfor at dess sterke førestellingar ein har om at aserbajdsjanarane i Iran lid og er ulykkelege, dess sterke er grunnlaget for den etnonasjonalistiske ideologien og ideen om å samle aserbajdsjanarane i nord og sør på tvers av grenser andre statar har dratt. I førre kapittel konkluderte vi med at aserbajdsjanarane i nord – trass Aserbajdsjans offisielle politikk som understrekar det gode vennskapet mellom Iran og Aserbajdsjan – har eit sterkt negativt fiendebilde av Iran. Men dersom det er slik at aserbajdsjanarane i Iran ikkje er utsette for diskriminering, at dei tvert om er godt integrerte eller assimilerte og dermed kjenner sterkt lojalitet overfor staten, står føresetnaden for etnonasjonalisme svakt.

Under gjengir vi spørsmålet vi stilte for å danne oss ei oppfatning på dette sentrale punktet og dei svara vi fekk.

Intervjuspørsmål og svar

Korleis vil du beskrive den iranske behandlinga av azeribefolkninga i Iran?

Det er ulike oppfatningar om dette. Noen hevdar at dei ikkje får bruke språket sitt og at dei ikkje har aviser, andre fortel det motsette. Noen seier at dei har kulturelle rettar, andre det motsette. Noen hevdar at er du azeriar, har du vanskar med å få jobb i det offentlege, andre hevdar det motsette.

Azeriane spelar ei positiv rolle i Iran og er godt integrerte i det iranske samfunnet.

I tida under Sovjetunionen tenkte vi at Iran undertrykte azeriane i landet på same måte som russarane undertrykte oss i Aserbajdsjan, men at befolkninga i dei to landa ein dag ville bli frigjort og slå seg saman.

Da grensene ved Sovjetunionens fall blei opna, møtte vi ein heilt annan realitet. Azeriane i Iran var ikkje undertrykte, men integrerte i det iranske samfunnet. Historisk sett var azeriane saman med persarane ei kraftkjelde i den iranske nasjonsbygginga.

Det er ikkje berre i Nord-Iran ein finn azeriar – så enkelt er det ikkje – dei er spreidde over heile landet. I Teheran til dømes er det så mange azeriar at du greier deg godt med å snakke azeri.

Teheran er møtestad for to ulike etniske grupper, den azeriske og den persiske.

Men vi ser jo at iranske leiarar er azeriar. Mange statsrådar og generalar har same etniske bakgrunn. Irans statsideologi deler ikkje folk inn i etniske grupper, bodskapen legg ikkje vekt på etnisk bakgrunn, ideologien aksepterer alle etniske grupper. Det er behov for meir forsking på dette temaet.

Det vi hører er at den azeriske befolkninga ikkje har same muligheter som andre til å avansere i det iranske samfunnet. Det er eit problem.

Ein har tatt frå azeriane kulturelle rettar slik som språk og eigne skolar. Iran prøver å hindre utviklinga av ein azerisk identitet.

Dei føler seg ikkje frie til å snakke sitt eige språk. Dei blir diskriminerte.

Azeribefolkninga i Iran er frårøva sine kulturelle rettar, språk og identitet, men dei har sosiale og økonomiske rettar på lik linje med andre borgarar.

I Iran er det ei nasjonal rørsle blant azeribefolkninga som kvart år demonstrerer for sin identitet. Dette ser vi. Vi ser det òg i diasporaen. I Tabriz er det ein demonstrasjon om våren knytt til ein tabrizk fridomshelt frå det 9. hundreåret, 20 000 deltar.

Dersom azeriane som bur i Iran ikkje hevdar sine nasjonale særtrekk, kan dei leve i Iran som alle andre.

Khamenei er azeri-tyrkar. Det er mange tyrkurar (azeriar) i høge posisjonar i Iran.

Azeriane er fråtatt sine kulturelle rettar, dei får ikkje bruke sitt eige språk, og heller ikkje dyrke sin kultur. Her er ingen azeriske skolar eller publikasjonar. På universitet og skolar blir dei tvinga til å snakke farsi.

Azeriske politikarar som kjempar for azeriske nasjonale rettar, får ikkje lov å stille til val for nasjonalforsamlinga.

Det bur 25 mill. azeriar i Iran. Dei har avgrensa rettar, dei har ikkje eigne skolar, heller ikkje eigne aviser. Vi snakkar ofte om korleis det i Iran blir gjort vold på rettane deira.

Delar av azeriane er godt integrerte i det iranske samfunnet. Dei med utdanning og som bur i Teheran er godt integrerte. Det er det same som med minoritetsgrupper i andre land. Dei som bur i nord har ikkje kulturelle rettar som kan styrke deira azeri-identitet. Alle forsøk på å bruke azeri som politisk plattform, blir slått hardt ned på i Iran fordi dei fryktar sin territoriale integritet.

Den er ikkje så bra. Azeriane har ikkje fulle rettar til å hevde sin etniske bakgrunn, men det same gjeld for alle andre etniske grupper i Iran. Religion, ikkje etnisitet, er basis for Irans nasjonsbygging. Å hevde etnisitet blir sett på som trugsmål mot nasjonens einskap.

Azeriane blir ikkje meir diskriminerte enn andre, til det er det for mange azeriar i høge stillingar i landet.

Iran har eit anna koordinatsystem enn oss, dei undertrykker etnisitet og framhevar islam som det samlande symbol for nasjonen. Alle muslimar har same rettar, og ut frå denne tankegangen blir ikkje azeriane diskriminerte i Iran.

I Iran samlar etniske grupper inn pengar til skolar som dei får lov å drive sjølve. I Aserbajdsjan snakkar alle om demokrati, men ingen gjør noe, dei berre pratar.

Azeriane er den leiande nasjonen i Iran. Språket er ikkje viktig for dei, sjå på Khamenei til dømes. Mange azeriske generalar gjør seg gjeldande i forretningslivet.

Det var Russland som kjempa mot Iran, og Aserbajdsjan var innanfor Irans grenser. Det Russland fekk, og som nå er Aserbajdsjan, var kalla Shirvan. Iran var heller ikkje Iran, det blei styrt av det tyrkiske dynastiet. Aserbajdsjan blei i 900 år styrt av tyrkarane og i 100 år av andre nasjonar. Frå 1924–1979 hadde vi det persiske dynastiet.

Azeriane i Iran er langt meir integrerte enn det dei fleste i Aserbajdsjan er klar over. Det er likevel eit faktum at det blir øvd vold mot deira kulturelle rettar. Generelt er menneskerettssituasjonen i Iran elendig. Er du azeri, er du utsett.

Etter fridommen var det stor glede over igjen å kunne knyte band mellom familiar på begge sider av grensa.

Fordi vi har vore okkuperte av eit europeisk land som Russland i over 80 år, er vi svært ulike azeriane i Iran. Den azeriske befolkninga i Iran er framleis på middelalderstadiet.

Det er genetisk spenning mellom azeriar (tyrkarar) og persarar. Vi ser på oss sjølve som ærlege og djerve medan persarane driv med lureri, derfor stoler vi ikkje heilt på dei og signerer aldri ein kontrakt med landet. Den aserbajdsjanske holdninga er påverka av det bildet vi har av persarane. Eit ord er ikkje eit ord når det kjem frå ein persar.

Fordi Aserbajdsjan er eit lite svakt land lurer farar frå mange kantar. Hadde azeriane i Iran slått seg saman med oss, ville vi blitt sterke nok til å slå Armenia. Vi ser på azeriane i Iran som eit potensial for oss.

Tabell 2 Irans behandling av den aserbajdsjanske minoriteten

(N er talet på fråseigner*)

Den aserbajdsjanske minoriteten er undertrykt	13
Den aserbajdsjanske minoriteten er ikkje undertrykt	10
Nøytrale utsegn	6
N=29	

*Fordi vi ikkje har eit representativt utval og ein relativt låg N, er statistiske testar og prosentuering av tala i tabellen utelate.

Eit nyansert bilde av aserbajdsjanarane i Iran

Dersom den etnonasjonalistiske ideologien hadde stått sterkt i Aserbajdsjan på den tid da vi intervjuar, ville respondentane våre ha teikna eit heilt anna bilde av behandlinga av den aserbajdsjanske minoriteten i Iran, og svara ville ha vore langt meir samstemte. Det viser at spørsmålet i dag ikkje er særleg politisert i Aserbajdsjan. Det at svara er så vidt nyanserte drar i same retning for ved auka politisering av spørsmålet, ville aserbajdsjanaranes vilkår i den iranske staten blitt framstilt på ein langt meir negativ måte. På spørsmålet vårt om den aserbajdsjanske minoriteten blir diskriminert eller ikkje, deler utvalet seg om lag på midten. Denne situasjonen er motsett av det den ville ha vore dersom det blei eggja til krig, i slike tilfelle rår det semje om fienden. Slik svara fordeler seg, er det rett å seie at det er ein nyansert debatt i Aserbajdsjan, det er inga svartmaling av situasjonen, dei intervjuar framstiller ikkje

den aserbajdsjanske minoriteten som offer for persisk kynisme eller det internasjonale samfunnets likesæle. Det er ikkje noe fastlåst fiendebilde av den iranske statens behandling av aserbajdsjanarane. Utifrå svarfordelinga er det eit kognitivt komplekst bilde som blir teikna.

Aserbajdsjanarane er integrerte i den iranske staten

Når det gjeld å nå toppen i makthierarkiet, stiller ein seg i Teheran likegyldig til aserbajdsjansk eller persisk bakgrunn blir vi fortalt. Aserbajdsjanarane er del av staten på lik linje med persarane, og i denne samanhengen blir det vist til den øvste leiaren i Iran Khameneis etniske bakgrunn.

Det aserbajdsjanske språket er undertrykt

Inntrykket vi sit igjen med er at aserbajdsjanarar busette i Teheran har kvitta seg med det som får persarane til å sjå raudt: språket azeri. For å bli godtatt, må ein snakke farsi utan aksent. Trenden blant aserbajdsjanarane i Teheran er assimilasjon, det vil seie bli mest mogleg persisk. I byen Tabriz i Aust-Aserbajdsjan – sentrum for azerisk språk og kultur der opprørsfana oftast blir heist – er holdninga den stikk motsette. Den aserbajdsjanske etnisiteten blir halden fram og dyrka. Her har den iranske staten mindre kontroll og fryktar alle forsøk på kulturell sjølvhevdning. Bruken av azeri skaper konflikt. Som vi tidlegare har vore inne på, skapte kakerlakkepisoden anti-persiske stemningar både i Aust- og Vest-Aserbajdsjan og Ardabil, og det blei slått hardt ned på tilløp til opprør.

Provinsane Aust- og Vest-Aserbajdsjan og Ardabil ligg i periferien, men har historisk vore – og er i dag – sentrum for azerisk kultur. Rett nok ligg dei i periferien, men har geografisk grense til Aserbajdsjan, noe som er viktig og sentralt for tankar om samling av aserbajdsjanarane i nord og sør.

Iran ottast styrken av tyrkiske folkeslag i Sentral-Asia og Kaukasia

Fordi konfliktlinjene mellom det persiske og det azeriske tydeleg viser seg i dei nord-vestlege aserbajdsjanske provinsane i Iran, er styresmaktene i Iran særleg på vakt her, og ikkje utan grunn: det azeriske språket gir konnotasjonar til eit storsamfunn av tyrkiske folkeslag, den mektige nasjonalstaten Tyrkia som gjerne vil ha makt og innverknad, grensar til området, det same gjør det svake Aserbajdsjan som leitar etter allierte for å dekke sine tryggingsbehov.

Aserbajdsjan har dessutan tydlegare enn noen annan stat signalisert at ei samanslåing med etniske brør på andre sida av elva Araks, ikkje er utenkeleg. Legg vi til at den aserbajdsjanske minoriteten utgjør ca. 1/4 av den iranske befolkninga, er det ikkje å undrast over at Iran ser med mistru på alt som tyder på ei styrking av det spesifikt tyrkiske innan Irans grenser og på tyrkisk samhald på tvers av landegrenser. Når så aserbajdsjanarane saman med andre etniske minoritetar som er misnøgde med iransk overherredømme – slik som kurdarar, arabarar og baluchar – utgjør nær sagt halve befolkninga i Iran, er det forståeleg at landet er på vakt. Medan Iran har ført ein vellykka assimileringspolitikk i hovudstaden, glipp tidvis taket på aserbajdsjanarane i provinsen, og alt tyder på at det her er mye hat retta mot den persiske sentralmakta.

Ulike oppfatningar om aserbajdsjanarane i Iran

Av det vi har vore inne på over, er det forståeleg at respondentane våre har ulike oppfatningar av Irans behandling av den aserbajdsjanske minoriteten, svara heng saman med ideologisk ståstad og kvar ein geografisk vender blikket. Noen ser etnonasjonalismen – ei samanslåing av aserbajdsjanarane i Iran og Aserbajdsjan – som rein utopi. Gruppa av respondentar som står for denne oppfatninga, har ein tendens til å legge mest vekt på det dei ser på som ein vellykka assimilasjonspolitikk av aserbajdsjanarane i hovudstaden, og dei deler nok òg frykten aserbajdsjanarane i hovudstaden har for at det skal bli blåst nytt liv i etnonasjonalismen. Ei samanslåing med Aserbajdsjan vil innebere press på aserbajdsjanarane i Teheran for å hevde etniske kulturelle ytringar som nå meir eller mindre er feia under matta, i verste fall vil den persiske sentralmakta kunne tvinge dei på flukt bort frå Teheran.

Den andre gruppa teiknar eit heller svart bilde når det gjeld situasjonen for aserbajdsjanarane i Iran. Noen av dei tar eit reint ideologisk standpunkt, dei gir klart uttrykk for at vi i dag står overfor ein kunstig, unormal og uverdig situasjon for aserbajdsjanarane på begge sider av den aserbajdsjansk-iranske grensa. Dei tar fram kakerlakkepisoden som døme på persaranes sanne ansikt: dei ser ned på det tyrkiske og diskriminerer av den grunn aserbajdsjanarane.

Endeleg er det ei tredje gruppe som ikkje er villig til å stemple noen, verken persarane eller aserbajdsjanarane. Denne gruppa held blant anna fram at Iran og Aserbajdsjan har ulik nasjonsfilosofi, for den eine staten, Aserbajdsjan, står etnisitet sentralt i nasjonsbyggingsprosjektet, medan den andre, Iran, bygger på religionen. Desse respondentane hevdar at religionen er limet som held den iranske nasjonen saman, og i eit religiøst

perspektiv blir etnisitet irrelevant, etnisitet er tvert om ein trussel mot det iranske nasjonsprosjektet. I Aserbajdsjans nasjonsprosjekt derimot går sekularisme hand i hand med etnonasjonalisme. Sekularismen har Aserbajdsjan til felles med Tyrkia, men i Atatürks republikk som blei danna etter mønster av den autoritære franske, var sekularismen einerådande ideologi, etnisk tenking blei sett på som fiendtleg i forhold til nasjonsprosjektet. Det er likevel eit paradoks at nettopp Tyrkia med sin sekularisme der alle skulle stille likt, er det landet som har hatt vedvarande problem med etniske opprør, diskriminering og undertrykking. Eit paradoks er det òg at sunni-muslimar i den tyrkiske staten der religionen hørte den private sfære til, dominerer det tyrkiske statsapparatet.

Otte for at etniske opprør i Iran kan spreie seg til Aserbajdsjan

Noen av respondentane held fram den manglende logikken i at Aserbajdsjan som sjølv stirr med etniske problem, kritiserer Iran for deira diskriminering av aserbajdsjanarane, og dei vedgår at svara her er noe unyanserte. Éin respondent stiller spørsmålet om kva som ville skje med Aserbajdsjan dersom Iran skulle tenke i etniske banar og legge seg opp i striden som Aserbajdsjan har hatt med talysjane på grensa til Iran. Denne gruppa held fram at det vil vere sjølvdestruktivt å føre ein politikk tufta på etnisitet så lenge det rår ein viss nervositet i Aserbajdsjan for at etniske grupper kan komme til å gjøre opprør mot staten og elles skape problem i til dømes forholdet til lesgiarane på grensa til Dagestan. Intervjuobjekta nemner òg at Aserbajdsjan i kjølvatnet av Sovjetunionens fall førte – og tapte – krigen mot armenarane i striden om Nagorno-Karabakh. Ikkje uventa kjem det av den grunn fram tankar som ”før vi kritiserer nabostaten, må vi rydde opp i eigne etniske problem”. Men den rasjonelle ”realpolitikken” er berre éi side ved den mangefasetterte aserbajdsjanske dimensjonen der den affektive komponenten er like sterkt som den kognitive. Også i denne viktige gruppa av respondentar finst det dei som – fordi persisk overherredømme ikkje godtar det tyrkiske og spesifikt aserbajdsjanske – ser Iran som ein kunstig stat. Dei meiner derfor at Aserbajdsjan bør spele ei aktiv rolle i å frigjøre dei undertrykte og diskriminerte aserbajdsjanarane i Iran, gi dei fridom og likeverd. Parallelt med denne tenkinga går draumen om eit mektigare Aserbajdsjan som i større grad enn i dag vil kunne stå på eigne bein.

Kapittel VI

Slekt og vennskapsband på tvers av grensa mellom Aserbajdsjan og Iran

Som vi tidlegare har drøfta i teorikapitlet, er primordiale band eller såkalla blodsband eit av hovudkriteria på etnisitet. Slekt og vennskap kan såleis vere grunnlag for etnisk mobilisering på tvers av landegrenser. Skal vi måle det potensielle grunnlaget for ein etnonasjonalistisk ideologi som tar sikte på å sameine aserbajdsjanarane på begge sider av Araks-elva, blir forholdet til slekt og venner på den andre sida av grensa nødvendigvis eit sentralt moment. For å danne oss eit bilde av dette støttar vi oss igjen til intervjuaterialet vårt.

Intervjuspørsmål og svar

Kor sterke er banda mellom azeriane i Aserbajdsjan og azeriane i Iran?

Det er ingen sterke band mellom azeriane i Iran og Aserbajdsjan.

Sjølv sagt har vi spesielle band til tyrkiske folk her i Aserbajdsjan, det har vi òg til dei azeriane som kjem frå Iran og som nå arbeider for ”frigjøring” av azeriane i Iran. Dei aller fleste av dei lever ikkje lenger i Iran, men er del av den aserbajdsjanske diasporaen.

Aserbajdsjanarane i Iran er våre slektningar, vi står kvarandre nær. Noen av dei ser på seg sjølve som iranarar.

Etter Sovjetunionens fall har vi styrka våre band til azeriane i Iran.

Den kampen som azeriane i Iran fører for å dyrke sitt eige språk og kultur, får så og seie inga støtte av den aserbajdsjanske regjeringa.

After independence we strengthened our ties with the Azeris in Iran.

The Azerbaijan government support for the struggle for the Azeris cultural independence in Iran is very weak.

Skulle Aserbajdsjan komme til å drive etnisk propaganda i Iran, ville det på grunn av store innanrikspolitiske spenningar i Iran når det gjeld dette spørsmålet, heilt sikkert føre til bråk mellom dei to landa.

Aserbajdsjanske forretningsfolk fortel at iranarar står bak 10 % av alle leilegheitskjøp i Baku, noe som truleg har samanheng med krigsfrykten i Iran.

I tida under Sovjetunionen hørte vi ingenting om Tyrkia eller Iran, men dei siste 10 åra med fridom har gitt oss høve til å utvikle både forretningskontaktar og til å knytte kulturelle band. Grenser blir kryssa begge vegar. Det blir betre heil tida.

Vi har sterke mentale og kulturelle band til azeribefolkninga i Iran. Vi er brør. Etter Sovjetunionens fall er banda blitt sterkare.

Vi kan ha personlege og økonomiske relasjonar med azeribefolkninga i Iran. Mange azeriar reiser til Iran og iranarar reiser til Aserbajdsjan. Dei finn igjen slektningar og så vidare. Relasjonar mellom offentlege personar derimot, blir undertrykte fordi dette kan tolkast politisk på ein måte som Iran ottast.

Iran fryktar at det uavhengige Aserbajdsjan kan bli eit eksempel for azeribefolkninga i Iran. Vårt sjølvstende og flagg er ikkje gode føredøme for dei. Dei er redde for at sjølvstenderørsla for azeriane i Iran skal vekse og vekse.

Vi er svært, svært ulike azeriane i Iran. Vi har vakse opp innanfor Sovjetunionen i ein heilt annan kultur. Men trass dette var vi òg del av den europeiske kulturen. Vi fekk undervisning i europeisk kultur: Kant, Nietzsche, Balzac, Shakespeare. Barna i Baku lærer om og speler Bach og Beethoven. I sovjettida hadde vi kjensle av å høre til Europa, vi hadde sterkare band til denne delen av verda den gongen enn nå, nå skjer det ei degradering.

Jazz var lenge forbode i Sovjetunionen, som den første arrangerte Baku i 1960 jazzfestival med Ella Fitzgerald. Det er slett ikkje rett å hevde at berre russisk kultur gav oss impulsar, innan Sovjetunionen var Baku eit senter for europeisk kultur, det var eit konglomerat av ulike grupper. Baku var meir interessant da enn nå.

Eg har møtt europeiserte iranarar, men berre i Teheran, og dei hadde sterke band til sjahen. Jamvel under sjahen var det ein heilt annan mentalitet i Teheran enn i Baku, deira syn på verda var svært ulikt vårt. Holdninga til religion er og var ulik. Etter revolusjonen i 1979 blei alt berre verre. I Baku vil dei fleste seie at dei trur på Gud, men folk her er ikkje spesielt religiøse. Vi er tradisjonelt tolerante, også overfor judaisme og kristendom. Ingen gjorde noe nummer av at vi hadde jødiske venner.

I dag har Iran eit nettverk av spionar i Aserbajdsjan som prøver å spreie den iranske varianten av politisk islam. Når Iran fattar særleg interesse for Aserbajdsjan, er det fordi Aserbajdsjan er ein sjia-stat, dei arabiske statane er stort sett sunni. Før tenkte vi ikkje på slikt. Iranarane vil at vi skal sjå på oss sjølve som iranrarar fordi religion etter deira oppfatning er det kriteriet som skarpast skil folkeslag frå kvarandre. Og dei lykkast, spesielt i sørlege regionar, men òg i noen landsbyar utanfor Baku, her er det streng iransk kontroll. Etter fridommen har iranarane bygd meir enn 1000 moskear i Aserbajdsjan. Moskeen er eit ankerfeste og eit verktøy i prosessen med å skaffe seg innverknad, mellom anna ved å gi pengar til fattige som kjem til moskeen.

Eg var akkurat på konsert i Baku (fem år sidan sist). Det som gjorde sterkest inntrykk, var alle kvinnene som bar slør. Som politikar gjorde dette meg uroleg. Held utviklinga fram i same skeive spor, vil islamistane vinne terreng. Folk innser nå at dei gjennom demokrati ikkje vil vinne fram med kravet om rettferd, derfor søker dei islam. Håpet fattigfolk treng, er det berre islamistane som kan gi dei. På same måte som vi treng mat og vatn, treng vi rettferd. Når demokratiet ikkje leverer vara, søker ein andre vegar. Når demokratiet mislykkast i Aserbajdsjan, styrker islam si stilling. Jamvel mine eigne partifeller kom til meg etter det siste forfalska valet og sa at vi kanskje burde orientere oss mot islam.

Det er berre to vegar ut av uføret i Aserbajdsjan: Dra til andre land eller søke islam. Etter frigjøringa har 3 mill. reist frå landet, i visse regionar er det berre eldre tilbake. 9 % av befolkninga lever i Baku. Det er 4 1/2 mill. totalt i Aserbajdsjan. Men 93 % av statsskatten kjem frå Baku. Dette viser fattigdommen i regionane.

Bestefar min kom frå Tabriz, men i sovjettida blei alle band til familien i Tabriz kutta og ikkje tatt opp igjen etter Sovjetunionens fall. Vi miste all forbindelse, all kontakt. Men det var ikkje slik for alle, mange fann igjen slektingane sine. Det var uhyre dramatisk da grensa blei opna og enkelte familiar kom saman igjen (skiljet varde frå 1921 til Sovjetunionens fall i 1991).

I dag er det sympati for azeriane sine rettar på begge sider.

Nasjonen vår har vore delt, men etter samanbrotet i Sovjetunionen er tendensen at vi kjem saman igjen.

Vi har utvikla oss i svært ulike retningar, mange har derfor den oppfatninga at dersom vi slår oss saman, vil det bli ein tragedie.

Det er ikkje alle trekk ved den azeriske befolkninga vi liker. Det rår ein viss mistenksomhet mellom oss. I tillegg kjem at dei er åtte gonger fleire enn oss og at dei derfor vil dominere.

Men det er òg nasjonalistar her som ser for seg eit Stor-Aserbajdsjan, og som har store forventningar til ein amerikansk intervensjon fordi dei trur det vil frigjøre den azeriske befolkninga i Iran og at vi vil bli ført saman. Gjennom ei slik nasjonal rørsle ønskjer dei å knekke Iran.

Det er ikkje spesielle band. Befolkninga i Baku har langt tettare band til russarane enn til azeriane i Iran. På TV er russiske program populære, noe ein ikkje kan seie om iranske program. Kulturelt har vi – og særleg Baku – sterke band til Russland, men det tyder ikkje at vi er pro-russiske. Den iranske faktor blir sett på som eit trugsmål, forkynner vi islam, blir vi møtt med at vi kan vere iranske spionar. Men dette var mest i den første tida etter frigjøringa. Nå forstår folk betre at vi ikkje er iranske spionar. Det sivile samfunn forstår at vi ikkje er for iranske interesser, men for demokrati.

Det finst urettferd i alle samfunn. Også i Norge? Same i USA og Armenia. Tanta mi lever i Tabriz, onkelen min i Teheran. Det er heilt normale forhold. Det sivile samfunn står sterkare i Aserbajdsjan fordi vi ikkje har mullaher som styrer.

I Aserbajdsjan har det gått nedover etter Sovjetunionens fall, derfor er utdanningssystemet betre i Iran. Iranske studentar er godt organiserte og regjeringa er redd dei.

Tabell 3: Banda mellom aserbajdsjanarane i Iran og Aserbajdsjan
(N=talet på fråsegner*)

Banda er sterke	9
Banda er svake	7
Kløft mellom regjering og meinigmenn	4

N=20

*Fordi vi ikkje har eit representativt utval og ein relativt låg N, er statistiske testar og prosentuering av tala i tabellen utelate.

Av det som blir sagt om banda mellom aserbajdsjanarar i Iran og Aserbajdsjan, ser vi at utvalet av respondentar også her deler seg om lag på midten. I den aserbajdsjanske sekulære og demokratiske opposisjonen gjør det seg gjeldande konkurrerande oppfatningar om aserbajdsjanarane i Iran. Korleis dei vurderer situasjonen heng saman med deira holdning til aserbajdsjansk etnonasjonalisme, kor realistisk dei finn tanken om eit stor-Aserbajdsjan der

aserbajdsjanarar frå Iran og Aserbajdsjan lever i same stat, eller står skulder ved skulder i ei eller anna form for aserbajdsjansk allianse på tvers av nåverande statsgrenser. På same måte som da intervjuobjekta gjorde greie for behandlinga av aserbajdsjanarane i Iran, blir selektive persepsjonsmekanismar bestemmande for kva dei vel ut av ein kompleks og motsetnadsfylt røyndom, dei intervjuar teiknar eit sprikande og kontrastfylt bilde. På den eine sida finst dei som hevdar at banda mellom aserbajdsjanarane på begge sider av elva Araks stadig blir sterke, på den andre dei som held fram at sameksistens vil ende i katastrofe. Det siste standpunktet blir grunngitt med at aserbajdsjanarane i Aserbajdsjan vil bli dominerte av annleis tenkande aserbajdsjanarar i Iran med ein heilt annan kultur og som dessutan er i fleirtal. Det er særleg den religiøse forankringa som er problematisk, ei forankring noen jamvel ser på som ei form for underutvikling, etter deira oppfatning lever aserbajdsjanarane i Iran i det tradisjonelle samfunnet, dei har ikkje tileigna seg den moderne tenkemåten slik aserbajdsjanarane i Aserbajdsjan har gjort.

Ei uoverstigeleg kulturkløft mellom aserbajdsjanarane i Aserbajdsjan og aserbajdsjanarane i Iran

Det blir vist til at iransk kultur naturleg nok pregar aserbajdsjanarane i Iran, og at kulturskilnadene mellom Iran og Aserbajdsjan dannar ei uoverstigeleg kløft – det er snakk om to ulike verdener med ulike tenkemåtar. Dei i utvalet som hevdar dette, legg gjerne vekt på Aserbajdsjans kulturelle tilknytting til Europa, eit Europa som symboliserer framgang og det moderne. Iran derimot blir av dei same respondentane sett på som eit ekko frå middelalderen. Eit intervjuobjekt med sterkt tilknytting til familie i Iran ser det annleis, han hevdar at Aserbajdsjan ligg etter Iran i utvikling, ikkje omvendt, og viser til det iranske utdanningsnivået og landets velutvikla sivile samfunn. Det styrker mistanken vår om at etnonasjonalismen som politisk vegvisar slik den fungerte i frigjøringsdagar, er svekka. Det fysisk å møte sine etniske brør i Iran har snarare svekka ideen om samling. Det som i den ideologiske symbolbruken blei framstilt som idyll, må vike for meir realistiske og nøkterne vurderingar.

Banda mellom aserbajdsjanarane i begge land blir stadig styrke

Noen klamrar seg likevel til draumen frå frigjøringsdagar der samling i ein stat stod på den politiske dagsorden. Den største gruppa av respondentar, dei som etter vår mening er

arketypar for ideologane på aserbajdsjansk side, held fast ved at aserbajdsjanarane lever under uverdige forhold i Iran og at Aserbajdsjan bør frigjøre dei frå etnisk diskriminering og undertrykking. I denne gruppa er det òg konsensus om at relasjonane mellom aserbajdsjanarane på begge sider av grensa seint men sikkert er i ferd med å bli styrka. Den nest største gruppa i utvalet, arketypane for pragmatikarane på aserbajdsjansk side, er ikkje samde i dette, etter deira meining var grunnlaget for samhald og politisk samling av aserbajdsjanarar i Iran og Aserbajdsjan i den ideologiske nyorienteringsfasen etter Sovjetunionens fall, eit tenkt lykketilvære. Gruppa nærer òg ei viss redsle for at eit slikt samarbeid kan trekke Aserbajdsjan bort frå Europa og inn i den muslimske sfæren med mindre kulturell og politisk fridom, og vidare at politiske interessekonfliktar i ein slik framtidig stat vil kunne føre til tautrekking mellom dei to gruppene, ein dragkamp aserbajdsjanarane i Aserbajdsjan alt i utgangspunktet er dømde til å tape. I dag er aserbajdsjanarane i Aserbajdsjan herrar i eigen stat, ei samanslåing med iranske muslimske aserbajdsjanarar vil kunne radere ut det som dei ser som noe av det mest verdifulle ved aserbajdsjansk identitet og nasjonale orientering. Av den grunn konkluderer dei med at ei samanslåing kan ende i tragedie der nye og skarpe konfliktlinjer vil kunne utvikle seg.

Aserbajdsjans offisielle politikk er tufta på ”realpolitikk”

Den største gruppa i utvalet gjør eit poeng av at aserbajdsjansk offisiell politikk vis-à-vis Iran avvik frå det som er stemninga i folket. For å unngå konfliktar med nabolandet blir det ført ein forsiktig iranvennleg offisiell politikk, befolkninga derimot støttar ein politikk som meir aktivt støttar kampen aserbajdsjanarane i Iran fører for kulturelle, økonomiske og politiske rettar i Iran.

Kapittel VII

Militæraksjon mot Iran som utløysande faktor for aktivisering av etnonasjonalistiske verdiar både i Aserbajdsjan og Iran

Når utopi kan bli til realpolitikk

Det er i dag mange utslag av etnonasjonalistisk aktivisme både i Aserbajdsjan og Iran, men i relativt ”moderate” former. Tanken om samling av aserbajdsjanarar på begge sider av grensa mellom Iran og Aserbajdsjan blir sett på som utopi og er derfor eit heller uinteressant tema i den politiske debatten. Kvifor i det heile drive forsking på noe som er politisk uinteressant? Her vil vi svare ved å vise til drøftinga vår i teorikapitlet der den eine hovudteorien om det som framkallar og held ved like etnisk tenking, er primordiale band eller blodsband, medan den andre hovudteorien held fram kontekstuelle faktorar. Dei to teoriane er ikkje gjensidig ekskluderande, men utfyller kvarandre. Det som kanskje oftast skaper dramatiske omveltingar i folks liv, er militære aksjonar og krig. Den politiske konteksten blir gjerne dramatisk endra og folk må søke nye vegmerke for sine politiske orienteringar. I krigane i nyare tid er det påfallande ofte slik at etnisitet med eitt har blitt grunnlag for tileigning av nye verdiar og politiske mål. Men ut frå målingar vi har gjort i denne studien, har vi konstatert at potensialet for etnonasjonalistisk tenking i det aserbajdsjanske folket på begge sider av grensa er sterkt.

Det vi kallar potensial for etnonasjonalisme, kan òg kallast sovande verdiar i kulturen som ved dramatiske endringar igjen kan bli aktiviserte. Situasjonen i dag med fred og forsoning mellom dei to landa gjør at ei etnonasjonalistisk samling av aserbajdsjanarar i ein ny nasjonalstat, fortunar seg som ein fjern utopi. I denne studien set vi fram hypotesen om at ved endra politiske forhold, kan slike verdiar raskt mobiliserast. Ei utløysande dramatisk hending er det som skal til for å omskape den utopiske tanken til realpolitikk. Nye betyningsskiljande markørar med rot i etnisitet dukkar opp med stor styrke.

Da vi i 2006 kom til Aserbajdsjan, var det igjen stovereint å trekke fram etnonasjonalistiske idear. Som eit av intervjuobjekta våre sa: ”Vi har denne politiske tanken på vent.” Dette er ein dramatisk skilnad frå 1999 da vi sist utførte feltarbeid i landet. Grunnen til at etnonasjonalismen var blitt stua bort, var Elchibey sviande nederlag, inn kom pragmatikaren og realisten Geidar Alijev. Når det i 2006 igjen var aktuelt å ta fram etnonasjonalistiske idear, heng det saman med at på den tida var tanken om at USA ville gå til militært åtok langt framme, ikkje berre i Iran, men òg i Aserbajdsjan. I Baku kunne ein merke

det ved at det strøymde aserbajdsjanarar til byen som kjøpte leilegheiter dei skulle ha som reserve i tilfelle angrep på Iran. Det er òg på bakgrunn av dette vi har gjort etnonasjonalismen til hovudfokus for forskingsrapporten. Vi forstod at berre tanken på eit militært åtak på Iran var nok til at aserbajdsjanarar frå Iran tok ruta nordover til broderfolket i Aserbajdsjan, det pusta liv i førestellinga om eit reelt fellesskap av aserbajdsjanarar på tvers av landegrenser. Vår utgangshypotese er derfor at skulle USA – eventuelt saman med andre statar – angripe Iran, vil tanken om aserbajdsjansk samling komme i eit heilt anna lys. Eit åtak på Iran kan bli begynninga på ei destabilisering av både Iran og Aserbajdsjan, minoritetane i periferien kan komme til å gjøre opprør mot sentralmakta i Teheran og da kan holdninga til Irans største minoritetsgruppe, aserbajdsjanarane, bli tunga på vektskåla. Opprørarane vil kunne få støtte frå demokratorienterte krefter i metropolen, studentane i Teheran kan komme til å danne spydspiss for omfattande opprør der òg. Skulle det komme til ei omfattande bombing av Iran, vil livredde aserbajdsjanarar i Iran sjå Aserbajdsjan som ein trygg frihamn nettopp på grunn av dei etniske banda dei har til dette landet. Intervjuobjekta våre ottast at massive flyktningstraumar frå Iran til Aserbajdsjan vil kunne destabilisere dette landet òg, eit land som grunna konflikten Nagorno-Karabakh, alt har eit stort antall flyktningar og internt fordrevne innan sine grenser³².

Igjen bygger vi analysen vår på intervjudata frå feltarbeid i Aserbajdsjan i 2006.

Intervjuspørsmål og svar

Kva blir konsekvensane for Aserbajdsjan dersom det blir sett i verk ein militæraksjon mot Iran?

Dette er ein parallel til Irak der USA påstod at Saddam utvikla kjernefysiske våpen.

Fråsegner Ahmadinejad har komme med, har nørt opp under krisen, dei førte til at EU la om kurset.

Det verste scenario er at USA går til avgrensa militære aksjonar mot Iran. I ein slik situasjon vil Aserbajdsjans rolle vere heilt marginal.

³² Verdens flyktninger og internt fordrevne 2005. Aserbajdsjan: 13 000 flyktningar, 558 387 internt fordrevne.
http://www.nrc.no/arch/_img/9152567.pdf

Dei sterke reaksjonane vil vere retta mot USA, og det er ikkje utenkeleg at Israel blir målskive.

Skulle USA gå til aksjon mot Iran, vil det endre det geopolitiske bildet i regionen. Russland vil reagere med å ta tilbake tapte territorium i Kaukasus. Landet vil styrke sitt militære nærvær i Armenia og truleg gå inn i Aserbajdsjan og kanskje òg Georgia. Russland vil kompensere for tapte territorium i Kaspihavet.

Den militære balansen vil gå i favør av Armenia.

Folkeopinonen vil ikkje like russisk framrykking, men i Aserbajdsjan tel ikkje folkeopinonen.

Skulle USA gå til militære aksjonar mot Iran, er eg redd for at Iran vil angripe Aserbajdsjan fordi dei ser på oss som USAs allierte.

Russland er det einaste landet som kan forsvare oss i tilfelle Iran invaderer Aserbajdsjan. Ved eit amerikansk åtak på Iran vil det derfor bli auka russiske innverknad på vårt område.

Konsekvensen blir at vi mister noe av fridommen vi har nå. Russland vil nytte sjansen til å få auka kontroll over Aserbajdsjan. Vi er berre ei lita brikke i det store spelet.

Islamistiske grupper kan stå imot, men er for svake.

Det vil bety ei svært negativ utvikling for Aserbajdsjan. Ein straum av iranske flyktningar vil komme til Aserbajdsjan. Iranarar har alt komme fordi dei fryktar krig, dei er i ferd med å flykte frå ein krig dei er redde vil komme.

Det kan bli svært farleg for Aserbajdsjan, eller det vil slett ikkje få konsekvensar. Noen hevdar at eit israelsk-amerikansk angrep på Iran, kan føre til at Iran angrip oss. Det har eg av innanrikspolitiske grunnar lita tru på, azeriane i Iran ville reagere svært negativt og truleg gjøre opprør. Dersom azeriane i Iran ville slutte seg til anti-iranske krefter, ville det vere svært farleg for Iran.

Iran vil kunne gå til åtak på oljeinstallasjonane våre i Kaspihavet, eller angripe rørleidningane, men dette er av lita interesse fordi det vi har av olje, ikkje er noe samanlikna med Iran. Det einaste Iran ville oppnå med ein slik framgangsmåte, ville vere å få opinionen i Aserbajdsjan imot seg.

Aserbajdsjan er gjennomsyra av iranske spionar. Infiltrasjonen kan skje ved at mullaher som blir sende hit, rekrutterer spionar for Iran. Dei veit alt om oss.

I Aserbajdsjan vil opinionen reagere negativt på eit amerikansk åtak, det er derfor lite truleg at Aserbajdsjan vil slutte seg til USA-Israel.

Vi har alt fått varsel om kva som kan skje, dei to siste månadene har mange iranarar komme til Baku.

Prisane på eigedommar går opp. Slik er det utan krig. Tenk deg det kaoset det ville bli med krig.

Vi ottast åtak frå USA, spesielt dersom USA skulle nytte vårt territorium. Iran ville da kunne gå til åtak på oss.

Azeriske flyktningar ville strøyme til Aserbajdsjan, det kan bli ein humanitær katastrofe.

Skulle USA angripe Iran, er dette svært farleg for oss. Aserbajdsjan bør halde seg nøytral i konflikten USA-Iran.

Vi ønskjer sjølv sagt at det skal bli ei diplomatisk løysing. Blir det ei militær løysing, er vi urolege for den azeriske befolkninga i Iran.

Skulle USA komme til å bruke vårt territorium for militære operasjoner, vil Iran sende rakettar mot oss, det er hundre prosent sikkert.

Iran vil forfølgje dei som blir medlemmer av den anti-iranske koalisjonen, dei vil bli sett på som fiendar.

Dersom det blir full krig mot Iran, betyr det humanitær katastrofe i Aserbajdsjan fordi millionar av azeriar vil flykte hit.

Iran vil slå til mot oljeinstallasjonane våre.

Men vi håper på liberalisering i Iran. Og vi kan ikkje utelukke at bombing av Iran vil frigjøre dei undertrykte og føre til liberalisering i landet. Ei slik utvikling vil vere gunstig, da vil Iran slutte med å true Aserbajdsjan. Ei liberalisering i Iran inneber at azeriane vil få kulturelle rettar.

Ei tilspissing er farleg for oss, medan avspenning og liberalisering vil vere utruleg positivt. I så fall vil det bli vanskelegare for Vesten å støtte diktaturet her.

Iran er meir modent for demokrati enn kva tilfellet er med Irak og Pakistan, 20 år med religiøst diktatur har gjort iranarane skeptiske til det autoritære og totalitære.

Det vil få katastrofale konsekvensar. Vi støttar USA moralsk, men vår lengste grense er mot Iran, det har konsekvensar. Å velje side i konflikten er alvorleg.

Flyktingstraumar til Aserbajdsjan vil skape store sosiale spenningar, men det er avhengig av kva slag militær aksjon det er snakk om.

Iran har klart sagt frå om at landet vil slå til militært mot alle som allierer seg med USA.

Ein omfattande migrasjon, vi vil bli det første offer i ein slik krig.

Det vil bety slutten for USA og regionen. Mellom USA og det iranske regimet er det ikkje rom for forståing eller tolking, ikkje rom for sivilisert atferd. Sivilisasjon er at gode folk kjem saman.

Det ville vere katastrofalt for oss. Eg er overtydd om at USA-Israel vil bombe Iran. I så fall blir det andre gongen at internasjonal lov blir sett til side. Dette får negative konsekvensar for Aserbajdsjan fordi vi er avhengige av internasjonal lov. Skal vi løyse Nagorno-Karabakh-konflikten på ein fredeleg måte, er vi avhengige av internasjonal lov.

I Iran er det nå ein kampanje for sjølvmordsbombarar, ein førebur seg på krig.

Sistani i Irak er persisk. Kamikaze (japanske dødsflygarar som utførte sjølvmordsangrep med fly) i Irak er til nå stort sett sunni-muslimar, men i tilfelle USA skulle føre krig mot Iran, vil sjia-muslimane i Irak adoptere same strategi mot USA som den sunni-muslimane i Irak alt gjør inkludert sjølvmordsbombing, og sjia-muslimane i Iran vil slå seg saman med sjia-muslimane i Irak.

I Irak vann USA delvis krigen ved å betale bestikkelsar til irakske offiserar, men på grunn av det fanatiske Pasdaran vil ein neppe lykkast med denne framgangsmåten i Iran. Offiserane i Pasdaran har dessutan nok pengar, dei lar seg ikkje bestikke.

USA vil sjølvsagt prøve å spele på inter-etniske problem i Iran, men for å kunne det, må dei først påføre Koranen nederlag!!! Islam er på frammarsj over alt, jamvel i Europa.

Skulle USA gå til militæraksjon, ville grensa mellom Aserbajdsjan og Iran straks bli stengt – noe som ville bety økonomisk katastrofe for oss.

For Nakhitsjevan ville det absolutt vere katastrofalt fordi einaste vegen frå Aserbajdsjan til enklaven går gjennom iransk territorium. I tillegg er enklaven heilt avhengig av elektrisitet frå Iran.

Det vil komme store flyktingstraumar til Aserbajdsjan frå Iran. Det kan òg tenkast at Iran i ein slik situasjon vil okkupere Aserbajdsjan.

Men det kan òg komme positive endringar. Det kan bli slutten på prestestyret i landet, det ville vere draumen for da kan Iran bli sivilisert.

Endeleg er det noen som trur at sjansen er der for at Iran da går i oppløysing, og som ein konsekvens vil azeriane på begge sider av grensa slå seg saman.

Analyse

Konsekvensane av eit amerikansk (vestleg) militært åtak på Iran

Geopolitiske implikasjonar for Kaukasusområdet

Vi bad dei intervjuja filosofere over kva konsekvensane ville bli dersom USA for å stoppe det iranske atomprogrammet gjekk til militært åtak – som nabostat til Iran, er Aserbajdsjan særleg utsett i ein slik situasjon³³. Dei fleste svara gjekk ut på at det ville kunne føre til dramatiske geopolitiske endringar i heile området, at Russland til dømes ville bli meir aggressiv i sensitive grensespørsmål. Truleg ville aktørane i Kaukasusområdet i ein slik situasjon prøve å omgruppere sine posisjonar. Russland ville kunne utnytte eit USA-angrep til å ta tilbake det dei ser på som tapt territorium i Kaukasia, ”det nære utland”, som dei kallar det. Eit eventuelt angrep ville kunne gi USA ein strategisk fordel som Russland på si side ville prøve å kompensere for ved å gå til åtak på dei svake statane i området, og elles styrke sitt nærvær der dei alt er til stades, som til dømes i Armenia. Ei utvikling der Russland prøver å erstatte tapt innverknad, vil vere særdeles uheldig for Aserbajdsjan, blei det hevda, styrkt russisk nærvær i Armenia er i seg sjølv nok til å skiple militærbalansen landet nå kjenner det har i konflikten om Nagorno-Karabakh.

Fleire syntes å vere overtydde om at russarane ville prøve å rykke inn i Aserbajdsjan, og kanskje òg inn i Georgia.

Implikasjonar for Aserbajdsjan

Eit iransk åtak på Aserbajdsjan ville gi Russland påskott til å invadere landet, noe intervjuobjekta meinte var sannsynleg fordi Iran ville angripe alle USA-allierte statar i

³³ **Arak** (tungtvannsanlegg), **Isfahan** (foredling/anriking av uran), **Bushehr** (lettvannsreaktorer), **Saghand** (uranutvinning), **Natanz** (anriking av uran), **Teheran** (forskinsreaktor/forskinsanlegg).

nærområdet. Sjølv om dei intervjuia meinte at Aserbajdsjan i ein slik situasjon burde halde seg nøytralt, vedgjekk dei at det kunne bli vanskeleg fordi USA ville kunne be om støtte frå landet. Den aserbajdsjanske opinionen var imot slik støtte, men intervjuobjekta understreka at stort sett blir det ikkje tatt omsyn til kva opinionen meiner. Skulle Russland ved eit iransk angrep på Aserbajdsjan nytte sjansen til å få auka kontroll over landet, heldt overraskande nok somme av dei intervjuia fram at dei einaste som da ville kjempe imot, ville vere islamistane i Aserbajdsjan. Dette kan tyde på at det er i ferd med å danne seg eit bilde av islamistane i landet som å vere laga av heil ved med styrke og mot til å kjempe mot overmektige fiendar. Vidare blei det sagt at eit amerikansk åtak på Iran ville gi Iran påskott til å angripe Aserbajdsjan fordi dette landet står øvst på lista over det Iran oppfattar som den anti-iranske koalisjonen i området. Ein slik situasjon ville vere katastrofal for Aserbajdsjan, og intervjuobjekta meinte derfor at opinionen ville vere fullt ut innstilt på nøytralitet. Det blei òg nemnt at som ein liten og svak stat, er Aserbajdsjan avhengig av at det internasjonale samfunnet respekterer internasjonale lover. Aserbajdsjan er som Norge ein småstat, og for småstaten er internasjonal lov og reglar det småstaten grip til i kampen mot den overmektig. Eit USA-retta angrep på Iran er brot på internasjonal lov, og som alliert med USA, ville Aserbajdsjan bli medskyldig og fiendtlege aktørar i Kaukasusområdet stå friare til å angripe landet på tvers av internasjonale lover og reglar. Her ser vi igjen kor stor skepsisen er til USA. Hovudforklaringa på dette er USAs militære operasjoner i Irak, dei intervjuia drog her visse parallellear til Iran. At USA held fram at Iran tar sikte på å skaffe seg kjernevåpen til dømes, minner om den psykologiske krigføringa landet i si tid førte mot Irak og som skulle vise seg å bygge på løgner. Det blei sagt rett ut at skulle USA igjen gå til eit slikt steg, ville det bli slutten på innverknaden landet har i Kaukasusområdet. Vanskar USA står overfor i Irak, vil kunne dukke opp med større styrke i Iran. Iran er alt i ferd med å trenere opp sjølvordsbombarar klare til å møte eit åtak frå USA, blei det sagt, og at ved eit eventuelt angrep ville sjia-befolkinga i Irak utan tvil slå seg saman med sjia-muslimane i Iran og tvinge USA ut av området. I Irak kunne USA bestikke offiserane slik at landet i første omgang blei eit lett bytte, men oppfatninga var at dette ikkje ville kunne skje i Iran fordi offiserane her er av eit heilt anna kaliber og dessutan er så godt lønna at bestikkelse ikkje er aktuelt. Det at iranske offiserar, i motsetning til irakske, er ideologisk skolerte, gir høg kampmoral, særleg gjeld dette offiserane i Pasdaran. I hæren derimot er dette meir usikkert. I første omgang fekk USA drahjelp av dei interetniske spenningane i Irak, noe liknande kunne ein ikkje rekne med i Iran der Koranen er overordna alt, i så fall måtte dei påføre Koranen nederlag – eit håplaust prosjekt!

Eit iransk åtak ville i første omgang ramme aserbajdsjanske oljeinstallasjonar og røyrleidningar blei det hevda. Intervjuobjekta uttrykte mistru overfor Russland, men det interessante er at dei – trass i tidlegare russisk kolonisering av landet – har eit enda sterkare fiendebilde av Iran, det er dette landet dei ottast mest. Også i denne samanhengen blei det stadig repetert at Aserbajdsjan er gjennomsyra av iranske spionar, at det eksisterer eit nettverk organisert av iranske mullaher, og vidare at det er stor skepsis mot den nye presidenten i Iran som respondentane hevda driv krisemaksimering i området.

Men det overordna bildet er likevel at alle statane i Kaukasusområdet som tar del i det geopolitiske spelet der om makt og innverknad – i første rekke Russland, USA og Iran – får sitt pass påskrive. Aserbajdsjan kan komme til å bli ein kasteball mellom desse maktene. Respondentane ventar at ein militær intervensjon vil kunne føre til ei stokking av korta som skaper eit maktvakuum dei geopolitiske maktene vil nytte til å skaffe seg fordelar i Aserbajdsjan. Den einaste makta som går fri slike mistankar, er Tyrkia, sjølv om dette landet òg har ein sterk geopolitisk profil i området. Dette syner at Tyrkia ikkje blir sett på som alle andre statar, det er tvert om noe spesielt ved landet som gjør at det får fribillett. Dette får oss til å konkludere med at den etnisk/tyrkiske tenkinga står sterkt i Aserbajdsjan, det å vere persar blir sett på som dramatisk annleis enn det å vere tyrkar. Tyrkisk slektskap og vennskap står sterkt i respondentane si tenking.

Som vi ser går respondentane mot relativ konsensus når dei gjør seg opp ei meining om konsekvensane av eit militært åtak på Iran. I det sterkt negative bildet respondentane har av USA, er det kompakt konsensus om korleis dette landet i ein slik situasjon med tvangsmiddel vil kunne utnytte Aserbajdsjan. Det er òg kompakt konsensus når det gjeld å mistenkeleggjøre Russland og USA. Særleg desse to statane vil i ein tilspissa situasjon kunne gjøre Aserbajdsjan til offer i kampen for sine geopolitiske interesser i området. Men når respondentane meir konkret kjem inn på det dei trur kan bli konsekvensane for Aserbajdsjan, er det slutt på konsensusen. Her utkrystalliserer det seg tre relativt distinkte tankebanar eller scenario.

Scenario 1

Noen var av den oppfatninga at Iran ikkje ville våge å angripe Aserbajdsjan. Sett på bakgrunn av aserbajdsjanarane i Iran, ville aserbajdsjanske soldatar i den iranske hæren kunne gjøre opprør og motsette seg å krysse grensa for å drepe sine etniske brør. Iran som er klar over solidariteten mellom befolkninga på begge sider av grensa, vil ikkje gå inn på eit militært eventyr som landet vil vere dømt til å tape. Aserbajdsjanarane i Iran vil i ein slik situasjon

truleg gjøre opprør mot Iran. For Iran med sine store grupper av ikkje-persiske minoritetar, ville dette medføre oppløysing av den iranske staten i den form den nå har, og det ligg nær å tru at aserbajdsjanarane i Iran da ville gå inn for ei tilslutning til republikken Aserbajdsjan.

Scenario 2

Andre av dei intervjua var mest opptatt av at eit militært åtak på Iran kunne føre til store flyktingstraumar frå Iran til Aserbajdsjan. Det igjen ville kunne ende i humanitær katastrofe og skape store indre spenningar i Aserbajdsjan. Dei første symptomata på ei slik tenkt utvikling meinte desse respondentane å kunne sjå alt under feltarbeidet vårt i Baku (våren 2006).

Aserbajdsjanarar frå Iran strøymde inn til byen, og oppfatninga var at dei i tilfelle krig ville skaffe seg fotfeste i Baku. Det mest handfaste ”beviset” på dette var at prisane på eigedommar i Baku steig i takt med det dei meinte var aukande krigsfrykt i Iran. Samanhengen her blei forklart med at mange iranrarar med aserbajdsjansk bakgrunn var føre var, og alt nå drog til Baku og kjøpte leilegheiter dei kunne flykte til i tilfelle krig i Iran. Det blei nemnt at av omsette leilegheiter våren 2006, var ca. 10 % kjøpt av aserbajdsjanarar frå Iran. Dette var noe heilt nytt og var med på å drive eigedomsprisane opp. Denne utviklinga meinte respondentane var eit varsel om kva som ville skje dersom noen skulle gå til krig mot Iran.

Flyktingstraumen frå Iran ville bli enorm, ein million flyktningar var eit tal som blei nemnt. Det blei stadig vist til at fluktmulighetene langs den lange grensa mellom Aserbajdsjan og Iran, var mange. I tilfelle krig ville grensa mellom dei to landa truleg bli stengt, men Iran ville ikkje kunne hindre flyktingstraumen mot Aserbajdsjan, flyktningar som ville skade aserbajdsjansk økonomi. Nakhitsjevan ville bli særleg hardt ramma fordi befolkninga der for å komme til Aserbajdsjan, må reise gjennom iransk territorium. All elektrisitet i Nakhitsjevan kjem dessutan frå Iran. Slik dei intervjua såg det, ville ei uunngåeleg og omfattande innvandring frå Iran til Aserbajdsjan skape sosiale spenningar og kaos i landet som ville ende i humanitær så vel som politisk katastrofe.

Scenario 3

Det kom overraskande på oss at noen av intervjuobjekta såg for seg at i kjølvatnet av eit amerikansk åtak, kunne utviklinga i Iran komme til å gå i positiv lei. Den same tankegangen kom til uttrykk under feltarbeidet vårt i Iran³⁴. Destabilisering som ein konsekvens av militære åtak mot Iran, meinte respondentar i Iran kunne skape nye muligheter for ei

³⁴ Nupi-rapport nr. 277 2003

demokratisk utvikling i landet. Demokratikreftene både i Iran og Aserbajdsjan ville kunne få ein ny sjanse, meinte intervjuobjekta, som understreka at fordi Iran var langt framme i demokratisk tenking, kunne landet på ingen måte samanliknast med Irak som – da USA gjekk til angrep – ikkje hadde noe sivilt samfunn, ytringsfridom eller skolering i demokrati. Oppfatninga var at Iran var modent for demokrati, og at eit amerikansk åtak kunne vere det som skulle til for å få det upopulære prestediktaturet til å vakle, demokratiet – ei styreform dei fleste iranarar er tilhengrarar av ifølge respondentane våre – ville få sin sjanse. Slik dei intervjua såg det, ville dette òg ha innverknad på utviklinga i Aserbajdsjan fordi Vesten da ville ha vanskar med stillteiande å støtte diktaturet i Aserbajdsjan slik tilfellet er nå, eit demokratisk Iran ville automatisk skape betre klima for demokrati i området, Vesten ville bli tvinga til tydlegare å støtte kampen for demokrati og menneskerettar. Dette siste poenget har mye til felles med utsegner iranske respondentar kom med under feltarbeidet i Teheran i 2003 da vi spurde om konsekvensane av eit eventuelt amerikansk åtak mot Irak. Noen av våre iranske respondentar såg da for seg at eit amerikansk åtak ville avskaffe diktaturet, og at det på krigsruinane ville oppstå eit nyfødt iraksk demokrati. I dag synest denne tenkinga ikkje å vere noe meir enn ein vakker draum, men på det tidspunktet var det mange som sette si von til nettopp ei slik utvikling fordi dette var noe av kjernen i USAs psykologiske krigføring. På same måte gir våre aserbajdsjanske respondentar i 2006 uttrykk for at eit militært åtak på Iran, kan føre til at landet får demokrati, at eit militært åtak frå USA nettopp vil vere det Iran treng for å gjøre slutt på middelalderstyret i landet, Iran vil igjen kunne bli eit ”sivilisert” land. Eit demokratisk Iran vil ha ein spillover-effekt på Aserbajdsjan og trekke dette landet òg i demokratisk retning.

Del av denne aserbajdsjanske ønsketenkinga er at med ei demokratisk utvikling i Iran, ville aserbajdsjanarane få igjen sine kulturelle rettar, dei ville få dyrke sin etniske bakgrunn og språk, og store delar av den iranske befolkninga ville i sterkare grad identifisere seg med det tyrkiske og dermed styrke banda til Aserbajdsjan.

VEDLEGG I

LIST OF INTERVIEWEES

POLITICIANS

- 1 **Irkin Qadirov**
Professor Baku State University. Member of Board Soros foundation-Azerbaijan
- 2 **Yashar Gurbanov**
Deputy head of Abubakr Mosque (Salafi Mosque), Abubakr Mosque Liaison. Sunni, From Zagatala city. Educated in Medina Islam University
- 3 **Tahir Kerimly**
Chairman Vahdat party (Unity). Former Chief Justice (in Elchibey's time). Education – Legal. Call himself Democrat. Not in favor of Turkism and Elchibey's Folk. Ethnic origin – Azerbaijani Turk
- 4 **Sardar Jalal oglı**
Secretary General Democratic Party (headed by Rasul Guliyev), national democrat. Ethnic origin – Azerbaijani Turk.
- 5 **Panah Husseynov**
Member of Parliament. Chairmen Peoples Party. Former Prime Minister (in Elchibey's time). One of the Founders of Popular Front. Historian. Member of the Parliament. Shares Liberal, Nationalistic, Islamist and Populist ideas. Ethnic origin – Azerbaijani Turk
- 6 **Ramiz Axmedov**
Chairmen, Azerbaijan Communist Party, philologist, journalist. District Manager (Secretary) of Communist Party in Gabala and Evlakh regions during USSR. Former Editor in Chief, Communist Newspaper (main governmental paper in former USSR). Pro Russian and anti-Western minded. Has a good links with Russian Communist Party. Ethnic origin – Azerbaijani Turk

INTELLECTUALS, NGO AND MASS-MEDIA CAPTAINS

- 7 **Rauf Talishinski**
Editor in Chief, "ECHO", popular Russian language newspaper in Azerbaijan. Liberal minded
- 8 **Hikmet Hadjy-zadeh**
Vice President, FAR CENTER. Member of the Board and Head of Analytical Department, Musavat Party. Liberal minded. Ethnic origin – Azerbaijani Turk
- 9 **Isakhan Ashurov**

Chairman, League of Independent Lowers. Human Rights defender. Former Police Colonel (1992–1993). Member of Musavat Party. Open minded person. Ethnic origin – Azerbaijani Turk

10 **Vagif Sefikhanov**

Professor Baku State University. Chief Analyst, RISK Computer Software Company. Liberal minded. Ethnic Origin – Azerbaijani Turk

11 **Elkhan Mehdiyev**

Political analyst, Chairman, Peace and Conflict Resolution Center. Liberal minded person. Ethnic origin – Azerbaijani Turk

12 **Sabit Bagirov**

President, THE FAR CENTRE. Chairman Transperancy International – Azerbaijan. One of the founders of the Popular Front. Former Chairmen of State Oil Company (in Elchibey's time). Former Member of Musavat Party. Economist. Liberal minded. Ethnic origin – Azerbaijani Turk

13 **Dr. Hasan Gulyev**

Chief Analyst, Turan Information Agency. Doctor of Philosophy. Liberal minded. Ethnic origin – Azeri Turk

14 **Leyla Yunus**

Chairman, The Peace and Democracy Institute. One of the founders of Popular Front. Former Chief of National Army Information Service (in Elchibey's time). Ethnic origin – Azerbaijani Turk

15 **Isa Qambar**

Chairman Musavat Party. Main oppositional candidate for Presidency in 2003. Former Speaker of the Parliament. Right Wing politician, shares some liberal and some nationalistic ideas. Historian, former research fellow to Institute of Oriental Studies. Ethnic origin – Azerbaijani Turk

16 **Ali Kerimov**

First Deputy Chairman of the Popular Front. Right Wing politician, shares some liberal and some nationalistic ideas. Leader of informal “Yurd” organization. Member of the Parliament. Education – Legal. Ethnic origin – Azerbaijani Turk

17 **Lala Shovket Hadjieva**

Chairmen Liberal Party and “National Unity” Movement. Former State Secretary of Azerbaijan (Haydar Aliyev's first president years 1993-1995). Allegedly liberal. Ethnic origin – Azerbaijani Turk

18 **Leyla Aliyeva**

Political Analyst. Psychologist

19 **Reshad Shirinov**

President of the Alumni Association Baku

20 **Ilgar Ibrahimoglu**

Chairman of DEVAMM. Iman of (independent) Juma Mosque Religious Community. Moderate Shia. Muslim-democrat. Religious rights defender (of Muslims and non-Muslims). Consider himself and his community as a part of all-national movement for democracy. Has good relations with the Western human rights crowd. In favor of Western democracy, freedom of religion. In favor of good Azerbaijani-Iranian Relations. Ethnic origin - Azerbaijani Turk

21 **Zardusht Ali-zadeh**

Co-Chairman, Social Democratic Party. (shares this position with his brother Araz Alizadeh). One of the founders of the Popular Front Movement. Later founded SDP. Education - Oriental Science. Advocates for good relations with Iran and Russia. Antiturkik minded, in favor of Mutallibov

LITTERATUR

“Azerbaijani Youth: Things are going well, but problems are not being resolved”. Results of the National Poll on Social and Moral State of Azerbaijani Youth. Unpublished manuscript by Far Centre, Baku 2007

Asgharzadeh, Alireza (Sept 25 2006) “Farstoxication: A Colorful Charming Snake”, *Baku Today Net*, <http://www.bakutoday.net/view.php?d=10307>

Atabaki, Touraj (2000) *Azerbaijan. Ethnicity and the Struggle for Power in Iran*, New York: I.B. Taurus

Brown, Cameron S. (Autumn 2004) “Wanting to Have Their Cake and Their Neighbour’s Too: Azerbaijani attitudes towards Karabagh and Iranian Azerbaijan”, *Middle East Journal* 58(4):576–596

Cornell, Svante E. (Jan 1998) “Iran and the Caucasus” *Middle East Policy* 5(4):51–67

Khamenei, Sayyid Ali (Febr 17 2007) Speech to the Residents of the Eastern Azarbaijan Province, <http://www.khamenei.ir/EN/Speech/detail.jsp?id=20070217A>

Kuliev, Elmira (2005) “Azerbaijan: Iranian Vector of Religious Revival”, *Central Asia and the Caucasus* No. 5(35) pp 134–139

Laciner, Sedat and Turgut Demirtepe (Spring 2004) “Nationalism as an Instrument in a Socialist Foreign Policy: The Southern Azerbaijan Problem in Soviet-Iranian Relations”, *The Review of International Affairs* 3(3):443–457

Nasibzade, Nasib Winter (1998) “The Azeri Question in Iran: A crucial issue for Iran’s Future”, *Caspian Crossroads* 3(3):1–4

Riaux, Gilles (janvier–juin 2004) “La Radicalisation Des Nationalistes Azeris En Iran”, *Cahiers d’études sur la Méditerranée orientale et le monde turco-iranien*, No 37

Riaux, Gilles (juillet–décembre 2004) ”Être Jeune Militant Nationaliste Azéri en Iran”,
Cahiers d'études sur la Méditerranée orientale et le monde turco-iranien, No 38 pp 205–233

Rubin, Alissa J. (June 2007) “Shiite Rivalries Slash at a Once Calm Iraqi City”, *The New York Times*

Shaffer, Brenda (2000) “The Formation of Azerbaijani Collective Identity in Iran”,
Nationalities Papers 28(3):449–477

Shaffer, Brenda (2002) *Borders and Brethren. Iran and the challenge of Azerbaijani Identity*. Cambridge and London: The MIT Press

Souleimanov, Emil (June 14 2006) “The “Cartoon Crisis “ Iranian Azerbaijan: Is Azeri Nationalism Underestimated”, Central Asia-Caucasus Analyst. Central Asia – Caucasus Institute, John Hopkins University <http://www.cacianalyst.org/view>

Souleimanov, Emil and Ondrej Ditrych (Summer 2007) “Iran and Azerbaijan: A Contested Neighborhood”, *Middle East Policy* 14(2):101–116

Publikasjoner fra NUPI



Internasjonal politikk kommer fire ganger i året, er fagfellevurdert og regnes som det fremste tidsskriftet i Norden på sitt område. Når store begivenheter endrer det internasjonale landskapet, når skillene mellom nasjonal og internasjonal politikk viskes gradvis ut eller når norsk utenrikspolitikk endres, ønsker Internasjonal politikk å være helt i front med å utforske denne utviklingen. Tidsskriftet publiserer fagartikler, debatt og essays både fra Norge og nabolandene.

Abonnement: NOK 360 | abonnement utenfor Norden: NOK 480 | løssalg: NOK 115 porto/postal charge

Nordisk Øst·forum kommer fire ganger i året og er det ledende skandinaviskspråk-lige tidsskriftet på sitt felt. Tidsskriftets ambisjon er å dekke politisk og samfunnsmessig utvikling i en region i stadig rask endring – Sentral- og Øst-Europa og det postsovjetiske området. Tidsskriftet opererer med fagfellevurdering og publiserer fagartikler, essays og bokomtaler.

Abonnement studenter: NOK 285 | abonnement privatpersoner: NOK 350 | institusjoner: NOK 470
enkelthefter: NOK 115 porto/postal charge

Hvor hender det? er artikkelseriens som – i konsentrert og forenklet form – gir deg økt innsikt i internasjonale spørsmål. I mange sammenhenger har vi behov for kortfattet framstilling av konflikter og samarbeid, prosesser, utfordringer og utviklingstrekk i det internasjonale samfunnet. HHD fyller dette behovet. HHD finner du også på Internett – nær 150 artikler fra tidligere årganger, men aldri inneværende årgang.

Gruppeabonnement (10 eller flere): NOK 80/ab. | enkeltabonnement: NOK 280 | enkeltabonnement utenfor Norge: 380

Forum for Development Studies har i mange år vært Norges ledende tidsskrift innenfor utviklingsforskning. I senere år har det mer systematisk henvendt seg til beslektede miljøer i Norden med sikte på å bli et Oslo-basert internasjonalt tidsskrift. Siktemålet er å forbedre kvaliteten på norsk og nordisk forskning på utvikling, nord-sør-forhold og bistand. Samtidig ønsker redaksjonen å formidle resultater fra forskningen og stimulere til debatt.

Abonnement: NOK 250 | abonnement utenfor Norden: NOK 330 | løssalg: NOK 140 porto/postal charge

For mer informasjon om publikasjonene:

Norsk Utenrikspolitisk Institutt Postboks 8159 Dep. 0033 Oslo
Tel.: [+47] 22 99 40 00 | Fax: [+47] 22 36 21 82 | Internett: www.nupi.no | E-post: pub@nupi.no